



**Masteroppgåve**

NTNU  
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet  
Det humanistiske fakultet  
Institutt for historie og klassiske fag

Susann Anett Pedersen

## I kjølvatnet av staðamál

Årsaker til konflikt mellom 'lek og lærd' på Island ca 1297-1390



Masteroppgåve i historie

Trondheim, hausten 2012

# I kjølvatnet av *staðamál*

Årsaker til konflikt mellom 'lek og lærd' på Island ca 1297-1390

Susann Anett Pedersen

Masteroppgåve i historie  
Institutt for historie og klassiske fag  
NTNU  
Trondheim hausten 2012

Omslagsbilete:

© The Árni Magnússon Institute, Reykjavík

Frå AM 127 4to

Fotograf: Jóhanna Ólafsdóttir



## Forord

Ein tidleg morgon om lag ei veke før masteren skulle leverast snudde eg meg mot sidemannen på lesesalen og spurte om det var ”i morgon det skulle vere bispeval?” Det eg meinte å spørje om var tidspunktet for det amerikanske presidentvalet. Etter å ha opphaldt meg på 1300-talets Island saman med biskopar, stormenn og ikkje så reint få kvalar i to og eit halvt år, vendar eg no attende til samtida. I løpet av mi tid som masterstudent har eg lært mykje både om historiefaget og meg sjølv, og det er med stoltheit og glede eg no seier meg ferdig med denne oppgåva.

Det er mange som fortener takk i samband med masteroppgåva mi. Først og fremst vil eg takke min rettleiar, Randi Bjørshol Wærdahl, for grundige tilbakemeldingar, inspirerande samtalar og motiverande ord. Dessutan vil eg takke to av mine akademiske førebilete, Solrun og Heidi Anett, for gode samtalar, samt Atle for å ha teke på seg arbeidet med å lese korrektur. Eg vil takke alle studiekameratar for minnerike år. Særskild vil eg takke Lisa, for godt venskap og motiverande innspel. Vidare vil eg rette ein takk til alle i historiegjengen og i faddergruppa, til Anne Lene, Lilliane, Henriette, Steffen, Ingrid, Esben og Helene. Terje skal ha ein stor takk for at han er den fantastiske og tålmodige mannen han er.

Sist men ikkje minst vil eg takke familien min. Særskild vil eg rette ein stor takk til mamma og pappa som alltid har vore der for meg. Utan dykk hadde dette aldri gått.

Susann Anett Pedersen

Trondheim 15.11.2012



## Forkortingar

Asb	Árna saga biskups
DI	Diplomatarium Islandicum
DN	Diplomatarium Norvegicum
Grg	Grágás
IA	Islandske annaler indtil 1578
ÍA	Íslenzkar ártíðaskrár
ÍÆ	Íslenzkar æviskrár
Jb	Jónsbók
KÁÞ	Kristinréttir Árna Þorlákssonar
KLNM	Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder
Lsb	Laurentius saga biskups



<b>1. Innleiing.....</b>	<b>1</b>
1.1 Emnet .....	1
1.2 Forskingsstatus .....	2
1.3 Problemstilling og avgrensing.....	5
1.4 Kjeldene og kjeldekritiske utfordringar .....	7
<b>2. Kyrkja og det islandske samfunnet .....</b>	<b>12</b>
2.1 Grunnlegging, godar og gevinst - etableringa av kyrkja på Island .....	12
2.1.1 Island vert kristna .....	12
2.1.2 Godekyrkja – den islandske eigenkyrkja.....	14
2.1.3 Kyrkjeorganisasjonen veks fram – grunnlegginga av bispesete og kloster.....	15
2.2 Universalkyrkjelege krav gjer seg gjeldande på Island.....	17
2.3 Frå godekyrkje til bispekyrkje.....	19
2.3.1 Godane sitt grep om kyrkja svekkast .....	19
2.3.2 Frå to kristenrettar til ein einaste lovleg – vegen mot lovtakinga av <i>Kristinrétr Árni Þorlákssonar</i> for heile landet i 1354 .....	23
2.4 Verdslege stormenn og deira grep om den islandske kyrkja.....	24
<b>3. Bispekandidaten – motstridande ideal som årsak til konflikt?.....</b>	<b>26</b>
3.1 Var biskopen sin fødestad av betydning?.....	26
3.1.1 Spørsmålet om nasjonalitet .....	27
3.1.2 Eit ønske om å vinne attende valretten til bispeseta?.....	31
3.2 Erkesetet sin kjennskap til islandske forhold .....	33
3.3 Kompetanse og karriere kontra islandske 'ideal' .....	36
3.3.1 Biskopane valt i Nidaros – kompetanse og karriere.....	36
3.3.2 Var biskopane kvalifiserte i islendingane sine auge?.....	40
3.4 Biskopen sin fødestad og hans føresetnad for kjennskap til islandske forhold.....	42
<b>4. Mellom sedvane og ny kristenrett – tiendkonfliktar mellom biskopar og verdslege stormenn.....</b>	<b>43</b>
4.1 Den islandske tiendordninga .....	43
4.2 Fattigtienda.....	45
4.2.1 Konfliktar om fattigtienda og fattigdelen av deltienda .....	45
4.2.2 Reppen og stormennene si stilling vert utfordra .....	47
4.3 Preste- og kyrkjetienda.....	51
4.3.1 Vart Sættargjerda på Avaldsnes overhalde? Biskop Audun raude Torbergsson ....	51
4.3.2 Lovtakinga av <i>Kristinrétr Árna Þorlákssonar</i> i 1354 – endeleg kyrkjeleg siger? .....	54
4.4 Kva stod eigentleg på spel? .....	58



<b>5. Konflikter mellom biskopane og lokale geistlege institusjonar .....</b>	<b>62</b>
5.1 Korleis vart konfliktane handtert av Hólarbiskopane? .....	62
5.1.1 Strida om Möðruvellir .....	62
5.1.2 Hólarbiskopane i strid med klosteret på Þingeyrar .....	67
5.2 Verdslege stormenn si deltaking i konfliktane .....	70
5.2.1 Klostera sine støttespelarar .....	70
5.2.2 Biskopane sine støttespelarar .....	74
5.3 Klostermurane – eit skilje mellom geistleg og verdsleg sfære? .....	77
<b>6. Årsaker til konflikt i kjølvatnet av <i>staðamál</i> .....</b>	<b>80</b>
<b>Bibliografi .....</b>	<b>I</b>
Kjelder .....	I
Oppslagsverk .....	I
Litteratur .....	I

# 1. Innleiing

## 1.1 Emnet

I 1297 vart Sættargjerda på Avaldsnes inngått. Den sette ein sluttstrek for strida som både i samtid og i ettertid har vorte kalla *staðamál*.<sup>1</sup> Dette var ei strid som hadde prega store delar av islandsk høgmellomalder, og som dreidde seg om råderetten over dei islandske eigenkyrkjene: stadane. På kvar si side i konflikten stod biskopane og stormennene på Island, og medan stormennene meinte dei hadde krav på stadane gjennom arv kjempa biskopane for å lausrive kyrkjene frå verdsleg kontroll. Biskopane sin kamp var ein del av ei universalkyrkjeleg reformrørsle som spreidde seg gjennom Europa i høgmellomalderen, og som hadde kyrkjeleg frigjering frå verdsleg kontroll som fremste krav.

For verdslege stormenn på Island var dette kravet potensielt katastrofalt. Alt sidan kristninga av landet i 999/1000, grunnlegginga av dei første kyrkjene og etableringa av bispesete og kloster, hadde stormennene hatt ein fot godt planta innanfor kyrkja. Etter kvart som reformrørsla gjorde seg gjeldande vart grepet deira om kyrkja stadig utfordra. Fram til 1238 hadde islandske stormenn sjølve valt biskopar til dei to bispeseta i landet, Skálholt og Hólar, men no tok erkesetet i Nidaros over valretten. I tida som følgde vart det plassert biskopar på Island med klare reformfremjande motiv, og som tok opp kampen om stadane. Strida kulminerte under embetsperioden til biskop Árni Þorláksson i Skálholt (1269-1298), som altså pressa dei verdslege stormenne til forlik i 1297.<sup>2</sup> Ved dette forliket måtte begge partar gjere innrømmingar. Biskopane sikra seg råderetten over stadane medan dei verdslege stormennene på si side fekk rett på dei stadig rikare bondekyrkjene. Men kven var det eigentleg som gjekk sigrande ut av denne avtalen?

Temaet for denne oppgåva er kva konsekvensar *staðamál* fekk for maktforholdet mellom biskopar og verdslege stormenn i tida som følgde Sættargjerda på Avaldsnes i 1297. Eg vil vise på kva måte og i kor stor grad verdslege stormenn fortsette å ha eit godt grep om kyrkja også utover 1300-talet. Som etterkomarane av grunnleggjarar av både kyrkjer og kloster hadde stormennene stor interesse innanfor kyrkja. Denne interessa streid nødvendigvis mot biskopane sine krav om kyrkjeleg lausriving frå verdsleg kontroll og førte til konflikhtar mellom biskopar og verdslege stormenn. I historieskrivinga har desse tidvis vorte knytt til ein

---

<sup>1</sup> Eg har i denne oppgåva valt islandsk skrivemåte på *staðamál*, men vil nytte norsk skrivemåte i omtale av stadane (norr. *staðr* pl. *staðir*).

<sup>2</sup> Eg har valt å nytte islandsk skrivemåte på islandske namn og norsk skrivemåte på norske namn, for på denne måten betre markere kven som er islandsk av fødsel og kven som er norsk.

islandsk motstand til 'utlandske' biskopar, men ved å sjå nærare på konfliktane som oppstod vil eg vise at konfliktane grunna i andre årsaker.

## 1.2 Forskingsstatus

Den islandske historieskrivinga frå første halvdel av 1900-talet bar preg av nasjonsutviklinga og kampen for fridom som gjekk føre seg i perioden.<sup>3</sup> Island var gjennom store delar av mellomalderen og fram til frigjeringa i 1944 underlagt andre nordiske land, først Noreg og deretter Danmark, og som ein del av nasjonsbyggingsprosessen vart historieskrivinga eit viktig middel for å legitimere landet sitt sjølvstende.<sup>4</sup> Fokuset i nasjonalhistoria var på landet sin såkalla gullalder, Fristatstida (930-1262/64), og fokuset var på det som var spesielt for Island.

Innanfor kyrkjehistoria har ein mellom anna fokusert på korleis kyrkja i seinmellomalderen mista sitt nasjonale preg ved å nærme seg den internasjonale kyrkja.<sup>5</sup> Mellom anna vart det sett på som eit vonde for den islandske kyrkja at erkesetet i Nidaros tok over valretten til dei islandske bispeseta i 1238.<sup>6</sup> Fram til dette tidspunktet hadde det vore islendingar som heldt bispeembeta, men frå 1238 og fram til pavemakta tok over valretten til bispeseta i 1382/91, vart fleire nordmenn vigsla som biskopar til Skálholt og Hólar. Jón Helgasson argumenterar i sitt verk *Islands kirke fra dens Grundlæggelse til Reformationen* for at desse utlandske biskopane ikkje var skikka til embetet.<sup>7</sup> Dette skal ha grunna i manglande kjennskap til forholda ved dei islandske bispeseta både hjå biskopane sjølve og hjå valorganet. Hjå Jón Helgasson vert alle biskopar som ikkje var islandske omtala som "utanlandske". Dette samsvarar ikkje nødvendigvis med korleis islendingane sjølve oppfatta naboane sine i samtida, då det ser ut til at ein innanfor Noregsveldet ikkje oppfatta kvarandre som utlendingar på same måte som dei som kom frå andre riker.<sup>8</sup>

---

<sup>3</sup> Jón Viðar Sigurðsson: "Tendencies in the Historiography on the Medieval Nordic States (to 1350)", tilgjengeleg på <http://www.cllohworld.net/onlread/5/28.pdf>, sist besøkt 10.11.12: 5.

<sup>4</sup> Den utbreidde tanken i tida var at alle eksisterande emne, institusjonar og idear måtte kunne grunngje og forklare rettferdigginga for sin eksistens gjennom historia. Om ein stat hadde opphav i mellomalderen vart staten sin eksistens sett på som ei historisk sanning. Derfor vart skrivinga av nasjonalhistoria ein viktig del av nasjonsutviklinga (Miroslav Hroch, "Europeisk nasjonalhistorie" i *Jakten på det norske*, Øystein Sørensen (red.), Oslo 2007:218).

<sup>5</sup> Jón Viðar Sigurðsson, "Noen hovedtrekk i diskusjonen om det islandske middelaldersamfunn etter 1970" i *Collegium Medievale* vol. 18 2005a: 106-143.

<sup>6</sup> Jón Helgason, *Islands kirke fra dens Grundlæggelse til Reformationen*, København 1925 og Jón Jóhannesson, *Íslendinga saga I. Þjóðveldisöld*, Almenna bókafélagið 1956

<sup>7</sup> Jón Helgason 1925:199

<sup>8</sup>Randi B. Wærdahl: *The Incorporation and Integration of the King's Tributary Lands into the Norwegian Realm c. 1195-1397*, Leiden/Boston 2011: 200.

Historikaren Jón Jóhannesson fylgde på midten av 1950-talet i Jón Helgasson sine fotspor. I andre bind av sitt verk *Íslendinga saga* tek Jón Jóhannesson føre seg *staðamál* fram til Sættargjerda på Avaldsnes i 1297, men etter dette gjer han eit stort hopp i tid. Kyrkjehistoria fram til 1382, då valretten til bispeseta vart flytta frå erkesetet i Nidaros til pavemakta, er nemnd berre i nokre få setningar.<sup>9</sup> Denne perioden kjem også i skuggen av åra som følgde 1448, då islendingane tok attende valretten.<sup>10</sup> Det nasjonale fokuset i framstillinga fører dermed til at kyrkja på 1300-talet ikkje vart nærare undersøkt, sjølv om Jón Jóhannesson ser ut til å ha hatt sterke meiningar om biskopane som sat på dei islandske bispeseta i perioden.

På 1970-talet vart det gjort eit oppgjær med den nasjonalromantiske historieskrivinga. Historikaren Magnús Stefánsson drøfta mellom anna innsetjinga av nordmenn på dei islandske bispestolane og meiner at det ikkje var nokon nasjonal agenda bak innsetjinga, men at kandidatane vart valt ut i frå ad-hoc-omsyn i kvart enkelt tilfelle.<sup>11</sup> Den neste generasjonen historikarar valde å ikkje nytte omgrepet ”utlendingar” på norske biskopar, men nytta dette om dei biskopane som vart valt til bispeseta etter 1382, som verken var islandske eller norske.<sup>12</sup> Endringane i omgrepsinnhaldet speglar soleis endringar i historikarane sine haldningar. Likevel finst det framleis tendensar i historieskrivinga til å argumentere for ei islandsk motvilje til norske biskopar i perioden.<sup>13</sup>

Dette har truleg samanheng med at det har vorte gjort lite forskning på den islandske kyrkja i perioden som følgde *staðamál*. Det meste av forskinga på islandsk kyrkjehistorie omhandlar tida fram til 1300, og følgjer dermed tidsmessig det tradisjonelle fokuset innanfor forskinga.<sup>14</sup> Jón Viðar Sigurðsson argumenterar til dømes i sitt artikkelbidrag til *Kirkens skip på norrønt hav. The Church sailing in Norse waters* (2003) for at det var i perioden 1152-1300 at kyrkja på Island vart ein integrert del av den europeiske kyrkja.<sup>15</sup> Sjølv om han vidare viser at det først var i andre halvdel av 1300-talet at reforma verkeleg fekk gjennomslag, vert altså

---

<sup>9</sup> Jón Jóhannesson, *Íslendinga saga II. Fyrirlestrar og ritgerðir um tímabilið 1262-1550*, Almenna Bókfélagið 1958: 110-121.

<sup>10</sup> Jón Jóhannesson 1958: 122-136.

<sup>11</sup> Magnús Stefánsson, ”Frá goðakirkju til biskupskirkju” i Sigurður Lindal (red.) *Saga Íslands III*, Reykjavík 1978: 116.

<sup>12</sup> Jon Vidar Sigurdsson, ”Island og Nidaros” i Imsen (red.), *Ecclesia Nidrosiensis 1153-1537 – Søkelys på Nidaroskirkens og Nidarosprovinsens historie*, Trondheim 2003a:133.

<sup>13</sup> Eg vil diskutere desse tendensane i kap. 3.1.

<sup>14</sup> Sjå til dømes Orri Vésteinsson: *The Christianisation of Iceland. Priests, Power, and Social Change 1000-1300*, Oxford 2000, Helgi Þorláksson (red.): *Church Centres. Church Centres in Iceland from the 11<sup>th</sup> to the 13<sup>th</sup> Century and their Parallels in other Countries*, Reykholt 2005.

<sup>15</sup> Jón Viðar Sigurðsson: ”Iceland and Niðarós c. 1152-1300” i F. Wagle (red.) *Kirkens skip på norrønt hav. The Church sailing in Norse waters*, Trondheim 2003b.

ikkje første halvdel av hundreåret behandla. Fokuset i tid har dermed ført til eit hol i forskinga.

Den grundigaste gjennomgangen av utviklinga innanfor kyrkja i perioden etter Sættargjerda på Avaldsnes i 1297 er gjort av Magnús Stefánsson i hans bidrag til *Saga Íslands III*, ”Frá goðakirkju til biskupskirkju”.<sup>16</sup> Her tek han føre seg strida som leidde fram til Sættargjerda på Avaldsnes, men tek også føre seg konsekvensane av *staðamál*, og viser at det framleis etter 1297 stod att å setje Sættargjerda ut i live. I undersøkingane sine tek han utgangspunkt i forholdet mellom verdslege og geistlege aktørar; i hovudsak mellom biskopane på Island, erkebiskopane i Nidaros og den norske kongsmakta. Magnús Stefánsson viser i denne undersøkinga altså korleis eksterne faktorar set sitt preg på kyrkja si utvikling på Island, medan han i mindre grad fokuserar på interne forhold.

Gunnar F. Guðmundsson har følgd i Magnús Stefánsson sine fotspor og gjort ei undersøking av kyrkja på Island på 1300-talet i verket *Íslenskt samfélag og Rómakirkja*.<sup>17</sup> I tillegg til fokuset på forholdet mellom kyrkje og kongemakt har han mellom anna sett nærare på kyrkja i landet og organiseringa av henne, i tillegg til å undersøkje korleis kristendommen prega liva til folk i mellomalderen. Gunnar F. Guðmundsson viser i dette verket fleire sider av kyrkjehistoria enn forholdet til kongemakta, og fokuserar meir på indrekyrkjelege forhold.

Kyrkjehistorie har i lang tid vore eit mindre utforska fagfelt innanfor historia, men i den siste tida har det kome fleire bidrag til forskinga.<sup>18</sup> I tillegg til å fokusere på indrekyrkjelege forhold har fleire historikarar dessutan fått vekk frå det tradisjonelle fokuset på tida før 1300. Solrun Hommedal har i si masteroppgåve frå 2010 gjort ei grundig undersøking av offisiellembetet i Noreg og på Island i perioden 1290-1458.<sup>19</sup> Erika Ruth Sigurdson har i si doktorgradsavhandling frå 2011, *The Church in Fourteenth-Century Iceland. Ecclesiastical Administration, Literacy and the Formation of an Clerical Identity*, gjort ei studie av framveksten av ei geistleg elite på 1300-talet.<sup>20</sup> Sjølv om ho med denne undersøkinga kastar nytt lys over konsekvensane av *staðamál* for kyrkja, står det framleis att å undersøkje konsekvensane Sættargjerda på Avaldsnes hadde for dei verdslege stormennene

---

<sup>16</sup> Magnús Stefánsson 1978.

<sup>17</sup> Gunnar F. Guðmundsson, *Íslenskt samfélag og Rómakirkja, Kristni á Íslandi II*, Reykjavík 2000.

<sup>18</sup> T.d. S. Imsen (red.) *Ecclesia Nidrosiensis 1153-1537. Søkelys på Nidaroskirkens og Nidarosprovinsens historie*, Trondheim 2003. I si masteroppgåve frå 2008, *Kirkens frihet. Biskop Arne som Islands reformator*, presenterar Heidi Anett Beistad ein ny innfallsvinkel til det kyrkjelege reformarbeidet på Island ved å ta føre seg rettsspørsmålet.

<sup>19</sup> Solrun Hommedal, *Dom og dommere. En undersøkelse av offisiellembetet i Norge og på Island 1290-1458*, mastereoppgåve i historie, Trondheim 2010.

<sup>20</sup> Erika Ruth Sigurdson: *The Church in Fourteenth-Century Iceland. Ecclesiastical Administration, Literacy, and the Formation of an Elite Clerical Identity*, doktorgradsavhandling frå Leeds 2011, upublisert.

sin vedvarande kontroll over kyrkja i den følgjande perioden. I ein komande artikkel vil Helgi Þorláksson gje eit nytt bidrag til forskinga på konsekvensane av *staðamál* ved å vise at tapet av kontrollen over stadane ikkje nødvendigvis var så øydeleggjande for verdslege stormenn som ein tidlegare har gått ut frå.<sup>21</sup>

I internasjonale forskning har det dei siste åra vore eit aukande fokus på reformrørsla sine utslag på lokalnivå. I større grad enn å undersøkje biskopane som aktørar på eit høgare politisk plan, har ein vendt blikket innover i bispedømet og undersøkt biskopane innanfor ramma av lokalmiljøet sin økonomiske og sosiale struktur.<sup>22</sup> Biskopane måtte i stor grad lære seg å balansere motstridande krav og interesser hjå kyrkjelege overhovud og lokale fyrstar, og embetsføringa til biskopane tok nødvendigvis farge av dette. Sidan konfliktar med lokale geistlege og lokale fyrstar, administrative oppgåver og oversyn med både kyrkjer og kloster gjorde seg meir direkte gjeldande enn både erkebiskopen og kongemakta sine krav og impulsar, vart lokale omsyn gjerne tonegjevande for biskopane si embetsføring.<sup>23</sup> Historikaren John Eldevik argumenterar i verket *Episcopal Power and Ecclesiastical Reform in the German Empire. Tithes, Lordship, and Community, 950-1150* for at biskopane var avhengig av å samarbeide med og sikre seg støtte frå dei familiane og personane i lokalsamfunnet som styrte den lokale økonomien i si embetsføring.

Sjølv om desse nye innfallsvinklane til biskopane sitt reformarbeid tek utgangspunkt i europeiske forhold og ikkje har direkte overføringsverdi til islandsk kyrkjehistorie, vil eg drage inn relevante poeng frå desse diskusjonane i arbeidet mitt. Særskild vil eg drage inn John Eldevik sine konklusjonar i mine diskusjonar, då desse kan vere med på å kaste eit nytt lys på biskopane sitt arbeid med å lausrive kyrkja på Island frå verdsleg grep på 1300-talet.

### 1.3 Problemstilling og avgrensing

På grunn av fokuset på forholdet mellom kyrkje- og kongemakt i tidlegare historieskriving, har ofte biskopane på Island vorte undersøkt i samband med erkesetet i Nidaros og kongemakta i Noreg for 1200- og 1300-talet. Biskopane har i denne forskinga vorte

---

<sup>21</sup> Helgi Þorláksson: "Succumbing secular chiefs. On secular chiefs in Iceland, their loss of ground to the church, c. 1270 to 1350, and its impact", i S. Imsen (red.) "'Ecclesia Nidrosiensis' and 'Noregs veldi'". The role of the church in the making of the Norwegian dominion in the Middle Ages", manuskript, publiserast i 2012/13

<sup>22</sup> Timothy Reuter: "A Europe of Bishops. The Age of Wulfstan of York and Burchard of Worms" i L. Körntgen og D. Waßenhoven (red.) *Patterns of Episcopal Power. Bishops in Tenth and Eleventh Century Western Europe*, Berlin/Boston 2011: 17-38. Eldevik, John, *Bishops in the Medieval World: New Perspectives on the Church, State and Episcopal Office*, i History Compass 9/10 2011: 776-790.

<sup>23</sup> John S. Ott og Anna Trumbore Jones, "Introduction. The Bishop Reformed" i J.S. Ott og A.T. Jones (red.) *The Bishop Reformed. Studies of Episcopal Power and Culture in the Central Middle Ages*, Aldershot/Burlington 2007: 1-20.

sjakkbrikker i eit spel på høgare politisk nivå, og ein har altså i lita grad vendt blikket innover i bispedømet og undersøkt dei politiske forholda på lokalplan.<sup>24</sup> I eit ønske om å bidra til ny innsikt i konsekvensane av det kyrkjelege reformarbeidet på Island, vil eg gjere ei undersøking av maktforholda mellom biskopar og verdslege stormenn på lokalplan. Avgrensinga i tid vil vere frå og med Sættargjerda på Avaldsnes i 1297 og fram til den siste biskopen, som vart valt av erkesetet i Nidaros før pavemakta overtok valretten til dei islandske bispeseta, døydde i 1390.<sup>25</sup>

Hovudproblemstillinga for undersøkinga mi lyder som følgjande: På kva måte og i kor stor grad fortsette eigentleg islandske stormenn å kontrollere den islandske kyrkja og kyrkja si innkome utover 1300-talet? Også etter at Sættargjerda på Avaldsnes vart inngått i 1297 fortsette det å herje store konflikhtar mellom biskopar og verdslege stormenn i Hólar og Skálholt bispedøme. For å finne svar på problemstillinga vil eg derfor undersøkje årsakene til desse konfliktane.

Som nemnd ovanfor har tidlegare historikarar i liten grad forska på biskopar på 1300-talet, men det har likevel vorte påstått at det eksisterte ein motstand hjå islendingane til utlandske biskopar. I første del av den empiriske undersøkinga vil eg derfor undersøkje kor vidt biskopane sin fødestad kan ha vore årsak til konflikt, ved å undersøkje om biskopane sin fødestad kan ha hatt noko å seie for islendingane, og vidare om fødestaden kan ha hatt noko å seie for biskopane sin kjennskap til islandske forhold. I ei forlenging av dette spørsmålet vil eg undersøkje biskopane si tidlegare karriere innanfor kyrkja for å finne ut kva bakgrunn erkesetet såg etter i ein biskop, samt undersøkje kva kvalitetar islendingar kan ha sett etter i ein biskop. Kan motstridande ideal hjå islendingane og erkesetet ha vore ei årsak til konflikt?

Andre del av empirien er todelt og her vil eg undersøkje årsaker til økonomiske konflikhtar mellom biskopane og folkesetnaden i bispedøma. Eg har valt å fokusere på konflikhtar av økonomisk karakter, då desse er godt representert i kjeldematerialet og dessutan i liten grad undersøkt av tidlegare historikarar. Ved å undersøkje konfliktårsakene vil eg søkje å finne svar på kva for område biskopane utfordra dei lokale stormennene på, og kva delar av biskopane sitt reformarbeid som skapte størst reaksjonar. Sidan omfanget av konflikhtar knytt til økonomiske spørsmål er stort har eg valt å avgrense materialet ytterlegare ved å hovudsakleg konsentrere meg om konflikhtar knytt til kyrkjeleg eigedom med tilhøyrande innkome. Eg har valt dette fokuset då det kan dragast liner mellom desse konfliktane og

---

<sup>24</sup> Eit unntak er Joanna A. Skórzewska, *Constructing a Cult. The Life and Veneration of Guðmundr Arason (1161-1237) in the Icelandic Written Sources*, Leiden/Boston 2011.

<sup>25</sup> Pavemakta tok over valretten til Skálholt bispesete i 1382 og til Hólar bispesete i 1391.

konfliktane som utspelte seg mellom biskopar og verdslege stormenn under *staðamál*, og fordi dei omhandlar spørsmål som vart regulert av Sættargjerda på Avaldsnes i 1297.

Først vil eg sjå nærare på konfliktar mellom biskopar og verdslege stormenn knytt til tienda, og undersøke kvifor tienda var så viktig for begge partar. Både tiendlovgevinga og tiendkonfliktane kan fungere som indikatorar på kva veg maktbalansen vippar mellom biskopane og verdslege stormenn til ulike tidspunkt. Sidan tienda var ei kyrkjeleg innkome som verdslege stormenn hadde kontrollert over lang tid, kan biskopleg suksess eller feiling med å sikre seg kontroll over denne fortelje noko om kor langt kyrkja til ulike tidspunkt hadde kome i arbeidet med å lausrive seg frå verdsleg kontroll. Denne undersøkinga vil eg gjere på to nivå. Først vil eg undersøkje konfliktar knytt til fattigtienda, for så å bevege meg over til konfliktar kring preste- og kyrkjetienda. Handla konfliktane utelukkande om motstridande økonomiske interesser eller låg det noko anna bak?

I neste omgang vil eg sjå nærare på konfliktar mellom biskopane og ulike kloster, for å undersøkje graden av innverknad både biskopen og dei verdslege stormennene øvde over klostera. Dette vil eg gjere på to nivå. Først vil eg ta føre meg gangen i konfliktane og undersøkje kor vidt klostera godtok dei ulike biskopane sine vedtekter. Vidare vil eg diskutere verdsleg stormenn si innblanding i konfliktane, for å undersøkje kor vidt denne kan ha vore eit problem for biskopane sitt forhold til klostera. På kva måte gjorde verdslege stormenn seg gjeldande i konfliktane mellom biskopane og klostera?

Men før eg går i gang med å greie ut om konfliktane vil eg først vende blikket attende i tid og vise korleis dei verdslege stormennene hadde eit fast grep om kyrkja på Island heilt frå kristninga av, for å gje eit bilete av kva desse stod i fare for å tape som ein konsekvens av biskopane sitt reformarbeid.

#### 1.4 Kjeldene og kjeldekritiske utfordringar

I oppgåva mi har eg i stor grad nytta meg av dei islandske annalane, diplommateriale og lovverk. Dette kjeldematerialet dekkjer heile perioden eg tek føre meg i undersøkinga mi, om enn i varierende grad. Omfanget av kjeldematerialet er forholdsvis stort, og nytt for undersøkingsperioden min i høve til tidlegare periodar er at det vert vanlegare at ulike kjelder nemner dei same hendingane. Dette gjer at det ofte er mogleg å kontrollere innhaldet i kjeldane opp mot kvarandre, noko som er med på å skape eit tydlegare bilete av kva som har vore. Sjølv om dette opnar for større innsikt, er det også fleire omsyn som må takast i bruken av annalar, diplommateriale og lovverk som kjelder.



Ei av hovudkjeldene i arbeidet med oppgåva mi har vore dei islandske annalane (IA).<sup>26</sup> Sjølv om desse reknast som samtidskjelder følgjer det fleire kjeldekritiske problem med bruken av desse.<sup>27</sup> I tillegg til at dei vart skrivne ved kyrkjelege senter, og derfor representerar ein kyrkjeleg synsvinkel, må ein på same tid ta omsyn til objektiviteten hjå forfattarane. Nettopp forfattarspørsmålet er kritisk i oppgåva mi, då ein av forfattarane bak *Lögmanns-annal* mest truleg er Einarr Hafliðason, den same mannen som forfatta *Laurentius saga biskups*, som har vore ei anna sentral kjelde i arbeidet mitt.<sup>28</sup> Dette gjer at det ikkje vert mogleg å sjekke opplysingar opp mot kvarandre på same måte som om dei ulike verka hadde vore skrivne av to ulike forfattarar.

Av normativt kjeldemateriale har eg nytta den islandske lovboka *Grágás* (Gg) og kristenretten *Kristinna laga þátr* som er inkorporert i lovboka.<sup>29</sup> Etter at Island vart ein del av den norske kongen sitt rike i åra 1262/64 måtte *Grágás* vike for *Járnsíða* som igjen vart erstatta av ei lovbok eg har nytta meg av, nemleg *Jónsbók* (Jb), i 1281.<sup>30</sup> Vidare har eg nytta *Kristinréttur Árna Þorlákssonar* (KÁP) som vart lovfesta i Skálholt første gong i 1275.<sup>31</sup> Det normative kjeldematerialet er problematisk då det speglar ideal heller enn reelle tilhøve. Denne problematikken vil stå sentral i oppgåva mi då fleire av konfliktane mellom biskopane og stormennene på Island grunna i konfliktar kring lovverket. For å undersøkje rekkjevidda av lovvedtektene har eg nytta meg av diplommaterialet samla i *Diplomatarium Islandicum* (DI) og *Diplomatarium Norvegicum* (DN). Viktig informasjon om konfliktane eg har undersøkt har eg funne i klagebrev. Som kognitive kjelder viser både klagebrev og andre diplom til faktiske hendingar, og kan på den måten nyttast til å undersøkje om lovverka vart overhalde til ulike tidspunkt. Eit problem knytt til desse er representativitet.<sup>32</sup> I undersøkinga finst det fleire diplom som kastar lys over konfliktane i Hólar enn i Skálholt, og eit spørsmål som må vurderast i høve til dette vert kor vidt denne fordelinga skuldast ujamn bevaring eller reelle tilhøve. Mest truleg er det bevaringsforholda som gir ei ujamn fordeling.

---

<sup>26</sup> Dei islandske annalane er samla i Gustav Storm: *Islandske Annaler indtil 1578. Udgivne for det norske historiske Kildeskriftfond ved Dr. G. Storm*, Christiania 1888.

<sup>27</sup> For ein diskusjon om dei islandske annalane sin kjeldeverdi sjå Eldbjørg Haug 1997, "The Icelandic Annals as Historical Sources" i *Scandinavian Journal of History* vol. 22: 263-274.

<sup>28</sup> Jørgensen 1982: 16.

<sup>29</sup> Eg har nytta meg av Gunnar Karlsson, Kristján Sveinsson og Mördur Árnason: *Grágás. Lagasafn íslenska þjóðveldisins*, Reykjavík 2001.

<sup>30</sup> Eg har nytta meg av Már Jónsson: *Jónsbók. Lögbók Íslendinga hver samþykkt var á alþingi árið 1281 og endurnýjuð um miðja 14. öld en fyrst prentuð árið 1578*, Reykjavík 2004.

<sup>31</sup> Eg har nytta meg av Haraldur Bernharðsson, Magnús Lyngdal Magnússon og Már Jónsson: *Járnsíða og Kristinréttur Árna Þorlákssonar*, Reykjavík 2005.

<sup>32</sup> Anne Irene Riisøy: *Stat og kirke. Rettsutøvelsen i kristenrettssaker mellom Sættargjerden og reformasjonen*, hovudoppgåve i historie, Oslo 2000: 10.

Ei anna sentral kjelde i arbeidet mitt har vore den samtidige biskopsagaen *Laurentius saga biskups* (*Lsb*), som skildrar biskop Laurentius Kálfsson i Hólar (1324-1331) sitt liv og virke.<sup>33</sup> Sjølv om biskopsagaen er samtidig medfører det å nytte den som kjelde fleire utfordringar knytt til kjeldekritikk.

Biskopsagaen er ein del av ein særilandsk sagalitteratur som hadde sitt opphav i det litterære miljøet som vaks fram på Island frå og med byrjinga av 1200-talet.<sup>34</sup> Biskopsagaene vert vanlegvis delt inn i to underkategoriar: dei som handlar om heilage biskopar og dei samtidige biskopsagaene.<sup>35</sup> Medan sagaene om dei heilage biskopane har mykje til felles med europeisk legendelitteratur, vert samtidige biskopsagaene rekna som gode historiske kjelder og ofte sidestilt med dei verdslege samtidssagaene.<sup>36</sup> Samtidssagaen vert ofte rekna som ei god kjelde til islandsk historie, då handlinga i sagaen skal ha utspelt seg i forfattaren si samtid eller nære fortid.<sup>37</sup> Forfattaren hadde dessutan gjerne personleg kjennskap til den han skreiv om. Sjølv om forfatarane var så nær handlinga i sagaen at han kan ha ”tørka blod av hendene den eine dagen, og blekk den andre”<sup>38</sup>, er det likevel viktig å ta omsyn til forfattaren sitt formål med sagaen og konteksten den vart skriven i når ein skal nytte samtidssagaen som kjelde.

*Laurentius saga biskups* dekkjer tida frå då Laurentius vart fødd i 1267 til han låg på dødsleiet i 1331. Sagaen avsluttast brått rett før biskopen døy, og avslutninga på sagaen har gått tapt. Forfattaren bak *Laurentius saga biskups* er truleg Einarr Hafliðason og sagaen vert datert til om lag 1350.<sup>39</sup> I 1317 vart Einarr som tiåring sendt i lære til bispesetet på Hólar, og fram til han døyde i 1393 var han i bispesetet si teneste.<sup>40</sup> Einarr levde altså gjennom heile perioden eg tek føre meg i oppgåva mi og vart heile 86 år gamal. I løpet av denne tida kom han i nær kontakt med biskopane ved bispesetet, og det skal ha vore eit nært venskap mellom Einarr og biskop Laurentius. Dette har på mange måtar vore med på å forme forfattaren si framstilling av biskopen.

---

<sup>33</sup> Originalutgåva eg har nytta meg av er Árni Björnsson: *Laurentius saga biskups*, Reykjavik 1969. I tillegg til denne har eg nytta meg av Jørgen H. Jørgensen si danske omsetjing av sagaen som støtteverk (Jørgen H. Jørgensen: *Historien om Biskop Laurentius på Holar*, Odense 1982). Eg nyttar meg også av *Árna saga biskups* i oppgåva mi og utgåva eg har valt å bruke er Gunhild og Magnús Stefánsson, *Biskop Arnes saga*, Oslo 2007.

<sup>34</sup> Else Mundal: ”Sagalitteraturen” i Odd Einar Haugen (red.) *Handbok i norrøn filologi*, Bergen 2004: 278.

<sup>35</sup> Mundal 2004: 284-287. Jørgen H. Jørgensen 1982: 16.

<sup>36</sup> Mundal 2004: 286.

<sup>37</sup> Mundal 2004: 279.

<sup>38</sup> Mundal 2004: 287.

<sup>39</sup> Magnús Már Lárusson, ”Laurentius saga” i *KLNM X* 1965:345. Jørgensen 1982: 18, Guðrún Ása Grímsdóttir, *Biskupa sögur III*, Reykjavik 1998: LXIV-LXXV.

<sup>40</sup> IA: 266. Einarr vart fødd i 1307 (IA: 264) og døyde i 1393 (IA: 420).

Sjølvs om *Laurentius saga biskups* vert rekna som ein samtidig biskopsaga har den klare hagiografiske trekk. *Laurentius saga biskups* kan delast inn i to delar, og andre halvdel av sagaen, som omhandlar tida *etter* at Laurentius vart biskop, legg særskild vekt på biskopen sine helgenliknande trekk. Særskild vert biskopen sin fromleik og gode kjennskap til kanonisk rett understreka. I tillegg til dette vert det dessutan skildra fleire overnaturlege episodar knytt til Laurentius.<sup>41</sup> Desse hagiografiske tendensane viser at det var viktig for Einarr å setje biskopen i eit godt lys i si framstilling av han. Sidan eg i oppgåva mi ønskjer å studere konflikhtar mellom biskopar og islandske stormenn vert det ei utfordring å sjå forbi den rosenraude framstillinga av biskop Laurentius i mi leiting etter konfliktårsaker.

Det er dessutan ikkje berre biskop Laurentius si embetstid det vert fortalt om i sagaen. Også delar av biskop Jörundr Þorsteinsson til Hólar (1263-1313) si embetstid samt embetstida til etterfølgjaren hans på bispesetet, Audun raude Torbergsson, vert skildra. For å fremje dei hagiografiske trekka ved Laurentius vert hans føregjengar på bispesetet, Audun, ofte framstilt som Laurentius sin rake motsetnad. Medan biskop Laurentius sin fromleik og hans gode kjennskap til kanonisk rett vert framheva, vert biskop Audun sine meir 'menneskelege' trekk sett i fokus. Medan biskopsagaen fortel at Audun brukte dagane sine på å reise storslagne byggverk og øydsle bispesetet sine ressursar, vert det fortalt at biskop Laurentius var eit førebilete for alle andre då han levde eit moralsk liv styrt av bønnetidene.<sup>42</sup> I tillegg til å ta den overdrivne gode framstillinga av biskop Laurentius med ei klype salt, er det altså like viktig å ta omsyn til at den negative framstillinga av Audun i stor grad er eit litterært trekk for å fremje Laurentius sine helgenliknande trekk. Biskop Jörundr ver derimot stilt i eit godt lys. Jørgen H. Jørgensen som har omsett *Laurentius saga biskups* til dansk har argumentert for at dette kjem av ein tendens til å fremje det islandske i motsetnad til det norske i sagaen. Eg vil kome attende til spørsmålet om nasjonalitet seinare i oppgåva.<sup>43</sup>

I tillegg til at *Laurentius saga biskups* vart skriven ved eller i nærleiken av bispesetet i Hólar gjekk handlinga i sagaen først og fremst føre seg innanfor bispedømet sine grenser. Medan store delar av sagaen også utspelte seg ved erkesetet i Nidaros, vert forholda i Skálholt sær sjeldsynt presentert. Dette gjer at oppgåva mi i mange tilfelle ber preg av at biskopsagaen gjev eit betre innblikk i situasjonen i Hólar.

---

<sup>41</sup> Til dømes skal Laurentius si mor ha drøymt medan ho gjekk med barn, at ho gjekk inn i Hólarkyrkja og vart overrekt eit bispesegl. Laurentius sjølv skal dessutan ha hatt evna til å sjå ting som ville skje i framtida (Jørgensen 1982: 26, 29-31).

<sup>42</sup> *Lsb* kap. 29, 30, 33, 40.

<sup>43</sup> Sjå kap. 3.1.1.

Kombinasjonen av dei ulike typane kjeldemateriale gjer likevel at eg har hatt eit godt utgangspunkt til å undersøkje tilhøva i begge dei islandske bispedøma. Ved å setje *Laurentius saga biskups* opp mot dei islandske annalane, diplomaterialet og ulike lovverk søker eg med denne oppgåva å gje ny innsikt i ein liten del av den islandske kyrkja og det islandske samfunnet si historie.

## 2. Kyrkja og det islandske samfunnet

I løpet av dei nærare 300 ára som gjekk frå då kristendommen vart innført på Island kring år 1000 og fram til undersøkinga mi tek til etter Sættargjerda på Avaldsnes i 1297, vaks kyrkjeorganisasjonen fram i landet. Det vart reist kyrkjer i hopetal, oppretta bispedøme i Skálholt og Hólar og tienda vart innført og la grunnlaget for kyrkja sin økonomiske vekst. Dei to bispedøma vaks fram som lokale institusjonar med nære band til samfunnet kring seg. Samstundes var dei to bispedøma på Island to brikker i det puslespelet som utgjorde den universale kyrkja, med lojalitetsband som strekte seg over landegrensene.

Målsetjinga med dette kapitlet er å setje undersøkinga mi inn i ein kyrkjehistorisk kontekst. Eg vil først gjere greie for kyrkja si etablering og utvikling på lokalplan, og korleis kyrkja i løpet av 300 år vart ein integrert del av lokalsamfunnet, samt godane si rolle i denne prosessen. Deretter vil eg vise korleis universalkyrkjelege impulsar, først og fremst i form av reformrørsla, sette sitt preg på den islandske kyrkja og dermed også lokalsamfunnet som var knytt til den.

### 2.1 Grunnlegging, godar og gevinst - etableringa av kyrkja på Island

I dette delkapitlet vil eg kort gjere greie for grunnlegginga og framveksten av kyrkja på Island og om korleis dei islandske høvdingane, godane, spelte ei viktig rolle i denne prosessen.<sup>44</sup> Dette vil eg gjere ved å vise den sentrale rolla godane spelte ved kristninga, grunnlegging av kyrkjer og opprettinga av kyrkjelege institusjonar - bispeseta og klostera. Eg vil leggje vekt på den økonomiske gevinsten godane fekk gjennom si rolle i kyrkja sin framvekst.

#### 2.1.1 Island vert kristna

Då Island vart busett av landnåmsmenn og –kvinner frå Noreg kring 870 var det den norrøne religionen som var dominerande i Norden. Kontakt med kristne land og område annanstads i Europa gjorde likevel at ein tidleg vart kjend med kristendomen, og gradvis gjorde denne seg gjeldande også på Island og i dei andre nordiske landa. Historikarar er i dag stort sett samde om at kristninga gjekk føre seg ovanfrå og ned, altså at det var dei leiande mennene i dei ulike nordiske landa som stod bak innføringa av kristendomen.<sup>45</sup> For Island sitt tilfelle vart kristendomen innført gjennom eit alltingsvedtak i år 999 eller 1000.

---

<sup>44</sup> Norr. *goði* pl. *goðar*.

<sup>45</sup> For meir om den norrøne religionen og overgangen til kristendommen sjå Gro Steinsland: *Norrøn religion: myter, riter, samfunn*, Oslo 2005. For ein grundig gjennomgang av kristninga av Norden sjå Jón Viðar

Alltinget på Þingvellir vart grunnlagd i 930 og fungerte som ting og møtestad for frie menn frå heile landet. Her kom islendingane saman for mellom anna å drøfte saker som gjaldt heile folkesetnaden og for å løyse konflikhtar seg i mellom.<sup>46</sup> På 1000-talet vart Island eit eige lovdistrikt og på denne måten eit samfunn kvar lov og rett kunne overhaldast utan nærværet av ein fyrste. Landet var delt inn i fire fjerdingar kvar det vart halde mindre tingsamlingar, medan Alltinget fungerte som eit felles ting for heile landet.<sup>47</sup> Alltinget hadde både lovgjevingsmakt og domsmakt, og gjennom kontroll av begge desse fullmaktene låg den reelle makta i tinget hjå høvdingane i landet - godane.<sup>48</sup> I den tidlegaste tida skal det ha vore kanskje 50-60 godar på Island, som hadde herredøme over godord. Eit godord er det same som eit høvdingdøme og gjaldt ei gruppe hushald som husa goden sine menn, innanfor eit nokolunde avgrensa geografisk område.<sup>49</sup> Godane si makt baserte seg på personlege band, og særskild venskapen stod sentralt.<sup>50</sup> I tillegg til å vere dei mektigaste mennene i landet i verdslege spørsmål hadde godane truleg også ein fot godt planta innanfor den norrøne kultusen. Sidan det ikkje fanst noko prestestand i den norrøne religionen, er det mogleg at godane spelte ei sentral rolle i utøvinga av kultusen.<sup>51</sup> Godane var altså landet sine verdslege og religiøse leiarar, og det var desse som innførte kristendomen ved tusenårsskiftet.<sup>52</sup> Årsaka til at dei kunne innføre kristendommen i landet utan å miste sin etablerte posisjon innanfor religionen, var truleg at dei overførte leiarrolla dei hadde hatt innanfor utøvinga av den norrøne kulten til den nye religionen.<sup>53</sup> Mellom anna gjorde dei dette ved å la seg vigse som prestar og ved å initiere grunnlegginga av kyrkjer.

---

Sigurðsson: *Kristninga i Norden 750-1200*, Oslo 2003c. For kristninga på Island og framveksten av den islandske kyrkjeorganisasjonen sjå Orri Vésteinsson 2000.

<sup>46</sup>Alltinget sin viktigaste funksjon var å fungere som ein fredsbevarande institusjon. Lova som gjaldt frå den første tida var henta frå Gulatinget i Noreg (Jón Viðar Sigurðsson: *Det norrøne samfunnet. Vikingen, kongen, erkebiskopen og bonden*, Oslo 2008).

<sup>47</sup> Landet var delt inn i fire fjerdingar (norr. *fjórðungr*), ein for kvar himmelretning.

<sup>48</sup> Godane plukka ut representantar, eller tingmenn, til Alltinget og vartinget, i tillegg til at dei sjølve sat i lagretten saman med handplukka tingmenn som rådgjevarar. På denne måten hadde dei indirekte kontroll over domsmyndigheita og direkte kontroll over lovgjevinga i landet (Wærdahl 2011: 35-36 og Gunnar Karlsson: *Iceland's 1100 Years. The History and a Marginal Society*, London 2000:20-24).

<sup>49</sup> Jón Viðar Sigurðsson: *Goder og maktforhold på Island i fristatstiden*, Bergen 1993: 278.

<sup>50</sup> Venskapen var det viktigaste sosiale bandet på Island, og godane si venegruppe utgjorde godane sitt eigentlege maktgrunnlag. Gjensidige krav låg til grunn for venskapsforhold. Medan goden skulle verne bøndene og hushaldet deira, organisere gjestebod og gi dei gåver, skulle bøndene i gjengjeld gi godane støtte i konflikhtar. Gjennom å ha store venegrupper vart godane mellom anna ettertrakta alliansepartnarar for andre godar i landet. Venskapen var altså ein type patron/klient-forhold (Jón Viðar Sigurðsson 1993: 282, Jón Viðar Sigurðsson: *Den vennlige vikingen*, Oslo 2010: 21).

<sup>51</sup> Jón Viðar Sigurðsson 1993: 233 ff, Sigurðsson 2003c: 34-37.

<sup>52</sup> Jón Viðar Sigurðsson 2003c: 35.

<sup>53</sup> Konsekvensane innføringa av kristendomen hadde for godane har vorte diskutert av fleire historikarar. Ein diskusjon kring ulike synspunkt i Jón Viðar Sigurðsson 1993: 233 ff.

### 2.1.2 Godekyrkja – den islandske eigenkyrkja

Godane festa tidleg sitt grep om kyrkja. Dette kjem tydeleg fram om ein tek godane si involvering i grunnlegging av kyrkjer og opprettinga og utviklinga av ulike kyrkjelege institusjonar i nærare augesyn. Parallelt med at kyrkjeorganisasjonen vaks fram gjekk det føre seg ein maktkonsentrasjon i landet. Det var dei mektigaste ættene som skulle få mest å seie for kyrkja si utvikling.

Maktkonsentrasjonen tok til frå 1000-talet av, og det vaks fram riker knytt til ulike ætter.<sup>54</sup> Eit rike vert definert som herredøme over eit område med temmeleg faste grenser og som omfatta minst tre godord og eit vårting.<sup>55</sup> På Sørlandet oppstod det frå tusenårsskiftet riker knytt til to ætter: haukdælane og oddaverjane. Haukdælane sitt rike vaks fram på midten av 1000-talet, og dette var den mest dominerande ætta i fristatsperioden og også den som skulle få mest å seie for kyrkja i den etablerande fasa. Også oddaverjane vart sentrale aktørar innanfor kyrkja sin framvekst, og deira rike vart truleg grunnlagd seint på 1000-talet og tidleg på 1100-talet. På Austlandet vart svínfellingane dominerande, og på byrjinga av 1200-talet sikra dei seg eit storrike – herredøme over to riker – og kontrollerte snart heile austfjordingen. På Nordlandet fanst det på si side to riker, det eine var ásbirningane sitt rike med sentrum i Skagafjörður og det andre var knytt til Guðmundr dýri si ætt med sentrum i Eyjafjörður. Frå omkring 1200 vaks det fram eit rike også i Vestfjörður, om lag samstundes som Snorri Sturluson etablerte sitt rike i Borgarfjörður (sør-vest). Desse rika vaks altså fram parallelt med kyrkja på Island.

Åra 1050-1250 vert rekna som den store kyrkjebyggingsperioden i Norden.<sup>56</sup> Det var først og fremst godane som stod bak grunnlegginga av dei første kyrkjene på Island, og på denne måten vart det oppretta eit eigenkyrkjevesen i landet. Når ei kyrkje vart grunnlagd skulle kyrkjebonden, som altså i mange tilfelle var ein gode, forsyne den med ei medgift. Vanlegvis bestod denne av ein del av garden kyrkja stod på, eller delar av andre gardar som kyrkjebonden eigde. Dette førte til at kyrkjer ofte eigde store delar av egedomen den stod på, og på Island var det vanleg å skilje mellom to type kyrkjer ut i frå eigedomsforholda. Dersom ei kyrkje eigde halvparten av garden den stod på eller mindre vart den kalla bondekyrkje. I tilfelle kvar kyrkja eigde heile garden ho stod på vart ho kalla ein stad.<sup>57</sup> Denne termen

---

<sup>54</sup> Jón Víðar Sigurðsson 1993: 69 ff, Gunnar Karlsson 2000: 72-78. Det er usemje mellom historikarane om når denne maktkonsentrasjonen tok til (Gunnar Karlsson 2000: 73). I og med at eg berre tek føre meg generelle trekk i den politiske og kyrkjelege utviklinga har tidfestinga ikkje mykje å seie for oppgåva mi.

<sup>55</sup> Jón Víðar Sigurðsson 1993: 71.

<sup>56</sup> Jón Víðar Sigurðsson 2003c: 50 ff.

<sup>57</sup> Magnús Stefánsson: *Staðir og Staðamál. Studier i islandske egenkirkelige og benefisialrettslige forhold i middelalderen*, Bergen 2000: 204-206. Magnús Stefánsson sin definisjon av omgrepet *staðir* er i dag den

omfatta også bispeseta og klostera sidan kyrkja eigde desse åleine.<sup>58</sup> Sjølv om både stadane og bondekyrkjene i teorien tilhørde kyrkja, vart dei i praksis gjerne oppfatta som privat eigedom som gjekk i arv frå far til son. Det nære forholdet mellom religion og verdsleg makt vert understreka av at med berre eitt einaste unntak var alle gardar godane nytta som residens på 1100- og 1200-talet stadar eller bondekyrkjer.<sup>59</sup>

Island fekk som det første landet i Norden innført tiendeordninga i 1096.<sup>60</sup> Tienda skulle delast i fire og fordelast på biskopen, kyrkja, presten og dei fattige. Godane fekk i funksjon av å vere kyrkjebønder rett til å krevje inn preste- og kyrkjetienda, som dei forvalta saman med kyrkja si øvrige formue. Den delen som skulle gå til dei fattige vart forvalta av reppen. Dette var ei geografisk avgrensa samling av gardar som samarbeidde i saker som måtte angå medlema, og vart frå gamalt av leia av lokale godar.<sup>61</sup> I tienda låg altså eit sosialt ansvar overfor dei dårlegare stilte, men også store rikdomar som auka formuane til dei betre stilte. Den siste fjerdedelen av tienda skulle gå til biskopen ved eit av dei to bispeseta som vart grunnlagd i landet.<sup>62</sup>

### 2.1.3 Kyrkjeorganisasjonen veks fram – grunnlegginga av bispesete og kloster

Den første biskopen som vart vigsla til Island var Ísleifr Gizurarson av haukdælane i 1056 av erkebiskopen i Hamburg-Bremen.<sup>63</sup> Ísleifr var son av Gizzur hvíti, ein av initiativtakarane til innføringa av kristendommen. Den neste biskopen som vart vigsla til landet var Ísleifr sin son Gizzur i 1081. Gizzur vert gjerne karakterisert som ein handlekraftig mann, og stod mellom anna bak innføringa av tienda og grunnlegginga av Skálholt bispesete. Skálholt låg i den sørlige fjerdingen i landet, og snart ønska også nordlendingane sitt eige bispesete. Hólar vart

---

rådande innanfor historieskrivinga. Han ser staden først og fremst som ein fysisk-geografisk einskap og peikar på eigedomsforholda som det avgjerande kriteriet for kva som kan definerast som ein stad. Kyrkjestader, altså garden der ei kyrkje stod, som lokalkyrkja eigde i sin heilskap, utgjorde saman med kyrkja ein *stað*. Gard og kyrkje danna eit eige anlegg, eit *kirkjubú*. Dei kyrkjene som vart kalla bondekyrkjer, kyrkjer på partseiekyrkjestader eller kyrkjer som eigde andre gardar, men ikkje noko i heimejorda, vert derimot ikkje gitt som *staðir* (Magnús Stefánsson 2000: 192). Ein omfattande diskusjon kring omgrepet og innhaldet i dette finst hjá Magnús Stefánsson 2000. Sjå særskild s. 19-36 og 191-196.

<sup>58</sup> Benedikt Eyþórsson, "History of the Icelandic Church 1000-1300. Status of Research." i Helgi Þorláksson (red.) *Church Centres in Iceland from the 11<sup>th</sup> to the 13<sup>th</sup> Century and their Parallels in other Countries*, Reykholt 2005: 38.

<sup>59</sup> Jón Víðar Sigurðsson 1993: 239.

<sup>60</sup> Magnús Stefánsson, "Tiend, Island" i *KLNM XVIII* 1974: 287-291.

<sup>61</sup> Magnús Már Lárusson: "Hreppr", *KLNM VII* 1962: 18, Björn Þorsteinsson og Sigurður Lindal, "Lögfesting konungvalds" i Sigurður Lindal (red.) *Saga Íslands III*, Reykjavík 1978: 72-73.

<sup>62</sup> Biskopar kunne leggje bispe- og fattigtienda til dei ulike lokalkyrkjene, og på denne måten kunne kyrkjebonden i somme tilfelle ha rett på tienda udelt (Magnús Stefánsson, "Tiend, Island" i *KLNM XVIII* 1974: 288).

<sup>63</sup> Orri Vésteinsson 2000: 23, Gunnar Karlsson 2000: 38. Dei islandske bispedøma var underlagt erkesetet i Hamburg-Bremen fram til dei i 1104 vart ein del av Lund som på dette tidspunktet vart skild ut som ein eigen kyrkjeprovins.



derfor grunnlagd i 1106 og den første biskopen var ein god ven av Gizzur, Jón Ögmundarson.<sup>64</sup>

Fram til 1106 var det vanleg at biskopar utnemnde sine etterfølgjarar før dei døydde, medan det etter opprettinga av Hólar bispedøme gjerne var biskopen på det andre bispesetet som hadde det siste ordet i val av nye biskopar.<sup>65</sup> Etter at fleire ætter byrja å vise interesse for bispevala ser det ut til å ha vore eit slags val på Alltinget.<sup>66</sup> Anna enn at biskopane vart rekrutterte frå vener eller klientar, eller frå godeættene sjølve, er likevel lite kjend om sjølve valprosessen.<sup>67</sup> Det var likevel fire høvdingætter som stod bak bispevala fram til 1238. I Skálholt var det åtte biskopar i denne perioden, derav seks haukdæler eller haukdælane sine klientar, medan dei to andre var av oddverjaætta. I Hólar var nesten alle biskopane klientar eller medlemmer av dei same ættene, men ofte med sterke band til dominerande ætter i nord.<sup>68</sup> Æverlingane og Ásbirningane gjorde seg gjeldande ved eit par av bispevala i Hólar.<sup>69</sup> Orri Vésteinsson peikar ut ein interessant skilnad ved bispevala i dei to bispedøma fram til om lag 1200. Biskopane som vart valt i Hólar var høvdingar, eller menn av ein tilsvarende rang, medan biskopane i Skálholt var av lågare rang og tilegna seg embeta gjennom kontaktnettverk. Ved hundreårskiftet skjedde eit skifte i sør og biskopane vart gjerne valt frå Haukdælirætta. Moglegvis vart dette tiltaket gjort for å sikre si stilling innanfor bispekyrkja mot konkurrerande ætter.<sup>70</sup>

Det fanst også andre måtar å styrke stillinga si innanfor kyrkja på, mellom anna ved å opprette kloster. Både på Island og i Norden vart fleire kloster grunnlagd frå 1100-talet av, og desse fungerte som viktige kontaktledd til religiøse senter andre stadar i Europa.<sup>71</sup> Klostergrunnlegging kravde stor kapital, noko som førte til at det stort sett var biskopar i samarbeid med godar som stod bak opprettingane på Island.<sup>72</sup> I mellomalderen vart det oppretta ni kloster på Island. Desse tilhøyre benediktinar- og augustinarordenen, førstnemnde sterkt representert i Hólar medan augustinarordenen stod sterkast i Skálholt.<sup>73</sup>

---

<sup>64</sup> Orri Vésteinsson 2000: 34.

<sup>65</sup> Orri Vésteinsson 2000: 144.

<sup>66</sup> Orri Vésteinsson 2000: 147-148.

<sup>67</sup> Heidi Anett Beistad: "Election and rejection- the Norwegian 'seizure' of the Icelandic bishoprics in 1237-39" upublisert.

<sup>68</sup> Jón Víðar Sigurðsson argumenterar for at 1993: 239-240. Også Orri Vésteinsson argumenterar for at hagdælirætta og oddaverjaætta dominerte bispevala, men at også tilhøyre til dei mektigaste ættene på Nordlandet var viktig for biskopane valt til Hólar (Orri Vésteinsson 2000: 144-169).

<sup>69</sup> Jón Víðar Sigurðsson 1993: 238.

<sup>70</sup> Orri Vésteinsson 2000: 159.

<sup>71</sup> Jón Víðar Sigurðsson 2003: 72. Gunnar F. Guðmundsson 2000: 212 ff.

<sup>72</sup> Jón Jóhannesson 1956: 228-236.

<sup>73</sup> I Hólar var Þingeyrar (1133), Munkaþverá (1155) og Reynistaður (1295) av benediktinarordenen, medan Möðruvellir (1296) var av augustinarordenen. I Skálholt var Kirkjubær (1186) av benediktinarordenen medan

Det fyrste klosteret som vart grunnlagd var Þingeyrar i Hólar bispedøme i 1133, og dei fleste klostera på Island vart grunnlagde i løpet av dei følgjande 150 ára. I si masteroppgåve frå 2002 argumenterar Marit Roland Udnæs for at oppretting av klostera utgjorde ein viktig del i maktkampane som gjekk føre seg i samband med maktkonsentrasjonen på 1100-talet.<sup>74</sup> Maktpolitiske motiv låg altså i stor grad bak godane si investering i kyrkja, men også økonomiske motiv spelte ei sentral rolle. Dette kjem tydelegast fram i den store byggeverksemda som oppstod hjå godane i tida etter innføringa av kristendomen.

Godane hadde altså eit godt grep om kyrkja allereie frå innføringa av kristendommen og dette fortsette dei å halde og styrke utover høgmedalderen. Gjennom grunnlegging av kyrkjer, bispesete og kloster vart kyrkja ein del av maktgrunnlaget til godane, og dessutan ei viktig kjelde til økonomisk gevinst. Dette faste grepet skulle likevel snart bli utfordra, då kyrkja sine overhovud utanfor landegrensene gradvis gjorde seg meir gjeldande også på Island.

## 2.2 Universalkyrkjelege krav gjer seg gjeldande på Island

Reformrørsla hadde sitt opphav i europeiske klostermiljø på 900-talet og hadde som mål å lausrive kyrkja frå verdsleg kontroll for å betre leve opp til det kyrkjelege idealet om åndeleg reinleik.<sup>75</sup> Tanken om reform klatra på 1000-talet over klostermurene og innan kort tid spreidde det seg ei rørsle blant dei sekundærgeistlege med sentrum i Roma. Denne rørsla la stor vekt på å gjere paven til reell leiar av kyrkja og å frigjere den frå verdsleg kontroll.<sup>76</sup> I løpet av høgmedalderen spreidde denne rørsla seg over store delar av Europa og sette sitt preg sjølv på mest perifere bispedøma i nord. Reformarbeidet sentrerte seg i stor grad kring krava om frie bispeval, kyrkjeleg jurisdiksjon og avskaffinga av eigenkyrkjesystemet, altså lekmannskontroll over kyrkjeieigedom med tilhøyrande innkome. Arbeidet med å styrke paven si leiarstilling førte også til ein sentraliseringspolitikk. Målet var å styrkje paven sin posisjon som kyrkjeadministrasjonen sin øvste leiar, noko som mellom anna førte til at det vart skild ut fleire og mindre kyrkjeprovinsar.

---

Þykkvabær (1168), Helgafell (1172), Viðey (1226) og Skriða (1493) var av augustinarordenen (Gunnar F. Guðmundsson 2000:217).

<sup>74</sup>Ho peikar blant anna på at kloster gjerne vart reist i grenseområde mellom ulike riker, og at desse institusjonane vart nytta for å gjenvinne, etablere, kontrollere og balansere makt. Vidare viser ho at abbedar oftast vart rekrutterte frå ei eksklusiv gruppe med nære band til leiande ætter. (Marit Roland Udnæs: *Tro og makt. En studie av godenes bruk av kristne institusjoner og kristen tro i den politiske maktkampen på Island, ca. 1120 til 1262/64*, Oslo 2002: 60-81.)

<sup>75</sup>Leif Grane: *Kirken i den europeiske middelalder*, København 1999: 82.

<sup>76</sup>Sverre Bagge: *Europa tar form. År 300 til 1350*, Oslo 2004: 186 f.

I 1152/53 vart Nidarosprovinsen skipa.<sup>77</sup> Med sentrum ved erkesetet i Nidaros omfatta denne provinsen fastlandsbispedøma Nidaros, Bergen, Stavanger, Oslo og Hamar, samt dei oversjøiske bispedøma på Man, Orknøyane, Færøyane, Grønland og Island.<sup>78</sup> Ved å skilje desse bispedøma ut frå erkesetet i Lund vart dei knytt nærare opp mot kurien, og erkebiskopen si leiing av provinsen kunne verte meir effektiv enn tidlegare. Fleire av Nidarosprovinsen sine erkebiskopar var ivrige reformatorar, og kjempa for kyrkjeleg fridom frå verdsleg påverknad. Av desse kan særskild erkebiskop Øystein Erlendsson (1158-1188) og erkebiskop Jon raude (1267-1282) trekkast fram.<sup>79</sup>

For å kunne styre provinsen effektivt og sjølvstendig var det likevel også viktig å styrkje kyrkja innanfrå - eit arbeid som i stor grad karakteriserar provinsen i første halvdel av 1300-talet. Dette gjekk mellom anna ut på å utvide den geistlege administrasjonen ved å etablere fleire nye embete. Både proste- og officialembetet vaks fram i den følgjande perioden.<sup>80</sup> For å halde kontakt med og kontroll over bispedøma i provinsen haldt dessutan erkebiskopen provinsialkonsil og sendte ut visitasjonsfølge.<sup>81</sup>

Erkesetet bestod av erkebiskopen og hans rådgjevande organ, *domkapitlet*. Domkapitla var opphavleg presteskapet som var knytt til dei ulike domkyrkjene, og ofte hadde desse eit regulært preg.<sup>82</sup> På 1100- og 1200-talet var likevel dei fleste domkapittel sekulære, og det var også i denne tida at makta deira auka.<sup>83</sup> Domkapitla vart i høgmedalderen meir enn berre eit rådgjevande organ, og byrja utfordre biskopen si makt på fleire område. Særskild i økonomiske spørsmål måtte biskopen ha domkapitlet sitt samtykkje for å kunne ta avgjerder. Dette førte tidvis til konflikhtar mellom provinsen sine leiande menn, best kjend er konflikten mellom erkebiskop Jørund (1287-1309) og domkapitlet hans.<sup>84</sup> Første halvdel av 1300-talet

---

<sup>77</sup> Sverre Bagge: "Den heroiske tid – Kirkereform og kirkekamp 1153-1214" i S. Imsen (red.) *Ecclesia Nidrosiensis 1153-1537. Søkelys på Nidaroskirkens og Nidarosprovinsens historie*, Trondheim 2003: 51 ff. og Knut Helle: "Under kirke og kongemakt 1130-1350" bind 3 av *Aschehougs Noreges historie*, Oslo 1995: 22 ff.

<sup>78</sup> Sidan 1104 hadde desse bispedøma vore underlagt erkesetet i Lund, og før dette erkesetet i Hamburg-Bremen.

<sup>79</sup> Sjå til dømes Bagge 2003 og Eldbjørg Haug, "Konkordat-Konflikt-Privilegium. Sættargjerden som indikator på forholdet stat-kyrkje fra Magnus Lagabøter til Christian I (1273-1458)" i S. Imsen (red.) *Ecclesia Nidrosiensis 1153-1537. Søkelys på Nidaroskirkens og Nidarosprovinsens historie*, Trondheim 2003

<sup>80</sup> Sjå Hommedal 2010 for meir om officialembetet. Også prosteembetet vaks fram om lag i same periode (Helgi Þorláksson: "Historisk innledning" i Lilja Árnadóttir og Ketil Kiran (red.) *Kirkja ok kirkjuskruð. Kirker og kirkekunst på Island og i Norge i middelalderen*, Norsk institutt for kulturminneforskning og Þjóðminjasafn Íslands 1997: 16-17, Lars Hamre: "Striden mellom erkebiskop Jørund og domkapitlet i Nidaros" i S. Imsen (red.) *Ecclesia Nidrosiensis 1153-1537. Søkelys på Nidaroskirkens og Nidarosprovinsens historie*, Trondheim 2003: 192).

<sup>81</sup> Anne Marit Hamre: "Visitasen" i S. Imsen (red.) *Ecclesia Nidrosiensis 1153-1537. Søkelys på Nidaroskirkens og Nidarosprovinsens historie*, Trondheim 2003: 225.

<sup>82</sup> Regulære domkapittel levde etter ein regel (*canon*) og hadde eit munkelivliknande preg (Lars Hamre 2003: 188).

<sup>83</sup> Sidan domkapitlet i Nidaros vart oppretta i denne perioden var det sekulært.

<sup>84</sup> For meir om denne konflikta sjå Lars Hamre 2003: 187-213.

var likevel prega av eit godt samarbeid mellom erkebiskopen og domkapitlet i Nidaros, mykje på grunn av at han oftast vart rekruttert nettopp frå domkapitlet. Viktig for domkapitlet si sterke økonomiske stilling var *prebenda*. Eit prebende var ei samling jordegods eller av innkomerettar knytt til eit altar i domkyrkja. Kanniken som hadde ansvaret for dei gudstenestelege handlingane i samband med eit altar, fekk altså inntektene frå prebendet. I tillegg til prebenda hadde også domkapitlet ei felles formue (*mensa communis*).

Ei anna viktig årsak til domkapitlet si auka makt i perioden var kyrkja sitt oppgjær med den tradisjonelle ordninga kvar biskopar vart valt av 'presteskap og folk' (*clerus et populus*). Denne ordninga vart avskaffa under det andre Laterankonsil i 1139 og av det fjerde Laterankonsil i 1215 vart føresegna om at valretten låg hjå domkapitlet fastslegen som allmenn kyrkjerett.<sup>85</sup> Dette førte til at domkapitlet fekk stor makt under vakansar, og til at kandidatar til bispeembetet måtte gjere store innrømmingar ovanfor domkapitlet før dei vart valt. I teorien skulle det vere eit domkapittel ved kvart bispesete, men denne regelen hadde likevel sine unntak då verken Skálholt eller Hólar hadde eige domkapittel. Dette førte til at valretten til bispeseta i teorien låg hjå erkesetet i Nidaros frå og med opprettinga i 1152/53. Erkesetet nytta seg likevel ikkje av valretten før i 1238, då godane sine kandidatar til bispeseta vart avvist. Som eg no skal vise var dette berre ei av fleire hendingar som førte til at godane byrja å miste kontrollen over kyrkja på Island.

## 2.3 Frå godekyrkje til bispekyrkje

Reformkrava som i størst grad sette spor på Island var kravet om frie bispeval, avskaffinga av eigenkyrkjesystemet og kravet om fri kyrkjeleg jurisdiksjon. Førstnemnde endra godane sin posisjon ovanfor kyrkja, og dei to andre skulle liggje til grunn for store stridar langt inn på 1300-talet. I dette delkapitlet vil eg gjere greie for korleis reforma rokka ved godane sitt etablerte grep om kyrkja, og førte til Sættargjerda på Avaldsnes i 1297 og lovtakinga av *Kristinrétr Árna Þorlákssonar* i 1354.

### 2.3.1 Godane sitt grep om kyrkja svekkast

I 1238 tok altså erkesetet over valretten til bispeseta på Island. Då vart to godevalte kandidatar avvist ved erkesetet til fordel for erkebiskopen sine eigne kandidatar.<sup>86</sup> Avvisinga må sjåast i samanheng med erkesetet sitt forsøk på å knyte bispedøma i provinsen nærare til seg, og dessutan også i samanheng med kyrkja sin kamp mot verdsleg kontroll over kyrkja. Ved at

<sup>85</sup> Lars Hamre 2003: 188. Beistad 2012/13.

<sup>86</sup> Jón Jóhannesson 1956: 253-256, Jón Viðar Sigurðsson 2003: 127.

erkesetet tok i bruk valretten fekk dei satt ein stoppar for tradisjonen med verdsleg innblanding ved tilsetjing av biskopar. Reformkravet om frie val vart dermed innfridd. Dessutan er det truleg at erkebiskopen, ved å velje biskopar utan lojalitetsband til dei islandske godane, håpa å få innfridd eit anna reformkrav – avskaffinga av godekyrkja på Island.<sup>87</sup>

Det var nemleg dette reformkravet som skulle vekke mest motstand på Island. Kyrkjelege tilhøve på Island skilde seg frå dei andre stadar i Norden på 1200-talet, og godekyrkja vert av historikarar gjerne kategorisert som ei eigenkyrkje av same type som hadde vorte avskaffa andre stadar på kontinentet.<sup>88</sup> Til grunn for strida om godekyrkja på Island låg to motstridande syn nettopp på eigedomsretten til stadane og bondekyrkjene. I følgje det etablerte synet på Island var det gjevaren og familien hans som skulle administrere gåva, altså jordeigedommen, dei hadde donert til kyrkja ved grunnlegginga. Det var også eit etablert syn at denne forvaltingsretten gjekk i arv innanfor familien. Ifølgje reformkyrkja sine krav var det tvert i mot kyrkja sjølv som eigde denne gåva, og som derfor også hadde rett på å forvalte kyrkjene og kyrkjegodset.<sup>89</sup> Godane hadde investert mykje i bygginga av kyrkjene, og ønska naturleg nok å kunne fortsetje å hauste fortienesta. Kyrkja sin kamp mot godekyrkja konsentrerte seg hovudsakleg om dei rikaste kyrkjene, stadane, og strida vert derfor kalla *staðamál*. For ættene som lenge hadde halde eit stramt grep om den islandske kyrkja var reformkrava ein stor trugsel, og dei sette seg kraftig opp mot biskopane som forsøkte å fremje desse krava på Island.

I Noreg utspelte strida mot eigenkyrkjevesenet seg allereie mot slutten av 1100-talet under leiinga av erkebiskop Øystein Erlendsson (1161-1188).<sup>90</sup> På Island gjekk denne prosessen noko seinare sjølv om kravet om biskopleg kontroll over godekyrkjene også på Island vart introdusert av Øystein.<sup>91</sup> Kampen vart ikkje teken opp for alvor før biskop Þorlákr

---

<sup>87</sup> Dei islandske godane sine kandidatar var lite trulege til å kjempe for avskaffinga av godekyrkja. Den eine hadde allereie arbeidd mot ein tidlegare reformbiskop i Hólar, medan den andre var ein tidlegare gode sjølv (Beistad 2012/13:5)

<sup>88</sup> Ei eigenkyrkje nyttast som eit samlande omgrep om fleire kategoriar av kyrkjer kvar lekmenn såg på seg sjølve som eigarane av kyrkjene. Termen eigenkyrkjesystem vert nytta om eit land eller område sitt dominerande kyrkjelege organisasjonsprinsipp, kvar kyrkjene med tilhøyrande formue var gjenstand for privat eigedomsrett (Gro Vilberg: *Egenkirkesystem og norsk kirkeorganisasjon. En komperativ studie*, hovudoppgåve i historie, Oslo 1977: 31). For meir om eigenkyrkjesystemet i Europa sjå Susan Wood: *The Proprietary Church in the Medieval West*, Oxford 2006.

<sup>89</sup> Jón Viðar Sigurðsson 2008:162.

<sup>90</sup> Avskaffinga av eigenkyrkja i Noreg vert vanlegvis tidfesta til inngangen av 1200-talet. Sjå Arne Odd Johansen, "Fra den eldste tid til 1252" i A. Fjellbu (red.) *Nidaros erkebispestol og bispesete 1153-1953*, Oslo 1955: 230 ff. og Helle 1995: 31, 38.

<sup>91</sup> Dette kan kome av at begge biskopane på Island ved inngangen av Øystein si embetstid var av gamle godeætter og ikkje nødvendigvis interesserte i å avskaffe godekyrkja (Jón Jóhannesson 1956: 215 og Jón Viðar Sigurðsson 2008: 163).

i Skálholt (1178-1193) kom ut til Island som nyvigsla biskop og gjorde krav på herredøme over kyrkja sin eigedom og tiend.<sup>92</sup> Under ei visitasjonsferd over austfjordingen kravde biskop Þorlákr herredøme over fleire stadar. Noko motvillig gjekk mange godar med på dette, men i realiteten utgjorde det ikkje noko endring. Då biskopen reiste vidare overlét han nemleg stadane i dei same høvdingane si midlertidige forvaltning – ei ordning som skulle vise seg å verte permanent. Allereie i 1179 møtte biskop Þorlákr motstand hjå godane, og i og med erkebiskop Øystein si flukt frå Noreg året etter mista han også sin næraste samansvorne.<sup>93</sup> Þorlákr gav opp kampen mot eigenkyrkjevesenet men fekk likevel eit anna krav innfridd. Omkring år 1190 vart det forbode for godar å verte prestevigsla.<sup>94</sup> Den neste biskopen som fremja reformkrava på Island var biskop Guðmundr Arason i Hólar (1203-1237). Han sette seg ikkje opp mot godekyrkja men gjorde krav om kyrkjeleg jurisdiksjon i *klerkemál*, altså sakar som gjaldt dei geistlege og kyrkjene.<sup>95</sup> Verken Þorlákr eller Guðmundr lukkast med reformarbeidet sitt. Likevel var arbeidet deira viktig i og med kravet om kyrkjeleg fridom på dagsordenen.

Det var ikkje berre kyrkja som rokka ved godane sitt maktgrunnlag. I store delar av 1200-talet var Island prega av indre strid og maktkonsentrasjon. Ætterika som hadde etablert seg i den føregåande perioden stridde både mot kvarandre og internt, og landet skulle snart gå frå å vere prega av politiske maktkampar til å utvikle seg til borgarkrig.<sup>96</sup> Snorri Sturlusson starta maktkampane i byrjinga av 1220-åra og etablerte sitt rike i Borgarfjörður. På eit tidleg tidspunkt reiste han til Noreg og vart lendmann under kong Håkon Håkonsson, og han vart utpeikt til å arbeide for å sikre kongen Island. Sjølv om Snorri var meir opptatt av å sikre eiga makt enn å sikre kongen sine interesser, vart den norske kongemakta frå og med dette ein sentral aktør i maktkampane på Island. Ved å gradvis sikre seg kontroll over rika på Island sikra kong Håkon seg eit maktgrunnlag på Island, og i 1250 hadde han makt over større område på Island enn nokon islandsk gode.<sup>97</sup> Direkte herredømme over landet oppnådde kong

---

<sup>92</sup> Jón Jóhannesson 1956: 216 f. I kjeldematerialet heitar det at Þorlákr skulle ”undir sitt vald ... heimta allar kirkjur og kirknafé” i bispedømet. Det vert altså ikkje spesifisert at det er *stadir* han gjer krav på, men *alt* av kyrkjeegedom, også bondekyrkjene. Magnús Stefánsson argumenterar for at dette ikkje nødvendigvis peikar på noko motsetning, men at strida naturleg enda opp med å dreie seg om stadane kvar dei største interessene stod på spel og kvar det var lettare å gjere kyrkja sitt krav gjeldande. Kravet om herredøme over bondekyrkjene var ifølgje Magnús Stefánsson ikkje så vidtgåande og gav ikkje støt til noko alvorleg konflikt (Magnús Stefánsson 2000:29).

<sup>93</sup> Jón Jóhannesson 1956: 216-220.

<sup>94</sup> Gunnar Karlsson 2000: 42.

<sup>95</sup> Jón Jóhannesson 1956: 236-253, Jón Viðar Sigurðsson 2008: 163-167.

<sup>96</sup> Jón Viðar Sigurðsson 1993: 79.

<sup>97</sup> Wærdahl 2011: 95.

Håkon i åra 1262-64, då godane sverja truskap til kongen og byrja å betale han skatt.<sup>98</sup> Med denne underkastinga til kongen var godane si tid på Island over og islandske stormenn bygde no i hovudsak maktgrunnlaget sitt på kongeleg teneste.<sup>99</sup>

Reformkrava vart på ny lagt fram av biskop Árni Þorláksson i Skálholt (1269-1298). Det første Árni gjorde då han kom til Island som nyvigsla biskop var å krevje at alle stadar og all tiend skulle leggjast i biskopen si makt.<sup>100</sup> På same måte som tidlegare sette kyrkjebøndene seg opp mot biskopen, men ein ting hadde no endra seg – biskopen stod ikkje lenger åleine. Mange av dei tidlegare godane hadde blitt kongen sine menn etter at landet kom inn under norsk kongemakt i 1262-64, og måtte nødvendigvis bøye seg for hans avgjerder. Gjennom ein allianse med kong Magnus Lagabøte (1263-1280) tok strida ei vending i kyrkja sin favør. I bytte mot at biskopen hjalp kongen med å få lovteke *Járnsiða*, kong Magnus si nye lovbok for Island, skulle kongemakta støtte Árni i kampen mot godekyrkja. Då saka vart lagt fram for kongen og erkebiskopen i 1273 vart det derfor vedteke at biskopen skulle ha råderett *både* over stadane og bondekyrkjene.<sup>101</sup> Parallelt med dei kyrkjelege framstega på Island vann også reformkrava fram i Noreg.

Sigeren skulle likevel ikkje vere langvarig. Då kong Magnus døydde i 1280 tok formynderstyret til den tolv år gamle sonen hans, Eirik, over styret av riket. Dette førte i motsetnad til kong Magnus ikkje noko kyrkjevennleg politikk, og dette fekk konsekvensar for reformarbeidet både i Noreg og på Island. I 1283 kom ein av biskop Árni sine største motstandarar og samstundes kongen sin embetsmann, Hrafn Jónsson til Island med ein skipan som vedtok at alle stadar skulle gjevast attende til dei opphavlege eigarane.<sup>102</sup> Biskop Árni gav ikkje opp kampen, og hans fremste motstandar i den følgjande strida var Hrafn Jónsson. Korleis strida utspelte seg etter 1290 veit vi lite om. På dette tidspunktet endar nemleg hovudkjelda til konflikten, *Árna saga biskups*, brått. Før den endar fortel sagaen likevel om ei ny vending: Kong Eirik som no hadde vorte myndig ønska å kome til forlik med kyrkja.<sup>103</sup> Berre sporadiske tilvisingar i dei islandske annalane fortel oss om utviklinga dei neste åra, men partane skal ha kome til fleire forlik både i 1288 og 1295.

---

<sup>98</sup> Wærdahl 2011: 99.

<sup>99</sup> Etter at Island vart ein del av den norske kongen sitt rike i 1262-64 vert ærestittelen *bóndi* brukt om landet sine leijande menn (Wærdahl 2011: 224). Eg har valt å kalle desse mennene for stormenn i oppgåva mi.

<sup>100</sup> Magnús Stefánsson 1978: 124.

<sup>101</sup> Biskop Árni fekk råderett over staden Oddi og bondekyrkja i Vatnsfjörður. Denne avgjerda skulle fungere som rettesnor for liknande saker i framtida (Magnús Stefánsson 1978: 141, Gunnar Karlsson 2000: 97, Beistad 2008: 23).

<sup>102</sup> *Asb* kap. 73.

<sup>103</sup> Gunnar Karlsson 2000: 98-99.

Forliket som vert rekna for sluttstreken på *staðamál* vart inngått på Avaldsnes i Noreg i 1297. Her vart det vedteke at kyrkja skulle få råderetten over alle stadane, medan kyrkjebøndene fekk råderetten over bondekyrkjene.<sup>104</sup> Resultatet var altså at samstundes som kyrkja vart anerkjend som kyrkjeieigar og fekk kontroll over stadane, så eksisterte det framleis ei form for eigenkyrkje i bondekyrkjene.<sup>105</sup> Sjølv om Sættargjerda på Avaldsnes stod for ein viktig siger for kyrkja, vart det altså gjort innrømmingar ovanfor dei verdslege stormennene. Árni hadde truleg som mål å sikre seg råderetten over både stadane og bondekyrkjene. Samanlikna med avtalen av 1273, kvar han fekk innfridd kravet i sin heilskap, må Sættargjerda på Avaldsnes ha vore eit tilbakesteg. I løpet av 1200-talet hadde bondekyrkjene vakse i rikdom og vart dermed meir og meir viktig både politisk og økonomisk i forhold til stadane.<sup>106</sup>

Strida om stadane var likevel over. Frå og med 1305, då biskop Árni sin nevø og etterfølgjar på bispestolen, Árni Helgason, kom nyvigsla til Island og fordelte kyrkja sine nyvunne stadar til presteskapet, reknar Magnús Stefánsson starten på etableringa av eit kyrkjeleg *beneficialvesen* på Island.<sup>107</sup> Alle reformkrav var likevel ikkje innfridd heilt enda.

### **2.3.2 Frå to kristenrettar til ein einaste lovleg – vegen mot lovtakinga av *Kristinrétr Árni Þorlákssonar* for heile landet i 1354**

Også når det gjaldt reformkravet om kyrkjeleg lovgjevings- og domsmynde stod biskop Árni Þorláksson sentralt.<sup>108</sup> Parallelt med *staðamál* arbeidde han med utarbeidinga og innføringa av ein ny kristenrett. *Kristinna laga þátrr*, eller den eldre kristenrett, vart nedskriven i perioden mellom 1122 og 1133. Denne lovfesta blant anna eigenkyrkjevesenet og verdsleg kontroll over lokalkyrkjene.<sup>109</sup> Dette streid mot reformkravet om kyrkjeleg fridom, og det vart behov for kyrkja å få lovfesta ein ny og meir tidsriktig kristenrett. Når biskop Árni derfor utforma ein ny kristenrett, kjend som *Kristinrétr Árna biskups*, kravde han blant anna kyrkjeleg herredøme over stadane. For å få denne lovtatt var det likevel ikkje dei islandske stormennene han trong støtte av, men den norske kongen.

*Kristinrétr Árna biskups* vart innført i Skálholt i 1275. Kristenretten vart vedteken på Alltinget etter påbod frå biskop Árni. Dette vert påpeikt av kong Magnus i *Árna saga biskups*,

<sup>104</sup> DI II 167, Magnús Stefánsson 1978: 223 ff.

<sup>105</sup> Vilberg 1977: 31.

<sup>106</sup> Magnús Stefánsson 1978: 225. Stadane hadde dessutan mindre betydning på slutten av 1200-talet enn tidlegare.

<sup>107</sup> Magnús Stefánsson 1978: 226, Magnús Stefánsson 2000: 216. Eit beneficium var eit kyrkjeleg len som prestar haldt for biskopen (Magnús Már Lárusson, "Beneficium, Island" i KLNMI 1956: 457-458).

<sup>108</sup> For meir om temaet sjå Beistad 2008.

<sup>109</sup> Magnús Stefánsson 2000:204.



då det braut med kongen og erkebiskopen sitt lovgjevingsmonopol.<sup>110</sup> Formyndarstyret si overtaking av riksstyret gjorde seg likevel også gjeldande her på same måte som under *staðamál*, og den eldre kristenrett vart i 1283 innført på ny. Det er usikkert når den på ny vart lovteken i Skálholt.<sup>111</sup> Det som er sikkert er at dette skjedde før 1354, då ein kongeleg skipan vedtok at *Kristinréttir Árna Þorlákssonar* skulle gjelde i Hólar på same måte som i Skálholt.<sup>112</sup> Mykje tyder på at desse to kristenrettane levde side om side gjennom første halvdel av 1300-talet, noko som førte til at dei kunne nyttast om kvarandre i ulike konflikhtar. Som eg skal vise hadde både biskopar og islandsk folkesetnad ofte ei pragmatisk haldning til lovverka, og støtta seg gjerne på den av dei to som best sikra egne interesser.

I 1358, fire år etter at *Kristinréttir Árna Þorlákssonar* var lovteken for heile landet, vart det inngått eit forlik mellom lekmenn og biskop Gyrd Ivarsson (1350-1360) i Skálholt.<sup>113</sup> Dette vert etterfølgt av ei stadfesting av Sættargjerda på Avaldsnes frå 1297. Dette kan tyde på at avtalen som vart inngått eit halvt hundreår tidlegare ikkje hadde blitt overhalde i mellomtida.<sup>114</sup>

## 2.4 Verdslege stormenn og deira grep om den islandske kyrkja

Allereie frå kristninga av landet og etableringane av dei første kristne institusjonane festa dei islandske godane eit godt grep om kyrkja. Godane spelte ein viktig rolle ved etableringane av dei to bispeseta og av klostervesenet og reiste dessutan kyrkjer over heile landet. Reformrørsla som spreidde seg i Europa i høg mellomalderen hadde som eit av sine fremste mål å fri kyrkja frå verdsleg kontroll. Avskaffinga av eigenkyrkjesystemet stod sentralt, og på Island handla denne strida i fyrste omgang om råderetten over stadane. Strida kulminerte mot slutten av 1200-talet, og Sættargjerda på Avaldsnes i 1297 vert rekna som sluttstreken for *staðamál*. Forliket i 1297 vert ofte rekna som ein stor siger for kyrkja, men det er viktig å understreke at biskop Árne måtte gjere store innrømmingar ovanfor verdslege stormenn for å sikre seg kontrollen over stadane. Dei verdslege stormennene sikra seg kontrollen over dei stadig rikare bondekyrkjene, og haldt framleis eit godt grep om den islandske kyrkja ved inngangen av 1300-talet.

Den følgjande tida kan karakteriserast som ein dragkamp mellom dei to ulike partane om kontrollen over bondekyrkjene, men også om innverknad i andre kyrkjelege institusjonar.

---

<sup>110</sup> Wærdahl 2011: 131, Beistad: 2008: 32.

<sup>111</sup> Beistad 2008: 37-40.

<sup>112</sup> DI III 60.

<sup>113</sup> DI III 86.

<sup>114</sup> Magnús Stefánsson 1978:

Som vi skal sjå i kapittel 4 og 5 stoppa ikkje konfliktane kring økonomiske spørsmål med forliket av 1297. I kor stor grad fortsette eigentleg dei islandske stormennene å kontrollere den islandske kyrkja utover 1300-talet? Først skal eg likevel drøfte konsekvensane av eit anna reformkrav eg har gjort greie for i løpet av dette kapitlet, nemleg erkesetet si overtaking av valretten til bispeseta på Island. I historieskrivinga har det vore påstått at islendingane ønska at islendingar skulle halde bispeembeta i landet, då nordmenn ikkje skal ha hatt kjennskap til skikken og sedvanen i landet. Kan ein islandsk motstand til norske biskopar ha lege til grunn for konfliktane som utspelte seg på Island utover 1300-talet?

### 3. Bispekandidaten – motstridande ideal som årsak til konflikt?

Kjeldematerialet som omtalar konfliktane mellom biskopar, islandske stormenn og lokale geistlege institusjonar i Skálholt og Hólar er forholdsvis stort. Både den samtidige biskopsagaen *Laurentius biskups saga*, dei islandske annalane og diplomaterialet frå tida 1297-1390 gjev innblikk i kva som kan vere årsakene bak konfliktane. I eit par av desse kjeldene vert biskopane sin fødestad nemnd. Dette kan bli og har blitt tolka som at islendingane protesterte på nasjonaliteten til biskopane som vart plassert på dei islandske bispeseta. Hovudsakleg har denne argumentasjonen konsentrert seg om at biskopane sin bakgrunn låg til grunn for ei manglande forståing av islandske sedar og skikkar hjå dei norske biskopane. Målsetjinga med dette kapitlet er å finne ut om biskopane sin fødestad hadde noko å seie for islendingane, og vidare om fødestaden hadde noko å seie for biskopane sin kjennskap til islandske forhold.

Først vil eg ta føre meg spørsmålet om biskopen sin nasjonalitet som har vore eit sentralt spørsmål i mykje av historieskrivinga, og drøfte kor vidt det var viktig for islendingane at biskopen var islandskfødd. Deretter vil eg ta føre meg spørsmålet om biskopane sine føresetnadar for kjennskap til islandske forhold, ved å undersøkje kva kjennskapar erkesetet kan ha hatt. Til slutt vil eg sjå nærare på biskopane sine tidlegare karrierer for å undersøkje kva bakgrunn erkesetet såg etter ved val av biskopar til Island, for så å undersøkje kva for kvalitetar islendingane såg etter i ein biskop. Kan motstridande ideal hjå dei ulike partane ha vore ein årsak til konflikt mellom biskopar og den islandske folkesetnaden?

#### 3.1 Var biskopen sin fødestad av betydning?

I den nasjonalromantiske historieskrivinga på første halvdel av 1900-talet vart tapet av valretten til bispeseta i 1238 og rekkja av utlandske biskopar som i den følgjande tida kom til Island, sett på som eit vonde for landet. Følgjande utdrag frå Jón Helgason (1925) og Jón Jóhannesson (1956) illustrerar dette:

”Valget af Bisperne var nu kommet fuldstændig over i Nidaros-Domkapitlets Hænder, og man havde ikke den mindste Garanti for, at der ikke valgtes Mænd af udenlandsk Herkomst uden Sympati for den Befolkning, hvis aandelige Ledere de skulle være.”<sup>115</sup>

”En må derfor si at året 1238 betegner et viktig tidsskifte i den islandske kirkes historie. Den hadde sett sine beste dager og var frå nå av ikke en nasjonal kirke, men en stat i staten. De

---

<sup>115</sup> Jón Helgasson 1925: 180.

utenlandske biskopene var lite kjent med heimlige islandske forhold. De prøvde å få innført den katolske kirkes rett og skikker og brydde seg lite om landets egne lover og tradisjoner. Sammen med dem kom det en del andre utlendinger til landet, lærde og lekfolk, og de gjorde sitt til å øke denne utenlandske påvirkningen.”<sup>116</sup>

Som nemnd innleiingsvis gjorde Magnús Stefánsson eit oppgjer med den nasjonalromantiske historieskrivinga på 1970-talet, og har i sitt arbeid gått vekk frå å leggje nasjonalitet til grunn for konfliktane som utspelte seg mellom biskopane valt i Nidaros og den islandske folkesetnaden. Likevel finst det i seinare historieskriving framleis *tendensar* til å skape eit skilje mellom dei norske og dei islandske biskopane.<sup>117</sup> Målsetjinga med dette delkapitlet er å undersøkje kva som ligg til grunn for desse tendensane – reagerte islendingane verkeleg på at biskopane ikkje var islandske?

Dette vil eg gjere ved å ta utgangspunkt i sitatet frå *Laurentius saga biskups* og andre kjelder som nemner biskopane sin nasjonalitet og drøfte kor vidt islendingane reagerte på biskopane sin fødestad eller ikkje. Det viser seg at historikarar gjerne har bygd under påstanden om at islendingane reagerte på biskopane sin nasjonalitet med kjelder som omtalar eit islandsk ønske om å halde på valretten til bispeseta.<sup>118</sup> Eg vil i dette kapitlet poengtere at dette ikkje nødvendigvis er to sider av same sak.

### 3.1.1 Spørsmålet om nasjonalitet

Herre Laurentius kunngjorde for dei, at det betre ville tene kyrkja, lærde og leke i Hólar bispedøme, å ha islandsk biskop enn norsk, fordi at dei er betre kjend med seden og skikken i landet.<sup>119</sup>

Utdraget frå Jón Jóhannesson sitt verk *Íslendinga saga* er ikkje vanskeleg å spore attende til dette utdraget frå *Laurentius saga biskups*. På same måte som i *Laurentius saga biskups* er det

---

<sup>116</sup> Jón Jóhannesson: *Íslands historie*, oversatt av Hallvard Magerøy, Bergen 1969: 179.

<sup>117</sup> Jón Viðar Sigurðsson argumenterar i *Det norrøne samfunnet* for at nasjonalitet var av underordna betydning ved bispeval. Likevel skaper formuleringane hans eit svakt, men likevel tilstadesverande, skilje: ”Det tok ikke lang tid for de norske biskopene å sette sitt preg på den kirkepolitiske utviklingen på Island” (mi utheving) (Jón Viðar Sigurðsson 2008: 169). Gunnar F. Guðmundsson omtalar ikkje nordmenn som utlendingar i sitt verk *Kristni á Íslandi II*, då han under delkapitlet ”Útlendir biskupar” berre tek føre seg biskopar som vart valt eller flytta til bispeseta på Island av pavemakta. Likevel dreg han fram sitatet frå *Laurentius saga biskups* når han legg fram at det største problemet med dei utanlandske biskopane var at dei ikkje var islandske (Gunnar G. Guðmundsson 2000: 127). Også Jón Viðar Sigurðsson dreg dei same parallellane i ”Island og Nidaros” i S. Imsen (red.) *Ecclesia Nidrosiensis 1153-1537. Søkelys på Nidaroskirkens og Nidarosprovinsens historie*, Trondheim 2003a:134. Vidare vert norske biskopar omtala som utanlandske i Gunnar Kristjánsson (red.), *Saga biskupsstólanna Skálholt 950 ára – 2006 – Hólar 900 ára*, Hólar 2006: 408.

<sup>118</sup> Til dømes skriv Jón Viðar Sigurðsson i sitt bidrag til *Ecclesia Nidrosiensis*: ”I valgbrevet heter det at de biskopene som har vært av størst nytte (”nytteligaster”) for den hellige kirke på Island var de som ”af waro lande hafua samþykter werit”, det vil si valgt av islendingene selv. (Tilsvarende synspunkter var for øvrig vanlige alt tidlig på 1300-tallet, noe blant annet Laurentius saga vitner om)” (Jón Viðar Sigurðsson 2003: 134).

<sup>119</sup> ”Birti herra Laurentius fyrir þeim at betr mundi henta kirkjunni, lærðum ok leikum í Hólabyskupsdæmi, at hafa íslenzkan byskup en norrænan sakir þess at þeim er kunnigri landskapr.” (*Lsb* kap. 59).

manglande kjennskap til heimlege islandske forhold som er lagt fram som årsaka til at nordmenn ikkje var like gode biskopar som islendingar.

Biskopsagaen er ei interessant kjelde til diskusjon kring nasjonalitetsspørsmålet. Jørgen H. Jørgensen som har oversatt *Laurentius saga biskups* til dansk har argumentert for at biskop Laurentius sine ord på dødsleiet, om at både lærde og leke ville tene betre på å ha ein islandsk biskop enn ein norsk, speglar ein nasjonal tendens i sagaen. Biskopane sin nasjonalitet var ”årsag til succes og fiasko hos henholdsvis de islandske biskopper Jorundr og Laurentius, og den norske Audun.”<sup>120</sup> Jørgensen argumenterar vidare for at det var det harde styret under den norske biskopen Orm Aslaksson i Hólar (1343-1356) som låg til grunn for at Einarr sette islandske biskopar i betre lys enn norske.<sup>121</sup> Også Guðrún Ása Grímsdóttir støttar ein nasjonal tendens i biskopssagaen, og ved å setje sagaen inn i ein vidare historisk kontekst argumenterar ho for at islendingane si bøn om å få ein islending til biskop var tilstades gjennom heile mellomalderen.<sup>122</sup>

Likevel er det berre i eitt einaste utdrag biskop Audun sin nasjonalitet vert nemnd, andre stadar er det heller biskopen sin manglande kjennskap til dei fattigare kåra i landet som vert understreka.<sup>123</sup> Heller enn at problemet var at biskopen var nordmann, kan det peikast på misnøye med hans forvalting av bispesetet sine økonomiske ressursar. Biskop Audun var ein av Nidarosprovinsen sine rikaste og mektigaste geistlege, og var nok vand med ein storslagen livsstil frå tida ved erkesetet. Den islandske bispestolen hadde truleg ikkje ressursar til at han kunne fortsette dette leveviset, og dette førte nødvendigvis til forsøk frå biskopen si side til å auke bispesetet sine inntekter. Denne aukinga gjekk på kostnad av islandske stormenn, som tradisjonelt hadde gjort krav på ressursane Audun no ville leggje i bispesetet si pengekiste. Heller enn at nasjonaliteten til biskopen er hovudemnet i *Laurentius saga biskups* finst det ei generell misnøye med biskopen sin person og forvalting av kyrkja sin økonomi. Dette skal eg kome attende til i neste kapittel.

Den antekne forfattaren bak sagaen er Einarr Hafliðason (d. 1393) og den vart truleg nedskreven kring 1350.<sup>124</sup> Faren til Einarr var ein av Laurentius sine næraste venar, og dette kan ha prega framstillinga av biskopane. Laurentius og Audun hadde nemleg eit dårleg forhold til kvarandre. Allereie tidleg i sagaen hamnar desse på kvar si side under den

---

<sup>120</sup> Jørgensen 1982: 25.

<sup>121</sup> Jørgensen 1982: 33.

<sup>122</sup> Guðrún Ása Grímsdóttir 1998: LXXXVIII-LXXX.

<sup>123</sup> Det tidlegare nemnde utdraget frå kap. 59.

<sup>124</sup> Jørgensen 1982: 18-19.

valdsame strida mellom erkebiskop Jörundr og domkapitlet hans.<sup>125</sup> Einarr har truleg fått servert historia frå far sin og hans ven Laurentius sine synspunkt, noko som kan forklare den negative framstillinga av Audun. Uvenskapet mellom Laurentius og Audun varar gjennom heile sagaen til biskop Audun låg på dødsleiet. Her overraskar han med å anbefale Laurentius som sin etterfølgar.<sup>126</sup> I og med at nasjonaliteten til biskopane vert drege inn på Laurentius sitt dødsleie, er det naturleg å tenke seg at dette blir kommentert i Audun sitt tilfelle også, som eit litterært trekk frå forfattaren si side. Dette skjer ikkje. Derimot er det andre kvalitetar hjå Laurentius som vert dregne fram: at han var ein god og gudfryktig munk og at han var kyndig i kyrkjeretten. Det er interessant at nettopp desse kvalitetane vert dregne fram i ein saga skriven kring 1350, då den manglande moralen i klostera var eit problem og då kyrkja sin kamp for å få innført *Kristinrettur Árni Þorlákssonar* stod på som verst.<sup>127</sup> Valet av Laurentius til biskop i Hólar ser ut til å ha blitt gjort på grunnlag av personlege kvalitetar som ville styrkje kyrkja si sak på Island og ikkje på grunnlag av fødestad.

Biskopsagaen er likevel ikkje den einaste kjelda som ligg til grunn for teorien om islandsk motstand til norske biskopar. Den første kjelda kvar biskopen sin nasjonalitet i det heile tatt vert nemnd er i eit diplom frå 1319. Dette var eit brev sendt frå Island til kong Hákon V Magnusson i Noreg, kvar det vert klaga på biskop Audun i Hólar. Ved første augekast kan biskopen sin nasjonalitet bli oppfatta som ei årsak til konflikt på grunn av følgjande appell til kongemakta:

”Gode herre kong Hákon! Det er her skjedd eit dårleg og utilbørleg tiltak, at utlandske biskopar har blitt trengt inn i landet imot landsens sedvane frå gammal tid og det samtykkje og vedtak som vart skipa, då den heilage biskop Jón vart valt av lærde og leke i landet, for å gi til kjenne at biskopane skulle veljast her i landet alltid seinare.”<sup>128</sup>

Sjølv om det ved første augekast er snakk om temmeleg direkte tale frå islendingane si side, opnar dette utdraget for nokre spørsmål: For det første var biskop Audun den fjerde nordmannen til å bli plassert på dei islandske bispeseta. Om islendingane ikkje ønska

---

<sup>125</sup> I *Lsb* kap. 14 forteljust det om starten på uvenskapet.

<sup>126</sup> *Lsb* kap. 34.

<sup>127</sup> Moralinnad i klostera var eit hovudproblem ikkje berre på Island, men i heile Nidarosprovinsen i perioden 1311-1351 (Magnús Stefánsson 1978: 239-240). Biskopane Orm Aslaksson i Hólar (1342-1356) og Jón Sigurðsson i Skálholt (1343-1348) gjorde eit oppgjær med dei islandske klostera då dei kom til landet som nyvigsla (IA: 210, 222, 273, 401). Det var dessutan biskop Orm som stod bak lovvedtakinga av *Kristinrettur Árni Þorlákssonar* for heile landet i 1354, etter ei lang strid med islandske stormenn (DI III 60). Eg vil kome attende dette i kap. 4.

<sup>128</sup> ”Góði herra Hákon konungr! Þat hefir hér lítt ok óheyrilega orðit ok til tekizt, þá útlendir biskupar hafi hér þreingdir verit inn í landit í móti landsins vana, sem at fornu hefir yfir staðit [ok þeirri] samþykt ok ásetningu, er skiput var, þá heilagur Jón biskup var kosinn af lærðum ok leikum á Íslandi, þat til teikns at biskupar skyllði [svá kjósast hér í landit æ síðan.” (DI II 337).

nordmenn på bispestolen er det vel naturleg å anta at dei ville reagert tidlegare? Her må det likevel takast omsyn til kjeldesituasjonen, då det ikkje er umogleg at eventuelle protestar kan ha gått tapt. For det andre er det viktig å merke seg kven som er mottakaren av brevet, nemleg kong Håkon. Om islendingane verkeleg ønska å velje biskopane sine sjølve, kvifor sende dei klagebrevet til kongen og ikkje til erkesetet som sat på valretten?

Sverrir Jakobsson argumenterar for at det kan sporast eit vendepunkt i tenkjesettet (*mental shift*) hjå islendingane på 1300-talet:

”During the thirteenth century three Norse bishops served in Iceland, but encountered no opposition on ethnic grounds, although some of them had a fair share of trouble with local noblemen. In the fourteenth century the situation changed radically. (...) The essence of the letter was that foreign bishops had violated the ancient custom of the land with their innovations, and the farmers therefore wished for the reintroduction of the custom of choosing bishops from their own shores.”<sup>129</sup>

For å underbygge argumentet om eit vendepunkt visar Sverrir Jakobsson også til eit alltingsvedtak frå 1302. Islendingane kravde då at kongen sine embetsmenn på Island skulle vere islandske og frå dei gamle høvdingfamiliane.<sup>130</sup> At islendingane skal ha hatt problem med dei kongelege embetsmennene sin nasjonalitet har blitt avvist av både Jón Viðar Sigurðsson og Randi B. Wærdahl.<sup>131</sup> Dei argumenterar for at det i realiteten var islandske stormenn som stod bak dette kravet for å sikre innkoma og prestisjen som følgde med dei kongelege embeta. Det er mogleg at denne argumentasjonen har overføringsverdi for islendingane sine haldningar til dei kyrkjelege embeta. Sidan den islandske eliten fekk kravet sitt innvilga i 1305, er det mogleg dei gjorde eit forsøk på å oppnå same resultat også i kyrkjelege omsyn.

Ei siste kjelde eg vil diskutere i samanheng med islendingane sin reaksjon på biskopar som ikkje var islandske, er tilnamnet biskop Jon skalle Eriksson fekk i følgje *dei islandske annalane*: ”Grænlandinga byskop”.<sup>132</sup> Ved første augekast kan dette sjå ut som eit spottande tilnamn knytt til biskopen sin nasjonalitet. Det kan likevel ikkje stemme sidan Jon skalle var nordmann.<sup>133</sup> Tilnamnet hengde saman med den alvorlege skuldinga om at biskopen ikkje hadde ”skild” seg frå kyrkja han opphavleg var vigsla til. Gjennom bispevigslinga gjekk han nemleg inn i ei form for ekteskap med bispekyrkja på Garðar, og berre paven sjølv kunne

---

<sup>129</sup> Sverrir Jakobsson, ”Strangers in Icelandic Society 1100-1400” i *Viking and Medieval Scandinavia* vol. 3 2007:150.

<sup>130</sup> Sverrir Jakobsson viser her til DI I 153 B.

<sup>131</sup> Jón Viðar Sigurðsson: ”The Icelandic Aristocracy after the Fall of the Free State” i *Scandinavian Journal of History* Vol. 20 1995: 160 og Wærdahl 2011: 198-201.

<sup>132</sup> IA: 278.

<sup>133</sup> Gunnar F. Guðmundsson 2000:118.

løyse han frå dette. I dette tilfellet er det ikkje snakk om hets grunna fødestad, men heller eit tilfelle av opprør innanfor presteskapet mot ein biskop som var vigsla til ei anna kyrkje.

Jon skalle sitt tilnamn hadde likevel opphav i eit islandsk opprør mot den nye biskopen. Han kom til landet og kravde bispestolen i 1358, men utan gyldige papir, og islendingane nekta å godta han som biskop.<sup>134</sup> Prestane i Hólar med støtte frå lokale bønder, særskild frå Eyjafjörðurområdet, samla seg i opprør mot biskopen.<sup>135</sup> Dei valde ut sin eigen kandidat og det skal ha vore ordgjete både på Island og i Noreg at Þorsteinn var lovleg biskop.<sup>136</sup> Dette opprøret og det uformelle valet er interessant og opnar for eit nytt spørsmål – ønska islendingane å vinne attende valretten?

### 3.1.2 Eit ønske om å vinne attende valretten til bispeseta?

Mannen som forsøkte å kuppe bispestolen i 1350-åra var Þorsteinn Hallsson. Han var prest i Hólar i perioden 1329-1363 og official frå 1358.<sup>137</sup> Þorsteinn var frå ei velstående og mektig slekt, og også hans far hadde vore ein leiande skikkelse innanfor det islandske presteskapet.<sup>138</sup> Offisiellembetet la han frå seg året etter og utfordra som nemnd den nyinnsette Hólarbiskopen.<sup>139</sup> Jon skalle kom likevel sigrande ut av strida, og med både erkesetet, kongsmakta og paven i ryggen vart han rekna som einaste lovlege biskop innan 1370.<sup>140</sup> Þorsteinn døydd allereie i 1363 og det ser ikkje ut til at nokon annan kandidat vart utpeikt av islendingane til bispeembetet.<sup>141</sup>

Þorsteinn lukkast ikkje i å bli lovleg biskop, men forsøket i seg sjølv er interessant. Mykje tyder på at islendingane forsøkte å fremje eigne kandidatar til bispeseta gjennom heile perioden min. Etter at fleire av biskopane dør, fortel kjeldene om at islendingar reiser til erkesetet med nyhenda.<sup>142</sup> Det er likevel ein stor skilnad på å fremje eigne kandidatar, og å krevje valretten sjølv. Eit ønske om å få attende valretten vart ytra allereie i klagebrevet av 1319 nemnd ovanfor, kvar det visast til ein avtale om at ”biskopane skulle veljast her i landet alltid seinare”. Dette brevet vart likevel sendt til kongemakta og ikkje til erkesetet. Ønsket,

---

<sup>134</sup> IA: 225, 278.

<sup>135</sup> IA: 225, 278, 279, 406, 408. Biskopane hamna i konflikt med stormenn frå Eyjafjörður-området fleire gongar i løpet av perioden. Dette vil eg kome attende til i dei to følgjande kapitla.

<sup>136</sup> IA: 225.

<sup>137</sup> ÍÆ V s. 208.

<sup>138</sup> *Lsb* kap. 30 og ÍÆ V s. 208. Þorsteinn sin far var Hallur Sigurðsson i Hvammi i Vatnsdal.

<sup>139</sup> IA: 225.

<sup>140</sup> I 1358 kom erkebiskopen sine menn til Island med beskjed om at erkebiskopen hadde innsett Jon skalle på Hólar med spesialmandat frå paven (IA: 277). Kongsmakta kravde i 1366 utbetalt ei bot på 13 mark og 7 ørtugar frå bønder som ikkje ville godta Jon skalle som lovleg biskop (IA: 227). I 1370 kom Jon skalle til Island med bevis frå pavekurien og alle menn godtok han samrøystes (IA: 228, 279-280).

<sup>141</sup> IA: 226.

<sup>142</sup> Sjå til dømes *Lsb* kap. 33, 34, 58.



eller kravet, vert dermed ikkje formelt i og med at det faktiske valorganet ikkje vart involvert. Valet på Þorsteinn Hallsson derimot, ser ut til å ha vore eit forsøk på å kuppe valet. Dette kastar nytt lys på klagebrevet frå 1319: forsøkte islendingane å kuppe valet då også? Om så var tilfelle lukkast dei ikkje med det då, og heller ikkje i 1350-åra.

På midten av 1400-talet lukkast islendingane likevel i å få plassert ein eigen kandidat på bispestolen. Hendingane kring dette valet ligg derfor utanfor min periode, men eg ønsker likevel å ta dei med i diskusjonen avslutningsvis. I 1458 samlast det til prestemøte på Viðivöllum og nordmannen Olav Ragnvaldsson vart utnemnd *electi* til Hólar. Dei grunngav valet sitt med at biskopane som hadde vore til størst gagn for landet tidlegare var dei som hadde vorte valt nettopp med islandsk samtykke.<sup>143</sup> Ein viktig ting å merke seg ved dette valet er at Olav var ein nordmann. Han hadde likevel budd på Island i lengre tid, forvalta store stadar og kjende godt til korleis sedane og skikkane i landet var.<sup>144</sup> Olav var godt integrert i det islandske samfunnet. Dette motbeviser likevel ein av røyndomane i seinare historieskriving om at islendingane ønska islendingar på bispeseta.

Derimot er det altså mykje som tyder på at islendingane ønska å peike ut eigne kandidatar. Likevel er det viktig å merke seg at Olav gjennom valet på prestemøtet på Island vart ein kandidat til bispestolen, og ikkje meir enn det. Islendingane hadde gjennom store delar av seinmellomalderen som nemnd sendt sine kandidatar til erkesetet og pavestolen med vekslande utfall.<sup>145</sup> Islendingane sin bispekandidat var framleis avhengig av å verte godkjend og vigsla av overhovudet i Nidaros, noko som kjem klart fram i eit brev som vart skrivne ikkje lenge etter prestemøtet i 1458. Det var nemleg på denne tida motkandidaten til Olav, den ukjende og pavevalte Matheus dukka opp i landet og påstod å vere rett biskop i Hólar. Mennene som hadde underteikna valbrevet kom no med eit nytt skriv kvar dei slo fast at dersom Olav kom attende frå Nidaros vigsla som biskop og med bevis på dette, så ville dei ta han til biskop. Men, dersom dette ikkje skjedde og Matheus kunne syne dei rette papira og bevise at han var rett biskop ville dei godta han som sitt kyrkjelege overhovud.<sup>146</sup> Ein forsøkte å plassere eigne kandidatar på bispestolen, men godtok at erkesetet hadde den reelle valretten. Ei svekking av pavemakta på 1400-talet gjorde at røystene deira vart høyrd.<sup>147</sup>

Til slutt må likskapane og skilnadane mellom valbrevet av 1458 og klagebrevet av 1319 kommenterast. Kravet i valbrevet har likskapar med sluttappellen i klagebrevet av 1319,

---

<sup>143</sup> DI V 153.

<sup>144</sup> Gunnar Kristjánsson 2006:417.

<sup>145</sup> Sjå til dømes *Lsb* kap. 29, 33.

<sup>146</sup> DI V 157.

<sup>147</sup> Ei svekking av pavemakta i perioden medførte at erkebiskopen på ny vart ein reell leia over erkebispedømet, og fekk attende valretten til bispeseta (Jón Viðar Sigurðsson 2003a: 134).

men eg meiner at mottakaren av brevet utgjer ein stor skilnad. Medan klaga i 1319 var utstedt til kongemakta, vart brevet i 1458 sendt til erkesetet, som faktisk hadde mynde til å la islendingane få ta større del i bispevala. Også avsendarane må kommenterast. Medan desse i 1319 var verdslege stormenn var dei i 1458 dei fremste innanfor det islandske presteskapet. Til slutt er det sjølv sagt eit poeng i seg sjølv at brevet frå 1319 var eit klagebrev, medan det frå 1458 var eit valbrev. Formåla bak breva var ulike, noko eg vil drøfte nærare i dei følgjande kapitla når sjølv klagemåla i brevet skal diskuterast.

Ut i frå det eg har vist i dette delkapitlet meiner eg at det ikkje er mogleg å drage nokon line mellom ønsket om å kunne plassere ein egen kandidat på bispestolen med eit ønske om at biskopen skulle vere ein islending. Det er altså viktig å skilje situasjonen i 1458 frå den nasjonale retorikken i *Laurentius saga biskups*. Biskopane sin nasjonalitet vert svært sjeldan nemnd i kjeldematerialet. Likevel vert dei få kjeldene som finst ofte dregne fram i historieskrivinga for å kaste lys over nasjonalitetsproblematikken. I dette delkapitlet har eg vist at islendingane ikkje ser ut til å ha hatt problem med nasjonaliteten til biskopane sine. I *Laurentius saga biskups* var det biskop Audun som person som vart kritisert, ikkje som nordmann. Biskop Laurentius vart valt til biskop på grunn av sine kvalifikasjonar, ikkje fordi han var islending.

Likevel står framleis spørsmålet om kor vidt islendingane hadde betre kjennskap til islandsk skikk og sedvane ope. Somme av biskopane i Skálholt og Hólar på 1300-talet hadde aldri vore på Island før dei kom ut som nyvigsla, og det vert derfor naturleg å spørje om kva slags grunnlag desse hadde for å forstå seg på islandske forhold. Her kjem erkesetet si rolle som valorgan og overhovud inn.

### 3.2 Erkesetet sin kjennskap til islandske forhold

I ein diskusjon om kor vidt biskopane hadde kjennskap til islandsk skikk og sedvane, må nødvendigvis også erkesetet sin kunnskap drøftast. Det var erkebiskopen og domkapitlet som valde biskopane, og som informerte biskopane om tilstanden i bispedøma. I dette delkapitlet vil eg sjå nærare på omfanget av kontakten mellom Island og Nidaros, for å skape eit bilete av erkesetet si forståing av islandske forhold og stormennene sitt grep om kyrkja. Formålet med dette delkapitlet er å vise at ein god kjennskap til islandske forhold låg til grunn for bispevala, og at biskopane i stor grad må ha visst kva som venta dei då dei gjekk om bord i skipet som frakta dei til Island.

Erkebiskopen hadde i kraft av sitt embete ansvar for å halde oversyn med heile kyrkjeprovinsen. Dette gjorde han hovudsakleg på tre måtar: gjennom direkte visitas, ved å halde provinsialkonsil og ved å påleggje biskopane møteplikt.<sup>148</sup> Frekvensen av denne typen kontakt kan fortelje mykje om erkesetet sitt grunnlag for kjennskap til islandske forhold.

Det er ikkje kjend noko tilfelle kvar erkebiskopen sjølv visiterte dei oversjøiske bispedøma.<sup>149</sup> I undersøkingsperioden min sendte han likevel minst tre visitasjonsfølgje til Island.<sup>150</sup> Desse vart sendt ut i 1307, 1341 og 1357-58.<sup>151</sup> Visitasfølgjet frå 1307 bestod mellom anna av Laurentius Kálfsson som seinare skulle bli biskop på Hólar. Han møtte motstand på ferda si og den dåverande biskop Jörundr i Hólar forsøkte å overtale han til å pynte på rapporten han skulle gi til erkebiskopen. Til dette svarte Laurentius:

Jeg er klar over at Jeres magt, herredømme og herskeregenskaber er så store, at I kan overvinde og undertrykke mig, men så holder jeg ikke den ed, som jeg svor min herre, ærkebiskoppen, nemlig at jeg skulle sige ham sandheden om biskoppernes embedsførelse og retsudøvelse.<sup>152</sup>

Erkebiskopen sine utsendingar var grundige i sitt arbeid.<sup>153</sup> Både i visitasfølgjet av 1307 og 1357-58 var ein av dei to utsendingane islandske munkar. Praksisen med å sende minst ein islending på sendeferder var også vanleg praksis hjå kongemakta.<sup>154</sup> Broder Laurentius haldt til ved erkesetet i ein lengre periode, og det gjorde også broder Eysteinn Asgrimsson, som utførde visitas i 1357-58.<sup>155</sup> Det ser ut til at det var vanleg at islandske geistlege opphaldt seg ved erkesetet i lengre periodar. På denne måten fekk nødvendigvis erkebiskopen og domkapitlet med jamne mellomrom rapportar om kva som gjekk føre seg på Island.

Eit interessant poeng knytt til visitasen er at dei gjerne vart haldt rett før eit nytt bispeval. I 1307 var biskop Jörundr i Hólar ein gammal mann, og han døyddi i 1313. Egill Eyjólfsson og Jón Endresson døyddi begge i 1341, medan Orm Aslaksson og Gyrd Ivarsson døyddi i 1357 og 1360. Det er mogleg ein av årsakene bak visitasane var å undersøkje dei

---

<sup>148</sup> Anne Marit Hamre 2003:225.

<sup>149</sup> Anne Marit Hamre 2003: 225-226.

<sup>150</sup> Erkebiskopen sine utsendingar fekk dei nødvendige fullmakter for å gjennomføre visitasen, om enn avgrensa for eit visst geografisk område og ein avgrensa tidsperiode (Anne Marit Hamre 2003: 226).

<sup>151</sup> 1307: *Lsb* kap. 17 ff., IA: 53, 74, 149, 201, 264, 340, 390 og DI III 341. 1341: IA: 209, 222, 273, 352, 401. 1357/58: IA: 225, 277, 357, 406 og DI III 86.

<sup>152</sup> *Lsb* kap. 23.

<sup>153</sup> Det må nemnast at Laurentius sin kompanjong, dominikanarmunken Bjørn, ikkje var like dedikert i sitt oppdrag. Han var i utgangspunktet ikkje ein mann erkebiskopen ønska å sende ut, men gjorde det likevel etter påtrykk frå domkapitlet. Denne situasjonen var spesiell pga. konflikten mellom erkebiskopen og domkapitlet i perioden, og eg går ut i frå at visitorane som regel var lojale mot erkebiskopen.

<sup>154</sup> Sjø t.d. Wærdahl 2011: 134.

<sup>155</sup> Han reiste frå Island i 1355 (IA: 356) og kom altså ut att som visitor to eller tre år seinare.

islandske forholda før eventuelle bispeval. Visitasen var ei god kjelde til informasjon, ei anna var å kalle dei islandske biskopane eller deira fullmechtige til seg.

Verdien av personleg kontakt mellom biskop og overhovud skal ikkje undervurderast. Biskop Árni Þorláksson i Skálholt (1269-98) reiste til Nidaros fire gongar i løpet av si embetstid, og har utan tvil drøfta framgangen i reformarbeidet på Island med overhovuda sine ved erkesetet.<sup>156</sup> Kontakten og samarbeidet kjem tydeleg fram ved at andre runde av staðamál vart initiert av biskop Arní i samarbeid med erkebiskop Jon raude (1267-82), og *Kristinréttir Árna Þorlákssonar* var i stor grad basert på kristendomsretten Jon raude utarbeidde i same periode. Biskop Árni si embetstid er før perioden i undersøkinga mi, likevel nemne eg det her sidan kjennskap til staðamál var viktig for biskopane på 1300-talet.

Også etter Sættargjerda på Avaldsnes fortsette biskopane å reise mellom erkesetet og Island. På grunn av konflikten mellom erkebiskop Jørund og domkapitlet i Nidaros, som mellom anna dreidde seg om nettopp valretten til bispeseta utan domkapittel, stod bispestolen i Skálholt tom frå biskop Árni sin død i 1298 til 1304. Den nye biskopen var Árni Helgason (1304-1320). Medan strida ved erkesetet stod på oppheldt han seg i Noreg, truleg ved erkesetet mesteparten av tida.<sup>157</sup> Árni reiste også til Noreg etter at kyrkja i Skálholt brann i 1309, og ein gong til i 1319 kvar han døydd.<sup>158</sup> Særskild under lengre opphald må biskopane ha hatt god tid til å rådføre seg med erkesetet om situasjonen på Island.

Første halvdel av 1300-talet såg fleire provinsialkonsil enn nokon gong tidlegare, og det vart utskrive mange statuttar som vart gjort gjeldande for heile provinsen.<sup>159</sup> I løpet av perioden 1306-1351 vart det halde åtte provinsialkonsil.<sup>160</sup> Dei islandske biskopane deltok ikkje på alle desse møta, men det er likevel tydeleg at det som vart diskutert der også vart diskutert med dei islandske biskopane anten før eller etter dei ulike konsila. Jon Halldorsson i Skálholt (1322-1339) skreiv i juli 1326 ut eit hyrdebrev som må ha blitt til i samarbeid med erkebiskopen. Året etter vart det nemleg halde provinsialkonsil, og statuttet frå dette er delvis identisk med biskop Jon sitt hyrdebrev.<sup>161</sup> Til slutt vil eg nemne at ei hyppig brevveksling truleg fann stad mellom bispedøma på Island og erkesetet i Nidaros. I følgje Jón Viðar Sigurðsson er det grunn til å anta at erkebiskopen hadde god kontakt med Island gjennom

---

<sup>156</sup> *Asb* kap. 137 og Beistad 2008: 62.

<sup>157</sup> IA: 386. Árni reiste frå Island i 1299.

<sup>158</sup> På den første ferda opphaldt han seg ei tid hos kongen, og kom attende med tømmer til å bygge oppatt kyrkja som hadde brunne ned (*Lsb* kap. 27, 33 og IA: 202, 204).

<sup>159</sup> Oluf Kolsrud, *Noregs kyrkjesoga I. Milliomalderen*, Oslo 1958: 258.

<sup>160</sup> Provinsialkonsila vart haldne i 1306, 1313, 1320, 1327, 1334, 1336, 1336-1345 og 1351 (Jón Viðar Sigurðsson 2003a:132 og 2006: 510).

<sup>161</sup> Magnús Stefánsson 1978: 244.

heile perioden 1170-1350.<sup>162</sup> Storparten av det bevarte brevmaterialet er likevel sendt frå Nidaros til Island, medan det er bevart langt færre brev andre vegen. Dette kan kome av at ein reiste til Nidaros dersom ein hadde behov for å rådføre seg med erkebiskopen.<sup>163</sup> Ein annan årsak kan vere varierende bevaringsforhold.

Erkesetet hadde altså mange middel for å oppnå kontakt med og øve kontroll over bispedøma på Island. Desse midla vart nytta flittig. Eg meiner at det ikkje er nokon grunn til å tru at ein ved erkesetet ikkje hadde kjennskap til kva som gjekk føre seg på Island, og om den islandske kyrkja sin plass i samfunnet. Biskopane fekk truleg ei grundig innføring både i korleis situasjonen var på Island, og korleis embetet burde skjøttast.

Likevel er det ikkje sikkert at erkesetet og islendingane hadde same inntrykka av kva eigenskapar som var viktige hjå ein biskop på Island. Kva kvalitetar var det eigentleg erkesetet såg etter i ein biskop, og korleis stemte desse overeins med islendingane sin 'idealbiskop'?

### 3.3 Kompetanse og karriere kontra islandske 'ideal'

Ved inngangen til 1300-talet hadde både erkesetet og dei islandske stormennene *staðamál* i friskt minne. For dei må det ha vore viktig å plassere biskopar på dei islandske bispeseta med god kjennskap til reformkrava og kyrkjeretten. Jón Jóhannesson argumenterar for at kameraderi innanfor den norske kyrkja styrte bispevala som vart gjort i Nidaros.<sup>164</sup> I dette delkapitlet vil eg likevel argumentere for at erfaring innanfor kyrkja var sentrale kriterium ved vala. Eg vil også sjå nærare på kva for kvalitetar islendingane såg etter i ein 'idealbiskop'.

#### 3.3.1 Biskopane valt i Nidaros – kompetanse og karriere

Til Skálholt vart det vigsla åtte biskopar i perioden. Den første biskopen som vart valt til Island etter at *staðamál* vart avslutta var Árni Helgasson til Skálholt (1304-1320).<sup>165</sup> Han var nevøen til den føregåande biskopen Árni Þorláksson.<sup>166</sup> Truleg starta han si karriere innanfor kyrkja tidleg, og fekk opplæring av onkelen sin. Allereie i 1288 var han med til Nidaros i kyrkjeleg ærend, og vert omtala som kappelan.<sup>167</sup> Etter at Árni Helgasson døydde i 1320 vart

---

<sup>162</sup> Jón Viðar Sigurðsson 2003a: 136.

<sup>163</sup> Jón Viðar Sigurðsson 2003a: 136.

<sup>164</sup> Jón Jóhannesson 1958: 113.

<sup>165</sup> *Lsb* kap. 17 og IA: 52, 73, 148, 200, 389 (Her er det ført opp at biskop Árni Þorláksson vart vigsla til Skálholt i 1303. Dette er nok berre ein skrivefeil.) og 486.

<sup>166</sup> *Asb* kap. 1, 135, 140 og 142.

<sup>167</sup> *Asb* kap. 135.

Ormr Þorsteinsson utnemnd *electi*, altså valt til biskop, men døydde før han vart vigsla.<sup>168</sup> Deretter vart enda ein islending valt, Ormr Steinsson, men han nekta å ta i mot embetet og døydde kort tid etter.<sup>169</sup> Eg veit ikkje stort om bakgrunnen til desse to, men det er interessant at Ormr Steinsson sette seg mot valet. Grim Skutusson, tidlegare abbed på Nidarholm, vart vigsla til Skálholt i 1321, men han døydde før han rakk å reise ut til Island.<sup>170</sup> Deretter vart Jon Halldorsson valt i 1321 eller 1322.<sup>171</sup> Jon hadde vore korbrior i Bergen før han vart utnemnd til bispeembetet.<sup>172</sup> Jon Eindridason vart valt til biskop i 1339, men døydde berre to år seinare.<sup>173</sup> Før han vart tilsett som biskop hadde han vore abbed i Selja.<sup>174</sup> Islendingen Jón Sigurðsson vart biskop etter han (1343-48).<sup>175</sup> Han vert omtala som 'broder', og har truleg vore i eit av dei islandske klostera før han vart biskop.<sup>176</sup> Deretter følgde embetstida til nordmannen Gyrd Ivarsson frå 1350.<sup>177</sup> Han hadde tidlegare vore i Helgeseter kloster, men vart valt til abbed ved Johannesklosteret i Bergen i 1339.<sup>178</sup> Neste nordmann ut, Torarin Sigurdsson, veit vi lite om. Han var då også berre biskop i åra 1263-64.<sup>179</sup> Den siste nordmannen som vart valt av erkesetet i Nidaros var Oddgeir Torsteinsson, som vart valt i 1365.<sup>180</sup> Han var tidlegare korbrior ved Kristkyrkja i Bergen.<sup>181</sup>

Til Hólar vart det vigsla fem biskopar i perioden. Audun raude Torbergsson vart vigsla til biskop i Hólar i 1313 og hadde ein imponerande karriere bak seg før denne utnemninga.<sup>182</sup> I ei kjelde frå 1285 vert han nemnd som korbrior i domkapitlet i Nidaros og i *Laurentius saga*

<sup>168</sup> *Lsb* kap. 33 og 35. Ormr var son av Þorsteinn Skekkgjason i Skógum (ÍÆ IV: 102).

<sup>169</sup> Berre paven kunne løyse ein *electi* etter at han vart valt. Ormr måtte derfor avgje *votum peregrin acionis ad limina apostolorum Petri et Pauli*, altså eit løfte om pilegrimsreise (*Lsb* kap. 35 og Jøregensen 1982: 181). Ormr var son av Steinn Grímsson i Haukadal (ÍÆ IV: 101).

<sup>170</sup> Nemnd som abbed på Nidarholm 24. november 1313 (DN VIII 46) og 27. mai 1319 (DN III 115). Vigsels- og dødsår i IA: 205, 267, 345, 395.

<sup>171</sup> *Lsb* kap. 29. og IA: 152, 345, 395 (1321) og 205 og 267 (1322).

<sup>172</sup> DN I 126. Jon Halldorsson er i denne kjelda nemnd som korbrior 19. februar 1310, han hadde altså vore medlem av domkapitlet i Bergen i minst 11 år då han vart valt til biskop.

<sup>173</sup> Vigd: IA: 208, 221, 350, 399. Død: IA: 209, 222, 273, 351, 401.

<sup>174</sup> DN VII 156 og IA: 221, 350.

<sup>175</sup> IA: 209, 222, 273, 352, 401.

<sup>176</sup> DI II 510 og IA: 209. Eg trur han var munk på Island fordi han reiste frå Island berre to år før han vart vigsla (IA: 352).

<sup>177</sup> IA: 214, 354, 404 og 276 (1349).

<sup>178</sup> C.C.A. Lange, *De norske Klosters Historie*, Christiania 1856: 224 og DN IV 241. Valet vart gjort av munkane i St Jons kloster, men erklært ugyldig på grunn av eigenskapane til både veljarane og den valde. Biskop Håkon av Bergen, som då fekk valretten, valde likevel Gyrd til abbedembetet på grunn av hans kunnskapar.

<sup>179</sup> IA: 279 (1363), 410 (1363). Kolsrud påstår i bispelista si at året 1363 er gale Kolsrud, Oluf: "*Den norske Kirkes Erkebiskoper og Biskoper indtil Reformationen*", tillegg til Diplomatarium Norvegicum syttende samling, Christiania 1913), og at Torarinn vart vigd i 1362 og kom ut rett før mikkelsmesse same året (IA: 226, 360). Dette grunnjev Kolsrud med at han vert nemnd i DI IV 156 frå 4. september 1363. Død: IA: 227, 360 (1364). 279 og 410 (1369).

<sup>180</sup> IA: 227 (1366), 279 (1369), 411 (1370).

<sup>181</sup> Nemnast som medlem av domkapitlet 23. august 1351 (DN IX 150 og DI III 22), 18. september 1352 (DN I 333 og DI III 25) og 10. desember 1356 (DN II 333). I 1352 opptrer han også som kollektor av pavetiend.

<sup>182</sup> IA: *Lsb* kap. 29 og IA: 150, 203, 265, 343, 392.

*biskups* kjem det tydeleg fram at han på byrjinga av 1300-talet var mellom dei fremste geistlege menn i Nidarosprovinsen.<sup>183</sup> Han hadde dessutan vore kong Håkon sin fehirde og var visstnok ein nær ven av han. Medan Audun sat i domkapitlet vitja han kurien to gongar.<sup>184</sup> Biskopsagaen fortel at Audun var ein eldre mann då han vart valt, at han hadde forstand på pengar og var ein rik mann.<sup>185</sup> Audun døydde i 1322 og to islendingar følgde han på bispestolen: Lárentíus Kálfsson (1324-1331) og Egill Eyjólfsson (1332-1341).<sup>186</sup> Biskop Laurentius hadde ei lang karriere som klostergeistleg bak seg då han vart valt til biskop og han skal dessutan ha vore svært lærd innanfor kyrkjeretten. Han gjekk i skule ved erkesetet i sin ungdom.<sup>187</sup> Egill hadde ei lang karriere ved bispesetet i Hólar før han vart biskop i 1332.<sup>188</sup> I 1343 vart ein ny nordmann vigd til bispesetet i Hólar; Orm Aslaksson.<sup>189</sup> Kjeldene fortel at han hadde vore medlem av domkapitlet i Stavanger i minst femten år fram til 1334, men eg vil anta at han heldt denne stillinga fram til han vart vigd til biskop nesten ti år seinare.<sup>190</sup> Den siste biskopen som vart valt til Hólar av erkesetet var nordmannen Jon skalle Eriksson. Opphavleg hadde han vorte vigsla til bispesetet Garðar på Grønland i 1343, men dette bispesetet hadde vorte dobbeltbooka. Biskopen på Grønland var enda ikkje død slik som ein trudde ved erkesetet då Jon vart vigsla. Då Orm døydde opna det seg ei ny moglegheit for Jon. Dette tilfellet skil seg frå dei andre bispevala i perioden. Sjølv om Jon vart valt til Hólar i Nidaros, måtte han til kurien for å bli overflytta frå Garðar.<sup>191</sup> Det er mogleg Jon var munk før han tok bispeembetet fyrste gongen.<sup>192</sup>

Eit fellestrekk for biskopane som vart valt i Nidaros var ei lengre karriere innanfor kyrkja. Fleire av biskopane med islandsk bakgrunn fekk opplæring ved bispesetet dei skulle bli tildelt seinare, dette gjaldt Árni Helgason, Laurentius Kálfson og Egill Eyjólfsson. Attåt

<sup>183</sup> DN VIII 12 og *Lsb* kap. 29.

<sup>184</sup> Edvard Bull: "Audun Torbergsson Raude" i Edv. Bull, A. Krogvig og Gerhard Gran *Norsk biografisk leksikon bind I Aabel-Bjørnson*, Kristiania 1923: 322-323, Lars Hamre 2003: 191-192.

<sup>185</sup> *Lsb* kap. 29.

<sup>186</sup> Audun dør: IA: 152, 205, 267, 345, 395, 489 og *Lsb* kap. 34.

<sup>187</sup> Audun rosa Laurentius for gode kvalitetar som trongst i ein biskop (*Lsb* kap 34). Laurentius hadde erfaring gjennom visitasreiser (*Lsb* kap 17 ff.) Laurentius hadde vore prest i Olavskyrkja i Nidaros (*Lsb* kap 13). Under sitt opphald i Nidaros studerte han dessutan flittig kyrkjeretten (*Lsb* kap. 11).

<sup>188</sup> Egill vart tidleg diakon og gjekk i lære hjå Laurentius (*Lsb* kap. 29) og vart prestevigsla av biskop Audun raude og vart gjort til skulemester på Hólar (*Lsb* kap. 31). Dessutan vart han utnemnd prest på Grenjaðastaðir; ein av dei største stadane på Island (*Lsb* kap. 40, 51, 57). Også han opphaldt seg ved erkesetet over fleire periodar (*Lsb* kap 35, 35 og 37, 38 og 51, 54). På desse ferdene gjorde han seg vens med erkebiskopen ("Herre ærkebiskoppen forstod hurtigt, at hr. Egil var den ypperste klerk og jurista" (*Lsb* kap. 51).

<sup>189</sup> IA: 222, 273 og 401. 209 (1342).

<sup>190</sup> Orm er nemnd som medlem av domkapitlet 30. mai 1319 (DN IV 129), 6 September 1320 (DN IV 145), 14 Marts 1321 (DN IV 147). og 21. oktober 1334 (DN IV 213).

<sup>191</sup> "Herra Jon byskop skalle for vt ad curiam at impetrera byskops stolsins aa Holum aa Islande." Impetrera kjem av impetro som tydar å oppnå eit kyrkjeleg embete med løyve frå paven (IA: 276-277 og 405 (1357)). IA: 214 (1353), 224 (1356).

<sup>192</sup> Kolsrud 1913: 275. Sjølv har eg ikkje funne noko kjelde som omtalar han som munk.

dette var alle ved erkesetet over lengre periodar, og fekk truleg delar av opplæringa si der.<sup>193</sup> Audun Torbergsson, Orm Aslaksson og Jon Halldorsson var alle korherrar. Grim Skutusson, Laurentius Kálfsson, Jon Eindridasson, Jón Sigurðson og Gyrd Ivarsson var abbedar eller munkar ved ymse kloster. Det er ingen tvil om at desse mennene var godt kvalifiserte for embeta dei vart gjevne.

I nokon tilfelle kan ein faktisk spørja seg om dei var overkvalifiserte. Dette kjem tydlegast fram i biskop Audun sitt tilfelle. Han var av dei fremste korherrane i Nidaros og hadde administrert det rikaste kannikgjeldet i provinsen, Trondenes, i ei årrekke.<sup>194</sup> Då Audun var medlem av domkapitlet i Nidaros oppstod det konflikt mellom korbrørne og erkebiskop Jørund. I denne strida var Audun og Eilif korte Arnason blant erkebiskopen sine største motstandarar, og truleg var begge desse moglege kandidatar for stillinga som neste erkebiskop.<sup>195</sup> Audun tapte kampen om erkesetet, og i 1311 vart Eilif vigsla til erkebiskop.<sup>196</sup> Bispesetet i Hólar kan derfor ha blitt gjeve til Audun som kompensasjon. Ei anna moglegheit er at han fekk embetet fordi han tok for mykje plass i domkapitlet, og dei andre medlemmene ønska å få han ut av vegen.<sup>197</sup> Orm Aslaksson sine mange år som medlem av domkapitlet i Stavanger kan også ha gjort han til ein mogleg kandidat til bispesetet der, men då ein annan vart tildelt dette bispesetet kan han ha fått Hólar som kompensasjon. I og med så mange av biskopane var eldre menn då dei vart tildelt embeta, kan det heller ikkje utelatast at desse to bispeembeta vart nytta som løn for lang og tru teneste innanfor kyrkja. Eg vil heller ikkje sjå bort i frå at dei islandske bispeembeta kan ha virka meir innbydande for dei fremste geistlege innanfor Nidarosprovinsen etter Sættargjerda på Avaldsnes. Rikdomen som låg til stadane kan ha vore lokkande, og opna for at fleire høgtstående menn ønska å ta bispeembeta på Island.

---

<sup>193</sup> På byrjinga av 1300-talet var storparten av korbrørne godt utdanna, særskilt innanfor kyrkjeretten, mellom anna etter lengre opphald i utlandet. T.d. i Bologna som var hovudsetet for rettsvitenskapen i perioden (Lars Hamre 2003: 192). Også utlandske geistlege med god utdanning oppheldt seg ved erkesetet. T.d. Jon Flemming frå Flandern som hadde studert i Paris og Orleans. Han underviste i kanonisk rett ved erkesetet mellom anna for Laurentius Kálfsson (*Lsb* kap. 8, Lars Hamre 2003: 192).

<sup>194</sup> Eit kannikgjeld var prestegjeld som korbrørne i eitt domkapittel hadde lagt under seg og overteke embetsrettane og inkomene frå. Sjelesorgen, messeholdet og dei øvrige embetsgjeringane vart skjøtta av ein vikar. For meir om Trondenes kannikgjeld sjå, Lars Ivar Hansen, "Trondenes kannikgjeld" i S. Imsen (red.) *Ecclesia Nidrosiensis 1153-1537. Søkelys på Nidaroskirkens og Nidarosprovinsens historie.*, Trondheim 2003.

<sup>195</sup> I 1284 vart biskop Narve i Bergen valt til ny biskop, men før han kunne knytast til Nidaroskyrkja måtte han først løysast frå kyrkja i Bergen. Dette var det kun paven som kunne gjere, og eit sendefølgje vart sendt til Roma for å leggje fram saka. Mellom desse var Audun. Paven ville ikkje godta valet, og ga ordre om gjenval. Ei sendeferd vart derfor sendt frå pavestolen med fullmakt til å peike ut ein anna, anten *ein frå sendelaget* eller ein anna dei fann skikka, til ny erkebiskop. Audun raude var altså ein særskilt mogleg kandidat til embetet (Lars Hamre 2003: 192).

<sup>196</sup> Kolsrud 1955: 363.

<sup>197</sup> Det gjekk rykter om at domkapitlet skal ha sendt Audun til Hólar på grunn av hans nære venskap med kong Håkon. Kongen skal visstnok kun ha høyrte på Audun om han var til stades, og at det derfor vart vanskeleg for dei andre medlemmene i kapitlet å fremje sine syn og interesser (*Lsb* kap. 29).



Det vart altså vigsla 13 biskopar til bispeseta på Island i perioden mellom 1297-1390, fire islendingar og ni nordmenn. Også ytterlegare to islendingar var tiltenkt embeta, men den eine døydde før vigslinga og den andre ønska ikkje embetet. Alle som vart valde hadde ei lengre karriere innanfor Nidaroskyrkja bak seg. Somme i kloster eller domkapittel i Noreg, andre i islandske kloster eller ved ein av islandske bispeseta. Alle biskopane var derfor godt kvalifiserte til eit bispeembete. Det finst ingen openberr skilnad mellom dei islandsk- og norskfødde biskopane sine bakgrunnar når det gjeld karriere og kompetanse.

### 3.3.2 Var biskopane kvalifiserte i islendingane sine auge?

I dette delkapitlet vil eg drøfte om det fanst ein islandsk 'idealbiskop', og om biskopane som vart sendt til Skálholt og Hólar oppfylte islendingane sine krav. For å finne denne islandske idealbiskopen vender eg blikket attende til tida før 1238 då islendingane valde biskopane sine sjølve. Bispevala frå den tida vil truleg best spegle kriteria islendingane verdsette hjå ein biskop, og desse vil eg samanlikne med idealiserande tendensar i *Laurentius biskups saga*.

Før 1238 var det gjerne menn som hørde til dei leiande slektene på Island, eller som hadde gode kontaktar innanfor desse slektene, som vart biskopar. Ofte tok godane til seg gutar av lågare byrd til fostring og det var ikkje uvanleg at fostersøner vart tildelt bispeembete.<sup>198</sup> Felles for desse mennene var dessutan ei god utdanning utanlands.<sup>199</sup> Ved eit bispeval i Hólar heilt i byrjinga av 1200-talet vart det argumentert fram og attende for to kandidatar. Argument som då vart nytta for å fremje den eine parten var gode kontaktnettverk og erfaring med økonomisk ansvar. Dette var altså ynskjelege kvalitetar i ein biskop. Kandidaten vart likevel satt til side av motstandaren, som var nordlending.<sup>200</sup> Tilhøyring til staden var avgjerande. Det skada nok heller ikkje at kandidaten hadde gjort seg populær hjå folket gjennom å vere gåvmild mot fattige og dessutan utøve mirakel. Orri Vésteinsson har gjort ei studie av *Hungrvaka* og funne fram til forfattaren bak sagaen sin idealbiskop. *Hungrvaka* er ein biskopsaga som truleg vart forfatta i løpet av dei to første tiåra av 1200-talet, altså i perioden før erkesetet overtok valretten i 1238. Idealbiskopen derifrå kan derfor spegle den islandske idealbiskopen i perioden.

---

<sup>198</sup> T.d. var Heilag-Þorlákr av ein lågtstående familie, men vart tildelt bispeembetet i Skálholt etter å ha vore til fostring hjå presten og høvdingen Eyjólfur Sæmundarson på Oddi (Orri Vésteinsson 2000: 152). Også Guðmundr goði var frå ein lågtstående familie (Orri Vésteinsson 2000:155).

<sup>199</sup>Biskop Gizzur, den fyrste biskopen i Skálholt, fekk si utdanning i Sachsen (Orri Vésteinsson 2000: 144), Heilag-Þorlákr studerte i England og Frankrike (Orri Vésteinsson 2000: 152), Páll Jónsson (biskop frå 1194) hadde utdanning frå Lincoln (Orri Vésteinsson 2000:154).

<sup>200</sup> Orri Vésteinsson 2000: 155.

I følge *Hungrvaka* var den ideelle biskopen ein mann som kunne skape og halde fred, attåt det å auke innkoma og prestisjen til bispedømet. I tillegg beundrar forfattaren biskop Klængur Þorsteinsson i Skálholt (1152-76) for hans visdom og retoriske kunnskapar, i tillegg til hans gode kjennskap til lovane i landet. Vidare rosast både Klængur og andre biskopar for deltaking i politiske konflikhtar.<sup>201</sup> Idealbiskopen var altså ein aktiv deltakar i lokalsamfunnet på lik line med verdslege stormenn. Orri Vésteinsson argumenterar for at biskopane måtte vere ein del av den verdslege maktstrukturen for å kunne delta i samfunnet som aktørar på lik line med godane:

His [biskop Brandr] methods were anyway those of any well-connected chieftain, enlisting the help of friends and relatives to mount expeditions and ensuring success by intimidation and even force if needed. This kind of episcopal authority depended on the bishop being a part of the secular power structure, maintaining strong ties with a power base built on familial relations.<sup>202</sup>

For å summere opp: biskopen måtte kunne skape fred, auke bispedømet sin økonomi og prestisje, delta i lokalsamfunnet, ha stor kunnskap – spesielt om lovverket i landet – og sjølv vere ein del av den sekulære maktstrukturen. Det er her viktig å understreke eit poeng frå førre kapittel om at det islandske samfunnet ved inngangen av 1300-talet var eit heilt anna enn kva det var på tidleg 1200-tal. Både verdslege stormenn og biskopane fekk no makta si legitimert utanfrå, frå kongen og erkebiskopen. Ei direkte overføring av verdjar som vart verdsett i ein periode til ein annan kan derfor verte anakronistisk. Likevel kjem det fram at liknande kvalitetar vart verdsett hjå biskopar også på 1300-talet. I *Laurentius saga biskups* kjem biskop Jörundur i Hólar (1267-1313) godt ut, og karaktertrekka som vert understreka hjå han er lik dei frå *Hungrvaka*:

Alle sager endte nemlig sådan, at biskop Jörund bestemte det hele, ligegyldigt hvem han havde med at gøre i Holar stift. Det var nemlig sådan i den sidste ende, at alle ville sidde og stå og på alle måder gøre, som det passede ham, for han havde bedre end nogen forstand på verdslige sager, og han var ikke smålig med penge.

Også her kjem dei same kjenneteikna oppatt: forstand på økonomi og i verdslege saker, men kva dreidde eigentleg desse sakane seg om? Dette er tematikken for dei to neste kapitla.

---

<sup>201</sup> Orri Vésteinsson 2000: 162, 164, 291. Vésteinsson argumenterar dessutan for at biskopen vert framstilt som den ideelle høvding både i *Hungrvaka* og ein anna biskopsaga, *Páls saga* (Orri Vésteinsson 2000: 164).

<sup>202</sup> Orri Vésteinsson 2000: 166.

### 3.4 Biskopen sin fødestad og hans føresetnad for kjennskap til islandske forhold

Målsetjinga med dette kapitlet var å finne ut om biskopane sin fødestad hadde noko å seie for islendingane, og om den hadde noko å seie for deira kjennskap til islandske forhold. Det eg har vist i dette kapitlet er at biskopane sin nasjonalitet ikkje ser ut til å ha vore ein årsak til konflikt i perioden. Eg meiner at det ikkje er mogleg å drage parallellar mellom eit ønske frå islendingane si side om å sjølv halde valretten til bispeseta og eit ønske om at biskopen skulle vere ein islending. Som eg har vist finst det veldig få kjelder som i det heile tatt nemner nasjonaliteten til biskopane. Hovudsakleg er det to kjelder som har ein nasjonal retorikk som kan tolkast i fleire retningar: *Laurentius saga biskups* og klagebrevet av 1319. Utdraget frå biskopsagaen som vart sitert innleiingsvis har i stor grad lege til grunn for teoriar om nasjonaliteten si betyding for konfliktane i perioden. Likevel legg sagaen større vekt på personlege eigenskapar enn på biskopen sin nasjonalitet. Klagebrevet frå 1319 må sjåast i samanheng med klagebrevet som vart sendt i 1302. Valbrevet frå 1458 tyder på at islendingane på dette tidspunktet gjorde eit forsøk på å ta del i bispevala, men det finst ikkje noko teikn på at ein ønska ein islending – dei valde trass alt ein nordmann til biskop.

Som eg har vist hadde erkesetet truleg god kjennskap til islandske forhold, og dessutan også til korleis situasjonen var og utvikla seg gjennom heile perioden. Dei hadde eit godt grunnlag for å velje biskopar dei meinte kunne tene kyrkja på Island på best mogleg måte. Mennene som var valde var da også kvalifiserte til embeta gjennom ei lengre karriere innanfor Nidaroskyrkja. Biskopane oppheldt seg ofte lenge ved erkesetet før dei som nyvigsla biskopar reiste ut til Island, og i løpet av denne tida er det truleg at dei vart oppdatert om forholda i bispedøma. Biskopane visste kva dei reiste til då dei kom til bispeseta sine. Det er likevel ikkje sikkert at det var ei lang karriere innanfor kyrkja som var det viktigaste for islendingane. Ifølgje eit bispeideal som syner seg i kjelder frå før 1238 tyder mykje på at det var viktig for islendingane å ha ein biskop som kunne skape fred, styrke bispedømet sin økonomi og prestisje, vere kunnskapsrik og ikkje minst at han sjølv helst skulle vere ein del av den sekulære maktstrukturen og ha forstand på verdslege saker. Var det mangel på dette som førte til konflikt mellom biskopar, stormenn og kloster?

## 4. Mellom sedvane og ny kristenrett – tiendkonfliktar mellom biskopar og verdslege stormenn

Tienda var eitt av hovudtemaa i konfliktane under *staðamál*, og fortsette å vere eit heitt tema også utover 1300-talet. Ei av årsakene til at desse konfliktane oppstod var at det eksisterte to kristenrettar som kunne nyttast om kvarandre. Den eldre kristenretten, *Kristinna laga þátr*, vart gjeninnført som gjeldande kristenrett i 1283, men til tross for dette ser det ut til at *Kristinna laga þátr* og den nye kristenretten, *Kristinréttir Árna Þorlákssonar* levde side om side fram til *Kristinréttir Árna Þorlákssonar* vart lovteken for heile landet i 1354.

Tiendlovgjevinga og tiendkonfliktane er gode indikatorar på kva veg maktbalansen vippa mellom biskopane og verdslege stormenn til ulike tider i perioden. Tienda var ei kyrkjeleg innkome som verdslege stormenn hadde kontrollert sidan kyrkja si etablering på Island. Biskopleg suksess eller feiling med å sikre seg kontrollen over denne kan derfor fortelje noko om kor langt kyrkja på ulike tidspunkt hadde kome i arbeidet med å lausrive seg frå verdsleg kontroll. Islandske stormenn sine forsøk på å vise til gamal landsens sedvane for å legitimere kravet sitt på tienda kan i mange høve sjåast som eit forsøk på å sikre si stilling ovanfor kyrkja, både økonomisk og når det gjaldt posisjonen stormennene tradisjonelt hadde ovanfor allmuga.

Målsetjinga med dette kapitlet er å undersøkje kvifor tienda var så viktig både for biskopen og dei verdslege stormennene. Dette vil eg gjere ved å først ta føre meg generelt om tienda og om tiendlovgjevinga i perioden. Deretter vil eg drøfte konfliktar kring fattigtienda, og om korleis kontroll over tienda kan knytast til kontroll over den islandske reppen. Vidare vil eg diskutere konfliktane kring preste- og kyrkjietienda, før eg til slutt drøftar viktigeita av tienda si politiske/sosiale betyding i tillegg til den økonomiske.

### 4.1 Den islandske tiendordninga

Den islandske tiendordninga skilde seg frå den i Noreg og i resten av verda. Også i samtida var ein tydeleg klar over at den islandske ordninga var ulik andre. Dette sa kong Eirik Magnusson sitt sendebod til Island i 1281, Lodin Lepp, klart si meining om, då han var på Island i samband med innføringa av kong Magnus Lagabøte si lovbok:

”Men hva kan være større åger enn den uriktige tiendeordningen som er her i landet? Dere biskoper krever tiende av søljer og sølvbelter, kopper og kar og annet dødt gods, og jeg undrer

meg svært over at folk i landet finner seg i en slik usømmelighet av dere og ikke yter norsk tiende, den som er vanlig over hele verden, og som er den eneste rette og lovlige”<sup>203</sup>

Som Lodin påpeika, var ein av skilnadane mellom tiendordningane på Island og i Noreg grunnlaget ein rekna ho ut i frå. I Noreg rekna ein tienda ut i frå rein realinntekt av avkastinga frå dei tre hovudnæringsvegane i landet; åkerbruk, feavl og fiske.<sup>204</sup> På Island derimot vart ho rekna med grunnlag i formue, altså heile kapitalen og ikkje berre avkasting av innkomer.<sup>205</sup> All tiend som var på minst 1 øre, eller 6 alen vadmål, vart kalla deltiend (norr. *skiptitíund*) og vart delt i fire delar. Den eine delen skulle gå til biskopen, ein annan til presten, ein tredje til kyrkjebygget og ein siste til dei fattige.<sup>206</sup> All tiend som var på mindre enn ei øre vart derimot gjeven udelt til dei fattige. Ein skil altså mellom fattigtienda som gjekk udelt til dei trengjande og fattigdelen av deltienda.

Ifølgje kristendomsbolken i *Grágás*, *Kristinna laga þáttr*, var det kyrkjebonden, altså grunnleggjaren av ei kyrkje eller etterkomarane hans, som skulle forvalte preste- og kyrkjetienda.<sup>207</sup> Attåt dette kunne kyrkjebonden i mange høve også verte tildelt råderetten over bispe- og fattigtienda av biskopen. Det hende altså at kyrkjebonden rådde over tienda i sin heilskap. Det var mellom anna denne lekmannskontrollen av tienda biskop Árne i Skálholt forsøkte å setje ein stoppar for i sitt reformarbeid, ved å implementere kravet om kyrkjeleg kontroll over tienda i kristenretten han utforma, *Kristinréttir Árna Þorlákssonar*.<sup>208</sup> Denne nye kristenretten vart lovteken i 1275 men avskaffa i 1283.<sup>209</sup> Likevel gav ikkje biskopen opp kampen om å få full råderett over tienda. Ved Sættargjerda på Avaldsnes møttest partane på halvvegen og det vart avgjort at biskopen skulle ha råderett over innkoma, mellom anna

---

<sup>203</sup> (...) en hvat má herra okr vera en tíundargerð sú hin rangliga sem hér er á landinu? Þer byskuparnir heimtið tíund af sylgjum ok silfrbeltum, koppum ok keröldum ok öðru dauðu fé, ok undra ek mjök hví landsbúiit þolir yðr slíkar óhæfur ok gerið eigi norræna tíund at eins þá sem gengr um allan heiminn, ok einsaman er rétt ok lögtekin.” (*Asb* kap. 63).

<sup>204</sup> Lars Hamre, ”Tiend, Noreg” KLNLM XVIII 1974: 282.

<sup>205</sup> Av 100 6-alens øre i fast eigedom og/eller lausøre skulle ein betale 6 alen, altså 1%. I høgmedalderen var renta 10% og tiendlova bygde derfor på at ein rekna 10% av innkoma frå all eigedom, også livlaust gods (*Magnús Stefánsson*, ”Tiend, Island” i KLNLM XVIII 1974: 287).

<sup>206</sup> *Grg* s. 38-39.

<sup>207</sup> ”Nú eru eftir tveir fjórðungar tíundar. Það er hálf tíund hvers manns. Það skal leggjast til kitkna og presta reiðu, svo til hvernir kirkju sem biskup vill, og hann skiptir tíundum til, og reiða þeim manni í hönd er kirkju varðveitir þá er tíundum er til skipt. Hann skal kaupa að presti tíðir svo sem han má viður komast, og þá hluti er til kirkjuburftar þarf að hafa sem fé það vinnst til. (...) Búandi sá er á kirkjubæ þeim býr er tíundinni er til skipt, hann er réttur heimtandi og sækjandi og seljandi þeirrar sakar ef hann vill.” (*Grg* s. 39).

<sup>208</sup> ” Byskup várr skal kirkjum ráða og öllum eignum þeirra og öllum kristnum dómi, svá og tíundum og tilgjöfum þeim sem menn gefa guði og hans helgum mönnum lögliga sér til sálhjálpur, því að ekki vald megu leikmenn yfir slíkum hlutum eiga utan byskupa skipan. Præsta og lærða menn skal byskup til kirkna skipa svá sem máldagar standa til. (*KÁÞ* s. 149).”

<sup>209</sup> Sjá kap. 2.3.3.

tienda, frå stadane, medan kyrkjebøndene fekk fortsette å råde over bondekyrkjene.<sup>210</sup> Sjølv om biskop Árni sin kristenrett vart avskaffa gjennom eit kongeleg vedtak i 1283 ser det likevel ut til at *Kristinréttur Árna Þorlákssonar* og *Kristinna laga þáttur* levde side om side utover 1300-talet. Desse parallelle kristenrettane og dessutan overlappende vedtak i kongen si lovbok *Jónsbók*, førte til at dei ulike lovene i somme samanhengar kunne nyttast mot kvarandre.

## 4.2 Fattigtienda

Frå Sættargjerda på Avaldsnes og fram til 1354 utspelte det seg fleire konflikhtar om fattigtienda. Desse konfliktane gjekk oftast ut på at biskopane ville gjere endringar i den islandske tiendordninga medan 'bændr ok almúgi' ville halde den som den var. Islendingane viste gjerne til gammal sedvane, medan biskopane ofte haldt seg til vedtektene i *Kristinréttur Árna Þorlákssonar*. Målsetjinga med dette delkapitlet er å kaste lys over kven det var som tente og kven som tapte på biskopane sine nyordningar i høve til fattigtienda.

### 4.2.1 Konflikhtar om fattigtienda og fattigdelen av deltienda

Ordninga med å utbetale tiend udelt til fattige var eit særiskandinavisk fenomen, og vart truleg oppfatta som ei unødvendig utgift av biskop Audun raude Torbergsson i Hólar. Kjeldene fortel berre om eitt einaste forsøk på å minske denne udelte almessa til dei fattige, og det vart gjort av Audun på byrjinga av 1300-talet, men med lite hell:

”Der var da igen uroligt om vinteren og foråret i Holar stift, for efter slette menneskers tilskyndelse blev biskop Audun overtalt til, at der skulle betales deltiende af hundrede og derover (at lúkast skyldi skiptitíund af hundraði ok þaðan af meira). Ubosatte mænd rundt om i Skagafjord sluttede sig sammen og dannede flok og ville ikke gå ind på dette. De belejrede biskoppen på *Høfdaholar*, og der var fare for, at de ville have pågrebet biskoppen og lagt hånd på ham, hvis ikke *Rafn Jonsson fra Glaumbær* og mange præster havde bekræftet, at der skulle betales tiende efter de regler, som var gældende fra gammel tid, og som bestemte, at det skulle tilkomme de trængende alene, som var mindre end af fem hundreder.”<sup>211</sup>

Biskopen sitt forsøk på å minske fattigtienda vart stoppa av den lokale stormannen Hrafn Jónsson. Med ei myndig hand hindra han eit overfall på biskopen samstundes som han avgjorde saka. Biskopen ser ikkje ut til å ha hatt meir han skulle seie i saka etter Hrafn si innblanding, og eit kongeleg vedtak stadfesta den islandske ordninga i høve til fattigtienda kort etter.<sup>212</sup> At ingen andre biskopar i perioden forsøkte å endre på denne sedvanen kan tyde på at dette var ei svært etablert ordning, med lite rom for endringar. Både eldre og ny

---

<sup>210</sup> DI II 167.

<sup>211</sup> *Lsb* kap. 32.

<sup>212</sup> Islendingane klaga også om denne hendinga til kongen (DI II 337).

kristenrett stadfestar fattige sin rett til all tiend på mindre enn ein øyre, så Audun trassa både lov og sedvane ved dette høvet.<sup>213</sup>

I konflikta kring fattigdelinga av kvalfangst på heilagdagane vart derimot ulike lovverk sett opp mot kvarandre. I 1319 klaga nordlendingane på nytt om at biskopen Audun raude ville "ta og har teke til seg sjølv og til kyrkja av fisk og kval som har vorte fiska eller fløtt på heilagdagane og teke frå fattige menn."<sup>214</sup> Biskop Jörundur i Hólar (1267-1313) hadde vore i liknande konflikta med nordlendingane etter at ein kval vart jaga på land i Skagafjörður på ein heilagdag.<sup>215</sup> Biskopen ville ha den delen av kvalen som kyrkja hadde krav på ifølgje *Kristinréttir Árna Þorlákssonar*, medan dei fattige på si side meinte at denne delen skulle gå til fattige, slik som kongen si lovbok og forn kristenrett bestemte.<sup>216</sup> I eit særstengt ordlag formante kong Hákon Magnusson biskop Jörundur til å gje dei fattige attende det han hadde teke frå dei, og understreka kor forkasteleg han meinte det var at kyrkja rana fattige på denne måten. Vidare skreiv han at om ikkje biskopen hadde gjort opp innan ein halv månad, ville hans sysselmenn og handgjengne menn take av bispegodset ein sum tilsvarande det han skulda dei fattige, i tillegg til den avkastinga han kan ha hatt på dette i mellomtida. Som vi skjønar var stranda kval ein viktig ressurs for islendingane.<sup>217</sup> I *Jónsbók* finn vi derfor ei grundig lovgjeving om kven som hadde rett på kval og andre ting som dreiv i land og som gjekk under fellesnemninga *reka*. I tilfelle kvar kyrkja eigde rettar på reka i område som var i allmenn eige vart dette oppført i *máldagar*.<sup>218</sup>

Også i Skálholt var lovgjevinga kring heilagdagsfangsten uklár, og biskop Jon Halldorsson (1322-1329) vedtok i 1326 at biskop Árne Þorláksson sine vedtekter i *Kristinréttir Árna Þorlákssonar* skulle vere gjeldande, etter å ha spurt blant islendingane om kva andre biskopar før han, som var "meir kjend med sedane og skikkane i landet" hadde meint om saka.<sup>219</sup> Det er tydeleg at gamal sedvane hadde vore eit viktig tema då saka var under diskusjon. Biskop Jon unngjekk å hamne i konflikt ved å vise til korleis ein tidlegare biskop,

---

<sup>213</sup> *KÁÞ* s. 164 og *Grg* s. 38.

<sup>214</sup> "(...) uilia taka oc tekit hafa til sin oc kyrknanna af fiski oc huolum er ueiddir uerða aa helgum dogum oc taka af fataekum monnum." (DI II 342).

<sup>215</sup> DI II 183.

<sup>216</sup> *Jb* s. 206, *KÁÞ* s. 176-179 (Eg har ikkje funne dette kommentert i *Grg*). Ifølgje klagebrevet som vart sendt til kongemakta tok biskop Jörundur ein femtedel av kvalen og ikkje den fjerdedelen som han skal ha ifølgje den nye kristenretten. Eg vel likevel å tru at det er på grunnlag av den nye kristenretten biskop Jörundur tok denne delen av kvalen, ein teori som støttast i Magnús Stefánsson 1978:234 og Jón Þorkelsson i ingressen til diplommet DI II 183.

<sup>217</sup> I *Lsb* kap 36 vert det fortalt om ein kval som stranda på landet til Hólarkyrkja og denne vog nærare fire hundre vættir, noko som tilsvarar om lag tjue tonn.

<sup>218</sup> Máldagar er reknskap over det ei kyrkje eller eit presteembete heldt av gods, innkomer, legatar og liknande, og kan nyttast til å undersøkje storleiken på formuane til bispekyrkjene og dei enkelte lokalkyrkjene (Magnús Már Lárusson: "Máldagi", *KLNM XI* 1966: 264).

<sup>219</sup> "sem lanðzháttir var her kunnigri" (DI II 373).

biskop Árni Þorlákssonar, hadde handtert spørsmålet. I 1354 var fattigtienda på ny eit tema i konfliktar mellom biskop Orm i Hólar og folkesetnaden i bispedømet, då ymse menn i bispedømet ikkje hadde betalt åt kyrkja det dei skulda både av fangsten gjort på heilagdagur og andre ting.<sup>220</sup>

Biskopane forsøkte hovudsakleg å byte ut tidlegare islandsk kristenrett med ein ny kristenrett betre tilpassa reformkrava i tida, og som betre tok i vare bispesetet sine interesser. Det er derfor ikkje tale om rekkjer av umedvitne brot på islandsk sedvane. Viktigheita av å halde seg til gamal landsens sedvane var for islendingane knytt til økonomiske behov. Likevel er det ikkje sikkert at det utelukkande var dei fattige som tapte på desse nyordningane. Sjølv om konfliktane ovanfor dreidde seg om fattige sine økonomiske rettar var det ikkje nødvendigvis dei fattige som fremja saka og deltok i konfliktane.

#### 4.2.2 Reppen og stormennene si stilling vert utfordra

Sjølv om fattigtienda var eit privilegium gjeve til dei dårlegare stilte i bispedøma er det mykje som tyder på at det var lokale stormenn som kjempa for å halde på den gamle ordninga. Var konfliktane eigentleg knytt til fattige sine rettar?

I 1281 skulda Lodin Lepp dei islandske bispane for å drive åger, altså å krevje rente, ved å halde på den særeigne tiendordninga. Dette var noko som kyrkja heldt som strengt forbode i mellomalderen. Som svar på denne skuldinga sa biskop Arní Þorláksson i Skálholt (1269-98) at dei hadde pave Innocens sitt ord for at denne ordninga ikkje var ågerverksemd og at den derfor ikkje medførte sjeletap for nokon.<sup>221</sup> Før biskop Árni rakk å forsvare seg var det likevel ein annan som først tok ordet for å verne om den islandske tiendordninga, nemleg stormannen Hrafn Oddsson. Han var kongen sin leiande mann på Island og i utgangspunktet på Lodin si side, men likevel tok han den islandske tiendordninga i vern: ”Herre, den tiendeordningen som gjelder her i landet, er god, og både klerker og legfolk vil være dårlig tjent med en annen.”<sup>222</sup> Dette utbrotet er interessant og opnar for spørsmål: Kvifor var stormennene så ivrige etter å halde på den islandske tiendordninga og kva tente dei på dette?

Islandske stormenn sine ønskjer om å bevare den islandske tiendordninga kan moglegvis knytast til reppen og den rolla den tradisjonelt hadde knytt til omsorg av fattige og fordeling av fattigtienda. Reppen (norr. *hreppr*) var ei geografisk avgrensa samling av gardar som samarbeidde i ulike saker som måtte angå folkesetnaden; alt frå innsamling av buskap på

---

<sup>220</sup> DI III 60.

<sup>221</sup> *Asb* kap. 63.

<sup>222</sup> ”Herra,” segir hann, ”góð er tíundargerð sú sem vér höfum, ok önnur mun hvárumtveggjum, klerkum ok leikmönnum, óhentari.” (*Asb* kap. 63).



seinsommaren, til drøfting og vedtaking av reglar for kvar enkelt repp og altså fattigomsorg. Det er ikkje kjend kor mange reppar som fanst i mellomalderen, men i 1703 var det 164 stk.<sup>223</sup> Kvar repp bestod av minst tjue hushald som hadde eigedom av ein viss storleik.<sup>224</sup> Den var hierarkisk oppbygd, og leidd av fem reppstjorar (norr. *hreppstjóri*).<sup>225</sup> Det var desse reppstjorane som hadde ansvar for å fordele fattigtienda til dei trengjande under reppane sine haustting.<sup>226</sup> Dessutan var det desse som stod bak utdelinga av matgåver til fattige og det som vart fiska på heilagdagane. Reppen hadde vore ansvarleg for dette sidan tiendeordninga vart innført i landet og fattigtienda utgjorde hovudinnkoma til reppen.<sup>227</sup> Kvar repp styrte seg sjølv då det ikkje fanst nokon overordna institusjon, og frå gamalt av vart den enkelte repp leidd av lokale godar.<sup>228</sup> Dei tidlegare godane sine stillingar innanfor reppen kan gje eit mogleg svar på stormennene sine interesser i konfliktane tidleg på 1300-talet.

Det viser seg at fleire av stormennene som deltok i desse konfliktane kan knytast til gamle godeætter. Som nemnd forsvara Hrafn Oddsson den gjeldande tiendordninga, og det same gjorde sonesonen hans, Hrafn Jónsson, i konflikten med biskop Audun raude om fattigtienda. Sjølv om Hrafn hadde nære band til kongen sine menn på Island, kan han ikkje direkte knytast til kongeleg teneste. Likevel var han ein av dei mektigaste mennene på Nord-Island.<sup>229</sup> I eit klagebrev frå 1319 var det dessutan fleire av dei leiande stormennene og kongsmennene i landet som klaga på biskop Audun sine nyordningar.<sup>230</sup> Det same gjaldt konfliktar som oppstod mot midten av 1300-talet.<sup>231</sup> Mange av desse kan knytast til mektige

---

<sup>223</sup> Björn Lárusson, "The old Icelandic land registrars", Lund 1967: 34. I følge Jón Jóhannesson var det 162 i 1703 (Jón Jóhannesson 1956: 103).

<sup>224</sup> *Jb* s. 146.

<sup>225</sup> *Grg* s. 36.

<sup>226</sup> *Jb* s. 146 og *Grg* s. 36.

<sup>227</sup> Magnús Stefánsson: "Tiend, Island", KLN VIII 1974: 287-288, Magnús Már Lárusson: "Hreppr", KLN VII 1962: 18 og Jón Jóhannesson, *Islands historie I, Mellomalderen, Fristatstida*, Bergen 1969: 68.

<sup>228</sup> Vi veit ikkje mykje om denne institusjonen og det er ofte vanskeleg å finne reppsmedlem og -styrarar i kjeldematerialet, då meir generell terminologi vert nytta. (Magnús Már Lárusson: "Hreppr", KLN VII 1962: 18, Björn Þorsteinsson og Sigurður Línal 1978: 72-73).

<sup>229</sup> Dette kjem til dømes fram ved at Hrafn si dotter seinare vart gift med Botolf Andresson som var hirdstjore på Island. Hirdstjorembetet var det øvste embetet i kongen sin administrasjon på Island med mynde over fleire syssel (*ÍÁ I* Oddaverjar, Wærdahl 2011: 220).

<sup>230</sup> Mennene som biskop Audun stridast med var Hrafn Jónsson (*ÍÁ II*:372, *ÍÁ*: I Oddaverjar og XI Seldælir, Wærdahl 2011:220, 224), Haukr Erlendsson som var riddar, lagmann, sysselmann og kongeleg utsending (Wærdahl 2011:201, *ÍÁ II*: 328), Ketill Þorláksson som var ridder, sysselmann og hirdstjor (Wærdahl 2011: 201-202, *ÍÁ*: II Ætt Ingólfs landnámsmanns og Húnbogaætt og XIII Hítðælir, *ÍÁ III*:358.), Snorri Narfason som var lagmann og sysselmann (*ÍÁ IV*: 305, *ÍÁ*: II Ætt Ingólfs landnámsmanns og Húnbogaætt og XIII Hítðælir, Wærdahl 2011:225).

<sup>231</sup> Desse var i konflikt med biskopar på midten av 1300-talet (DI II 529): Sysselmannen Benedikt Kolbeinsson og sonen Kolbeinn (*ÍÁ*: I Oddaverjar, *ÍÁ I*: 132, Wærdahl 2011: 220, 224), Magnús ríki av Svalbarð og svogeren hans lagmannen Sigurðr Guðmundarson (*ÍÁ*: VIII Svalbarðsættin fyrri), Geirr Þorsteinsson av Seila som var son av sysselmannen og riddaren Þórðr Hallsson (*ÍÁ*: I Oddaverjar og XVIII Möðruvellingar, *ÍÁ II*: 34, Wærdahl 2011:220, 224), lagmannen Nikulás Broddisson av Flatatunga (*ÍÁ*: VIII Svalbarðsættin fyrri), Árni av

slekter på Island og familiar med lange tradisjonar for å halde kongelege embete.<sup>232</sup> At såpass leiande menn i samfunnet stilte seg i fronten for konfliktane kring fattigtienda tyder på at dei sjølve kan ha hatt noko å vinne eller tape. Moglegvis oppstod konfliktane kring fattigtienda som ein reaksjon på biskopane sine forsøk på å bryte inn i dette forholdet ved å endre på stormennene si stilling innanfor reppen.

Fattigtienda skulle ifølgje *Jónsbók* gå til dei trengjande innanfor reppen. Dei som vart rekna som trengjande var først og fremst folkesetnaden i reppen som ikkje kunne ta vare på seg sjølve og som ikkje hadde nokon til å ta vare på seg. Om tienda rakk til skulle også fattige utanfor reppen få ein del av denne.<sup>233</sup> I teorien skulle den islandske tiendordninga sikre dei fattige, men også stormennene tente truleg på dette. Ved å yte denne økonomiske hjelpa gav dei fattige moglegheita til å verte økonomisk sjølvstendige. Menn som elles ville vore uproduktive vart på denne måten i stand til å arbeide for, og bringe innkome til, stormennene.<sup>234</sup> Vidare er det dessutan mogleg at delar av fattigtienda, som altså var hovudinntekta til reppen, vart nytta til å dekkje fellesutgifter i lokalsamfunnet. Reppen skulle sørge for gjensidig sikring på den måten at dei i fellesskap skulle betale halv erstatning for to slag skadar som kunne ramme ein bonde i reppen; brann eller tap av meir enn ein fjerdedel av storfeet.<sup>235</sup> Dette kunne sjølvstendige tidvis verte svært kostbart for folkesetnaden i reppen, og fattigtienda kan ha vorte nytta også til slike formål. Kjeldematerialet er som sagt knapt om informasjon om reppen, og mykje vert antakingar.

Konfliktane knytt til fattige sine rettar dreidde seg først og fremst om heilagdagsfiske og –reka, og ikkje kring dei mykje mindre summane som fattigdelen av deltienda utgjorde.<sup>236</sup> Dette tyder anten på at stormennene sin omsorg for dei fattige best kjem fram i situasjonar kvar det var tale om store ressursar.

Már Jónsson og Patricia Pires Boulhosa argumenterar for at reppstjoren si rolle innanfor reppen var reint juridisk i høg mellomalderen og at dei i praksis ikkje spelte ei stor rolle ved sjølve innsamlings- og fordelingsprosessen av fattigtienda. I staden skulle betalarane av fattigtienda gi denne direkte til dei som hadde krav på den. På denne måten vart oppgåva til reppstjorane å sjå til at betalinga gjekk føre seg som den skulle og reise påtale mot dei som

---

Silfrastöðum som var sonen til lagmannen Guðmundr Sigurðson (*ÍÆ II*: 179) og lagmannen Pétur Halldórsson (Wærdahl 2011: 220).

<sup>232</sup> Bakgrunnen til Sveinn langr Þórisson som representerte dei fattige i saka mot biskop Jörundur om kvalrekaen i 1305 er usikker. Han var sysselmann og truleg hadde han ein norsk-islandsk bakgrunn (Wærdahl 2011: 198-199). Dette betyr likevel ikkje at han hadde andre interesser enn stormenn med kunn islandsk bakgrunn.

<sup>233</sup> *Jb* s. 146.

<sup>234</sup> Orri Vésteinsson 2000: 83.

<sup>235</sup> Jón Viðar Sigurðsson 2008: 209 og Jón Viðar Sigurðsson 2010: 61-62.

<sup>236</sup> Eit unntak var altså konflikten då biskop Audun forsøkte å overta kontrollen over fattigtienda også.

ikkje overheldt lovane.<sup>237</sup> Vidare argumenterar Már Jónsson og Boulhosa for at reppstjorane fekk ei større administrativ rolle innanfor reppen etter at *Jónsbók* vart lovfesta.<sup>238</sup> Lovteksten endrar seg likevel ikkje i samband med fordelinga av fattigtienda med *Jónsbók*.<sup>239</sup> Ettersom det truleg var kontinuitet i kva slags slekter som var leiande innanfor reppane før og etter innføringa vil eg påstå at innføringa av *Jónsbók* ikkje medførte store endringar. Endringane kom derimot gradvis som ein konsekvens av det biskoplege arbeidet med å innføre *Kristinréttur Árna Þorlákssonar* på Island. Viktig for biskopane i denne prosessen var truleg å styrke eigen posisjon over allmuga på Island, og vidare svekkje reppen og særskild reppsleiinga. Under forhandlingane ved innføringa av *Jónsbók* kan ein ane kyrkja sine byrjande forsøk på å styrkje eiga stilling, først og fremst i forsøket på å få lovfesta at biskopen nettopp skulle bestemme kven som skulle fordele matgáver og om avgifter på heilagdagsfangst.<sup>240</sup> Dette gjekk i strid med stormennene sine krav om at reppstjorane skulle avgjere i saker om underhald av folk som ikkje kunne fø seg sjølve.<sup>241</sup>

Med dette delkapitlet har eg vist at biskopane kontinuerleg forsøkte å fremje *Kristinréttur Árna Þorlákssonar* for å fremje egne interesser på kostnad av stormennene. Økonomiske interesser låg til grunn for konfliktane då kval og anna fisk og reka ofte kunne utgjere store ressursar. Likevel utgjorde det økonomiske aspektet berre ein del av konflikten. Det var nokon av dei mektigaste og rikaste mennene i landet som fremja klagemåla mot biskopane i konfliktane, men for desse var ikkje fattigtienda ei viktig innkome. Derimot var det viktig for dei å behalde sin posisjon ovanfor folkesetnaden i reppen. Eg har vist at det var av interesse for biskopane å svekkje stormennene sin posisjon innanfor reppen, og slik styrke sin eigen posisjon ovanfor allmugen.

---

<sup>237</sup> Már Jónsson og Patricia Pires Boulhosa, "Tithe and Tribute in Thirteenth-Century Iceland" i S. Imsen (red.) *Taxes, tributes and tributary lands in the making of the Scandinavian kingdoms in the Middle Ages*, Trondheim 2011: 157.

<sup>238</sup> Már Jónsson og Patricia Pires Boulhosa 2011: 160.

<sup>239</sup> "Samkomur skulu menn eiga um haust í hrepp hverjum, eigi fyrr en fjórar vikur lifa sumars, og skipta tíundum, og skal skipt tíundum drottinsdag hinn fyrsta í vetri. Fimm menn skal til taka í hrepp hverjum að skipta tíundum og matgjöfum og sjá eiða að mönnum, þá er best þykja til fallnir, hvort sem þeir eru gríðmenn eða bændur, og sækja menn um lagaafbrigð." (*Grg* s. 36). "Löghreppar skulu vera sem að fornu hafa verið. (...) Fimm menn þá er best þikkja til fallnir skal nefna til að hafa stjórn og forsjá fyrir því er hreppinum varðar, og að skipta tíundum öllum og matgjöfum þeim er fátækir menn eiga, og af heilagra daga veiðum." (*Jb*. s. 146). Í *Jb* vert det stadfesta at reppane skulle vere som i gammal tid, og reppstjorane skulle framleis ha ansvaret for å fordele tiend og matgáver, samt heilagdagsfangsten. Sístnemnde er nytt i og med *Jb*. Ein rett reppstjorane mista ved innføringa av *Jb* var retten til å stemme folk for å bryte lovverket. I staden for å få ein større administrativ rolle viser samsvaret i lovbøkene at reppstjorane hadde ei viktig rolle både før og etter innføringa av *Jb*, men at rolla endra karakter ved at somme ansvarsområde vart erstatta av nye.

<sup>240</sup> *Ab* kap. 62.

<sup>241</sup> *Asb* kap. 62.

### 4.3 Preste- og kyrkjetienda

I førre delkapittel viste eg korleis biskopane viste til ny kristenrett for å sikre egne rettar knytt til fattigtienda ovanfor verdslege stormenn, som på si side viste til sedvanen. Same type tendensar fanst i konfliktane knytt til råderetten over kyrkje- og prestetienda. Eg vil no diskutere korleis konfliktane mellom sedvane og biskopane sine krav om råderett over preste- og kyrkjetienda kan kaste lys på framgangen i biskopane sitt arbeid med å setje reformkrav i live frå slutten på staðamál og fram mot lovtakinga av *Kristinréttir Árna Þorlákssonar*, og kort om konsekvensane av denne.

Då *Kristinréttir Árna Þorlákssonar* vart lovteken i 1275 gjaldt den berre Skálholt bispedøme. Vidare vart Sættargjerda på Avaldsnes inngått av biskop Árni i Skálholt og kong Eirik, medan erkebiskop Jörund var med og sette sitt segl på avtalen. Biskop Jörundr i Hólar var ikkje tilstades. Korleis stilte Jörundr seg til tiendkonfliktane under *staðamál*?

Biskop Jörundr i Hólar var altså biskop samstundes med Árni Þorlákssonar i Skálholt (1269-1298). Medan Skálholtbispenn vert rekna for den store forkjemparen for kyrkja sin fridom i perioden hamnar Jörundr meir i skuggen av Árni. Dette kjem i stor grad av kjeldesituasjonen då *Árna saga biskups* stort sett skildrar situasjonen i Skálholt. Ei anna årsak til at Jörundr sitt arbeid hamna i skuggen av Árni sitt var måten han sikra kyrkjeleg kontroll over stadane på. Han kjøpte stadane frå stormenn heller enn å krevje dei på prinsipielt grunnlag.<sup>242</sup> Ifølgje *Árna saga biskups* vart biskop Jörundr lovprisa av lekmenn for si rettfærd då han kjøpte stadane heller enn å krevje råderetten utan kompensasjon. Mange meinte at denne framgangsmåten kunne tyde på at Jörundr si oppfatning var at lekfolk hadde større eigedomsrett til kyrkjene enn geistlege.<sup>243</sup> Mykje tyder på at Jörundr var mindre oppteken av å lausrive kyrkja frå verdslege stormenn sitt grep, då han sjølv ser ut til å ha hatt eit bein godt plassert i begge leirar. Kan biskop Jörundr sin framgangsmåte under *staðamál* ha skapt problem for etterfølgjarane hans og vore ei medverkande årsak til konfliktane på 1300-talet?

#### 4.3.1 Vart Sættargjerda på Avaldsnes overhalde? Biskop Audun raude Torbergsson

Truleg var preste- og kyrkjetienda eit sårt konflikttema for både biskopane og verdslege stormenn etter Sættargjerda på Avaldsnes. Begge partar hadde gjort innrømmingar ovanfor motstandaren, førstnemnde for å sikre seg stadane og sistnemnde for å sikre seg bondekyrkjene. For kyrkja var denne avtalen på mange måtar eit tilbakesteg etter at

---

<sup>242</sup> *Asb* kap. 102.

<sup>243</sup> *Asb* kap. 102. Det er viktig å understreke at i det eine tilfellet kvar biskopsagaene utbroderar om Jörundr sitt kjøp av ein stad forsøkte han seg fyrst på å krevje den inn med trugsel om bannlysing (*Lsb* kap. 4).

*Kristinréttir Árna Þorlákssonar* for ein kort periode vart gjeldande 1275-1283.<sup>244</sup> Denne stadfesta kyrkja sin eigedomsrett over både stadane og bondekyrkjene. Var biskopane etter 1297 nøgde med forliket som hadde blitt inngått på Avaldsnes?

Biskop Audun raude Torbergsson i Hólar (1313-1322) ser ut til å ha reagert kraftig på dei økonomiske rettane som verdslege stormenn på Island hadde knytt til kyrkja. Han var ein av dei fremste geistlege innanfor Nidarosprovinsen og var tidlegare medlem av domkapitlet i Nidaros før han kom til Hólar.<sup>245</sup> Mykje tyder på at biskopen hadde store forventingar til den økonomiske situasjonen ved bispesetet. Med det same han kom ut starta han store og kostbare byggeprosjekt, heldt store gjestebod og fekk rykte på seg for å vere raus og gåvmild.<sup>246</sup> Dette førte nødvendigvis til store innhogg i bispesetet sin økonomi. Truleg har dei islandske bispedøma vorte meir lokkande enn før etter Sættargjerda på Avaldsnes, som skulle sikre bispeseta auka innkome. Det ser likevel ut til at pengeista til bispestolen på Hólar snart gjekk tom, for biskopen forsøkte tidleg å auke bispesetet si innkome ved å krevje kyrkja sine rettar, mellom anna i høve til preste- og kyrkjietienda og eigedomsrettar.

Dei verdslege stormennene reagerte kraftig på biskop Audun sine krav og samla seg mot han. I 1319 utforma dei eit klagebrev som dei sendte til kongemakta kvar klagemål vert ramsa opp i hopetal.<sup>247</sup> I dette brevet skreiv islendingane at biskopen ikkje ville følgje kongen sine rettarbøter som hadde vorte sendt til landet. Mellom anna ville biskopen ikkje samtykkje i at lagmannen skulle seie lov om pengebøter i kristendomsbolken, og at pengebøtene skulle minkast slik som kongen sitt brev hadde vedteke. Dette indikerar at biskopen ikkje var nøgd med at kyrkja vart sett til side i kristenrettsaker.

Det som vekte størst reaksjonar hjå islendingane var biskopen sine nyordningar (norr. *nýmæli*). Mellom anna kravde Audun at biskopen skulle råde over alt det gods som kyrkja hadde vorte gjeve eller betalt i offer, tiend eller sjelegåver. Islendingane meinte at dette streid mot sedvanen, for kyrkjebonden hadde alltid hatt all tiend og alt offer som var på mindre enn ein hundrede for å halde kyrkja ved like og betale presten. Brevet nemner ikkje kva type kyrkjer det er snakk om, men truleg er dette eit forsøk frå biskopen si side på å sikre kyrkja sine rettar utover det som vart vedteke under forliket på Avaldsnes.<sup>248</sup> Vidare indikasjonar på at dette er tilfelle finst også i eit anna klagepunkt i same brev. Biskop Audun kravde at

---

<sup>244</sup> Beistad 2008: 32-40.

<sup>245</sup> For meir om Audun sin bakgrunn sjå kap. 3.3.1.

<sup>246</sup> *Lsb* kap. 29, 30.

<sup>247</sup> *DI II* 337.

<sup>248</sup> Kongen sitt svarbrev frå året etter nemner usemje kring halvkyrkjene, altså kyrkjer med halv messeplikt. Dei ulike konfliktmåla i klagebrevet og svarbrevet stemmer på fleire punkt ikkje overeins, og det tyder på at det har vorte sendt fleire brev mellom Island og kongemakta i Noreg.

kyrkjebønder viste med lovlege vitne at dei hadde betalt det dei skulda kyrkja i lausøyre og utmark. Visst dei ikkje kunne gjere dette, kravde Audun at kyrkja skulle eige femti hundrede i den jorda ho stod på. Det ser ut til at biskopen forsøkte å styrke innkoma til kyrkja samstundes som han også forsøkte å sikre ho meir jord og gods.<sup>249</sup>

Det er mogleg at dei nyordningane det er snakk om var henta frå den nye kristenretten som biskop Árni Þorlákssonar forsøkte å få innført i Skálholt i si embetstid. Både kravet om kyrkjeleg domsrett og eigedomsretten over all kyrkjeleg innkome var sentrale i *Kristinréttir Árna Þorlákssonar*. Medan staðamál raste på sitt verste var biskop Árni ved fleire høve i Nidaros, og det er godt mogleg at Audun vart kjend med Skálholtbispenn sitt arbeid med utarbeidinga av kristenretten der. Det er likevel påfallande at biskop Audun kasta seg ut i arbeidet med å fremje den nye kristenretten, då han også må ha hatt kjennskap til den store motstanden biskop Árni hadde møtt før han. Moglegvis var det økonomiske naudsyn som gjorde seg gjeldande. Eit anna alternativ er at biskopen var van med ein annan, og meir innkomebringande, praksis heimanfrå, og forsøkte å innføre den same på Island utan å tenkje på konsekvensane.<sup>250</sup>

Islendingane klaga i brevet gjentekne gongar på at biskop Audun sine nyordningar streid med gamal landsens sedvane. Dette er temmeleg upresise referansar, som ikkje seier noko om kor vidt dei bygde argumenta sine på eksisterande lovverk eller ikkje. Avslutningsvis i brevet kjem grunnlaget deira tydlegare fram då dei bad kongen om å halde dei med gamal og ny rett, den som hadde vorte samtykt med rett tingtaking og som styrkte dei slik at dei fekk si frelse og ættearv. Dei viser truleg til eldre kristenrett som stadfestar kyrkjebonden sin patronatsrett. Det er interessant at måten lova vart vedteken på vert dregen fram i konflikten. Som eg viste innleiingsvis vart *Kristinréttir Árna Þorlákssonar* vedteken på feilaktig vis i 1275. Den vart vedteken av islendingane sjølve etter påbod frå biskopen, noko som streid mot kongen og erkebiskopen sitt lovgjevingsmonopol.<sup>251</sup> Dette kan tyde på at islendingane i klagebrevet av 1319 viste attende til denne hendinga for å vise at biskopane hadde gått bak ryggen til kongen før, og kunne gjere det på ny. Dei skriv vidare at ”Vi ser også på førehand at med få vintrars frist har kongedømet her ikkje anna enn strev og kostnadar, medan kyrkja rår over alt gods i landet (...).”<sup>252</sup> Om desse argumenta og

---

<sup>249</sup> Helgi Þorláksson argumenterar for at jorda som låg til bondekyrkjene var ei viktig årsak til at begge partar ønska kontroll over bondekyrkjene (Helgi Þorláksson, upublisert manuskript, kommer 2012/13).

<sup>250</sup> Magnús Stefánsson 1978: 231.

<sup>251</sup> Beistad 2008: 32.

<sup>252</sup> ”Sjáum vér ok fyri at á fárra vetra fresti hefir kongdómurinn hér ekki utan erfiði og kostnað, enn kirkjan alt [góss með at gera í landinu (...).”

bekymringane var med på å overtyde kongemakta eller ikkje fekk islendingane i alle saker medhald frå kongemakta året etter.<sup>253</sup>

Konfliktane under biskop Audun og klagebrevet som vart sendt til kongen viser altså at det i kjølvatnet av *staðamál* eksisterte ei frykt hjå verdslege stormenn for å måtte gje frå seg enda større verdiar enn dei allereie hadde tapt i *staðamál*. Det viser også eit ønske frå biskopen si side om å fremje ein kristenrett som betre svarar til reformkrava i tida. Kor vidt det var religiøs overtyding eller økonomiske naudsyn som motiverte biskopen er likevel usikkert. Gamal landsens sedvane vart stadfesta av kongen i 1320 og dermed fortsette islandske stormenn å kontrollere tienda. Etter dette er det få kjelder som nemner konfliktar kring tienda før i 1340-åra.

#### **4.3.2 Lovtakinga av *Kristinréttir Árna Þorlákssonar* i 1354 – endeleg kyrkjeleg siger?**

Etter biskop Audun sine mislukka forsøk på å motarbeide stormennene sitt grep om kyrkja var det ikkje gjort store forsøk på å take opp att spørsmålet før nærare midten av 1300-talet. Etter at Laurentius Kálfsson vart biskop i Hólar i 1324 hamna han i fleire konfliktar, men ikkje når det kom til preste- og kyrkjetienda. Han følgde Jörundr sitt eksempel og kjøpte seg fram til ønska resultat. Stormannen Finnbjörn Sigurðarson eigde ein tredjedel av jorda som låg til ei kyrkje på Hvammr i Vatnsdal medan kyrkja eigde resten. Finnbjörn rådde over både kyrkja og sin eigen del.<sup>254</sup> Då biskopen ville plassere ein prest der for å forvalte kyrkja sin del av jorda protesterte Finnbjörn, og nekta å gi den frå seg. Det enda altså med at Laurentius kjøpte jorda. Slik sikra han kyrkja råderetten over jorda og innkoma gjennom kjøp i staden for å krevje råderetten på prinsipielt grunnlag. Med biskop Laurentius sin død stoppar også biskopsagaen som fortel om biskopen sitt liv og virke, og dermed endrar også kjeldesituasjonen seg. I den følgjande tida er det dei islandske annalane og diplommateriale som er hovudkjeldane til konfliktane.

I 1343 vart Orm Aslaksson vigsla til Hólar (1343-1356) og Jón Sigurðsson til Skálholt (1343-1348).<sup>255</sup> Ifølgje dei islandske annalane gjekk biskopane hardt fram mot både lærde og leke, og pressa folket i landet for pengar.<sup>256</sup> Biskop Jón rekna i 1342 ut utlegg av kyrkjetienda frå rike menn som forvalta kyrkjer og av fleire andre som han meinte hadde handla urett.<sup>257</sup> Det er usikkert om han møtte stor motstand sidan annalane ikkje fortel noko om korleis krava

---

<sup>253</sup> DI II 342.

<sup>254</sup> *Lsb* kap. 36.

<sup>255</sup> IA: 209, 222, 273.

<sup>256</sup> IA: 274, 223, 274.

<sup>257</sup> IA: 210-211.

vart mottekne. Biskop Orm møtte på si side stor motstand i Hólar.<sup>258</sup> I 1347 samla nordlendingane seg på Alltinget og utforma eit brev til kongen. Her vert det klaga på at biskopen ikkje følgde den landsens sedvane som biskopar før dei hadde halde, først og fremst når det gjaldt visitas og tiendbetaling. Dei vedtok til og med at den som følgde biskopen sine nyordningar måtte betale ei bot på fem hundrede.<sup>259</sup> Nok ein gong vil eg drage parallellar attende til *staðamál*. Dei to punkta islendingane klaga på ifølgje annalane, altså tienda og visitasen, var dei same to punkta som partane vart semde om ved Sættargjerda på Avaldsnes.<sup>260</sup> Sidan det ikkje vert spesifisert kva type tiend det er tale om, vel eg å sjå Orm sine krav i samanheng med Jón si innkrevjing av kyrkjietiend om lag på same tid. På ny vart reformkrava frå både Audun og Árni Þorlákssonar si tid tekne fram, og på ny samla islendingane seg i motstand for å verne om rettane dei hadde etter gamal sedvane.

Dei islandske annalane fortel at tolv stormenn sette sine segl på klagebrevet av 1347, med samtykke frå allmugen i landet.<sup>261</sup> Kven desse var fortel ikkje annalane noko om. Etter dette reiste begge biskopane frå landet. Ein indikator på at biskop Jón møtte mindre motstand enn sin kollega i Hólar er at han kom attende i 1348 og gjorde eit forsøk på å mekle fram ei sættargjerd mellom partane i nord.<sup>262</sup> Nordlendingane var lite mottakelege for dette og Jón gav snart opp og reiste sørover att. Same år døydde han av sjukdom. Biskop Orm kom ut til Island i 1351 og då hadde han med seg eit brev frå kongen.<sup>263</sup> Brevet bekreftar annalnotisen om at konfliktane dreidde seg om tiendbetaling, samt legg det til andre innkomer som kyrkja gjorde krav på. Ein interessant kontrast til dei tidlegare konfliktane under biskop Audun raude er at denne gongen tok kongemakta biskopen si side. Betyr dette at kongen langt på veg godtok vedtektene frå *Kristinréttir Árna Þorlákssonar*? Biskop Orm utnyttta til fulle å ha kongen på si side. I 1351 lyste biskopen ein av motstandarane sine, stormannen Kolbein Benediktsson i bann, og det følgjande året tok biskopen fire av sveinane hans til fange.<sup>264</sup> Biskopen nytta seg altså av dei maktmiddel han hadde til rådighet for å fremje krava sine om tienda og andre innkomer. Denne framferda kan neppe ha gjort biskopen populær hjå det leiande sjiktet på Nordlandet.

---

<sup>258</sup> IA: 213, 223, 274, 354.

<sup>259</sup> IA: 213.

<sup>260</sup> DI II 167.

<sup>261</sup> IA: 223.

<sup>262</sup> IA: 275.

<sup>263</sup> IA: 276 og DI II 529.

<sup>264</sup> IA: 355.



Det var nemleg dei fremste mennene på Nordlandet biskopen hadde hamna på kant med. Kongemakta stemna ni namngjevne menn til Noreg i samband med konflikten.<sup>265</sup> Desse var sysselmannen Benedikt Kolbeinsson og sonen Kolbein, Magnús av Svalbarð og svogeren hans lagmannen Sigurðr Guðmundrson, Geir Þorsteinsson av Seila, lagmannen Nikulás Broddisson av Flatatunga, Árni av Silfrstöðum, lagmannen Petr Halldórsson og broren Kalfr.<sup>266</sup> Fleire av desse var av leiande slekter i tillegg til å vere av kongen sine fremste menn på Island.<sup>267</sup> Dessutan var Benedikt og sonen hans av oddaverjarætta, og som vist innleiingsvis hadde denne ætta ei sentral stilling innanfor kyrkja allereie frå kyrkja sin etableringsperiode.<sup>268</sup> Truleg hadde dei framleis interesse av å halde på sin posisjon innanfor kyrkja, særskild i høve til tienda. Mange av stormennene var knytt saman både gjennom familie- og venskapsband, og utgjorde ein betydeleg motstand for biskopane. Stormennene svara på stemninga og reiste til Noreg, kvar dei fekk kongen til å endre meining i saka.<sup>269</sup> Året etter vende dei attende med eit brev frå kong Magnus som forbaud biskopane å føre fram nyordningar mot undersåttane hans.<sup>270</sup> Kravet om å halde på gamal sedvane, og medfølgjande verdsleg kontroll over tienda, vart oppfylt. At så mange av dei mektigaste mennene på Nordlandet samla seg mot biskopen sine nyordningar og stod saman om krava ovanfor kongemakta kan ha vore med på å få kongen til å skifte meining i saka.

Biskop Orm var truleg lite nøgd med dette utfallet og reiste attende til Noreg. 19. oktober 1354 vedtok kong Magnus Eiriksson at den kristenretten skulle vere gjeldande for heile landet som var gjeldande i Skálholt.<sup>271</sup> Ei mogleg forklaring på denne avgjerda frå kongen si side kan vere at han til slutt såg det nausynt å lovfeste ein kristenrett åleine, då problemet med dei sidestilte rettane ser ut til å ha vore utgangspunktet for dei fleste store konfliktane i perioden. Dette dokumentet viser dessutan at den nye kristenretten allereie hadde vorte vedteken for Skálholt ved eit tidlegare høve, er dette årsaka til at konfliktane i Hólar ser ut til å ha vore fleire og større enn dei i Skálholt?

---

<sup>265</sup> Kongen stemna ut ni namngjevne menn, og ikkje åtte, slik som ingressen til diplommet påstår og som har vorte gjenteke av historikarar i ettertid (t.d. Magnús Stefánsson 1978: 251).

<sup>266</sup> DI II 529.

<sup>267</sup> Sysselmannen Benedikt Kolbeinsson og sonen Kolbeinn (*ÍÁ*: I Oddaverjar, *ÍÆ* I: 132, Wærdahl 2011: 220, 224), Magnús ríki av Svalbarð og svogeren hans lagmannen Sigurðr Guðmundarson (*ÍÁ*: VIII Svalbarðsættin fyrri), Geirr Þorsteinsson av Seila som var son av sysselmannen og riddaren Þórðr Hallsson (*ÍÁ*: I Oddaverjar og XVIII Möðruvellingar, *ÍÆ* II: 34, Wærdahl 2011:220, 224), lagmannen Nikulás Broddisson av Flatatunga (*ÍÁ*: VIII Svalbarðsættin fyrri), Árni av Silfrstöðum som var sonen til lagmannen Guðmundr Sigurðson (*ÍÆ* II: 179) og lagmannen Pétur Halldórsson (Wærdahl 2011: 220).

<sup>268</sup> Sjå kap. 2.1.2.

<sup>269</sup> IA: 276.

<sup>270</sup> IA: 276.

<sup>271</sup> DI III 60.

Eit noko skeivt fordelt kjeldemateriale i perioden gjer at det vert vanskeleg å seie for sikkert kor vidt *Kristinréttir Árna Þorlákssonar* vart nytta i begge bispedøma eller ikkje før 1354 og kor store og omfattande konfliktane i dei ulike bispedøma var. Eg vil likevel ikkje sjá vekk frá at tiendproblematikken gjorde seg gjeldande i begge bispedøma.

Som nemnd vart spørsmålet om korleis ein skulle dele ein kval som vart flutt i land på ein heilagdag eit spørsmål som vart teke opp i Skálholt under Jon Halldorsson i 1326. Biskopen Jon vurderte fleire syn i saka, noko som viser at det var eit ope spørsmål om kva for rett ein skulle følgje.<sup>272</sup> Det var altså ikkje noko sjølvfølgje at biskopen skulle stø seg til den nye kristenretten. Han vel likevel å stadfeste vedtaket som biskop Árni hadde gjort med råd frá erkebiskop Jon raude, noko som må vere ei referanse til *Kristinréttir Árna Þorlákssonar*. Den gjeldande retten ser altså ut til å vere den biskopen vedtek, og at vedtaket hans vert styrkt av å vise til tidlegare biskopar sine vedtak. At det same spørsmålet skapte strid i nord kan bety to ting. Anten at den nye kristenretten ikkje hadde fått gjennomslag i det heile tatt og at biskopen forsøkte å fremje den, eller så var situasjonen lik den i sør kvar den nye kristenretten vart nytta frá tidleg av. Ut i frå konfliktmaterialet eg har sett på ovanfor meiner eg at sistnemnde alternativ er mest truleg. Også fleire historikarar har argumentert for at *Kristinréttir Árna Þorlákssonar* var gjeldande, eller i det minste sett ut i live ved ulike høve, også i Hólar frá og med 1275.<sup>273</sup> Kvifor var det då augesynleg fleire konfliktar i Hólar enn i Skálholt?

Eit svært mogleg svar på dette spørsmålet er at det er bevart meir kjeldemateriale som angår konfliktane i Hólar. Medan *Árna saga biskups* gjev innblikk i situasjonen i Skálholt under *staðamál* og skildrar ei konfliktfylt tid der medan det verkar rolegare i Hólar, gir *Laurentius saga biskups* motsett inntrykk. Likevel viser sporadiske annalnotis og diplom at konfliktperiodane ikkje var oppdelt på denne måten. Ein indikator på at ein også i Skálholt stridast om tienda kjem fram i eit forlik som vart inngått mellom biskop Gyrd Ivarsson i Skálholt (1350-1360) og lærde menn på ei side og lekmenn på den andre i 1358.<sup>274</sup> I denne konflikten hadde partane stridast nettopp om kva som var gjeldande av gamal sedvane og biskopen sine nyordningar. Sjølv om den nye kristenretten hadde vorte lovteken oppstod det altså framleis konfliktar, og også i dette tilfellet var tienda eit kritisk konfliktpunkt. Det enda med at kyrkja på ny måtte gjere innrømmingar ovanfor lekmenn i og med at Sættargjerda frá

---

<sup>272</sup> ”sumir hafa viljat þessi tiund skipta j fíora staði sem annari skiptitiund hafandi fyrir sér skipanir biskupanna. en aðrir hafa kallað hana eiga at skiptaz fatækra manna j millum. ok segia þat vera vana ok forna hefð.” (DI II 373).

<sup>273</sup> Haraldur Bernharðsson, Magnús Lyngdal og Már Jónsson: *Járnsíða og Kristinréttur Árna Þorlákssonar*, Reykjavík 2005: 31-32.

<sup>274</sup> DI III 86.

Avaldsnes i 1297 vart gjenteken og inngått på ny. På same måte som mot slutten av *staðamál* vart vedtektene innskrenka til å verte meir gagnleg for lekmenn.<sup>275</sup> Det vert også vedteke i 1358 at kyrkjebonden skal ta inn kyrkje- og prestetienda og gjere rett rekneskap ovanfor kyrkja, slik som gamal og ny kristenrett seier. Dette viser at same problematikk også er gjeldande etter 1354. Forliket av 1358 viser vidare at problematikken knytt til verdsleg kontroll også må ha vore gjeldande i Skálholt på midten av 1300-talet, og truleg også tidlegare. Likeins vitnar dette forliket om at liknande problem kunne oppstå også seinare.<sup>276</sup> Ifølgje Magnús Stefánsson var det først på slutten av 1300-talet eller på byrjinga av 1400-talet at biskopane sikra seg retten til å tilsetje prestar ved bondekyrkjene.<sup>277</sup> Dersom dei ikkje hadde kontroll over tilsetjingane av prestane, er det lite truleg at dei hadde kontroll over tienda som skulle nyttast til å lønne dei. Det er derfor mogleg at biskopane framleis ikkje hadde sikra seg full råderett over tienda ved hundreårskiftet.

Verdslege stormenn hadde eit godt grep om den islandske kyrkja gjennom heile perioden, noko som kjem tydeleg fram av tiendkonfliktane. Det eg har vist i dette delkapitlet er at geistlege og lekmenn i kjølvatnet av *staðamál* og gjennom heile første halvdel av 1300-talet stridast om kontrollen over tienda. Sjølv om det vart gjort fleire forsøk på å forlike partane og fleire sættargjerder vart inngått, fortsette begge partar å krevje sin rett med vekslande hell. Dette viser at ein skal vere forsiktig med å tileigne avtalar og lovfestingar for stor betydning, då det viser seg at avtalar som vart inngått ikkje nødvendigvis vart overhalde i ettertid. Særskild bispeskifte ser ut til å ha vore problematisk, då ulike biskopar ser ut til å ha hatt ulike meiningar om kor store innrømmingar ein kunne gje lekmenn. Vidare har eg argumentert for at problematikken var til stades både i Hólar og i Skálholt. I stor grad var det landet sine fremste menn som opponerte mot biskopane sine auka krav om kontroll over tienda. Kva desse eigentleg hadde å tape på å overgje tienda til biskopane vil vere tema for neste delkapittel.

#### 4.4 Kva stod eigentleg på spel?

Målsetjinga med dette kapitlet var å undersøkje kvifor tienda var så viktig både for biskopen og verdslege stormenn.

---

<sup>275</sup> Noko som var nytt med dette forliket var at det var to erkebiskoplege utsendingar som stod bak sættargjerda. I motsetnad til ved tidlegare konfliktar kring same tema vart ikkje kongemakta blanda inn.

<sup>276</sup> Til dømes oppstod det i løpet av seinmellomalderen fleire konfliktar knytt til tienda frå halvkyrkjene, altså kyrkjer med halv messeplikt, i Hólar (Jón Jóhannesson 1958 123 ff.).

<sup>277</sup> Magnús Stefánsson 1978: 164-165.

Eg har vist at i konflikta som gjaldt fattigtienda forsøkte biskopane oftast å fremje *Kristinréttir Árna Þorlákssonar*. Denne kristenretten tok større omsyn til biskopane sine interesser enn kva den tidlegare kristenretten og kongen si lovbok, *Jónsbók*, gjorde. Islendingane viste på si side til sedvanen, den eldre kristenretten og *Jónsbók*, i og med at desse betre støtta deira interesser. Konflikta kring fattigtienda gjekk att gjennom heile første halvdel av 1300-talet, og dei som representerte allmugen ovanfor kongemakta var dei leiande mennene i landet. Dette var mektige og velstående menn som ikkje sjølve tente økonomisk i sakene. I større grad enn at konflikta kring fattigtienda handla om økonomi, ser det derfor ut til at biskopane utfordra stormenn sin posisjon ovanfor folkesetnaden i reppen ved å fremje vedtektene i den nye kristenretten. Fordeling av fattigtienda var reppen sitt ansvar, og ut ifrå engasjementet stormennene viste i konflikta er det truleg at dei sjølve hadde noko å tene eller tape på utfallet. Biskopane forsøkte gjennom heile perioden å styrke sin posisjon ovanfor allmugen, og ved å ta frå stormennene kontrollen over fattigtienda tok han også frå dei eit viktig kontaktledd til folkesetnaden i reppen.

Konflikta som utspelte seg mellom biskopane og dei verdslege stormennene kring preste- og kyrkjetienda vitnar om at biskopane gjennom heile perioden utfordra dei verdslege stormennene sitt grep om kyrkja. I kjølvatnet av *staðamál* frykta stormennene å måtte gjere enda større innrømmingar ovanfor biskopane enn dei allereie hadde gjort under Sættargjerda på Avaldsnes i 1297. Biskopane var på si side interessert i å styrke eigen posisjon, noko som best kunne gjerast ved å fremje *Kristinréttir Árna Þorlákssonar*. Kor vidt det var religiøs overtyding eller økonomiske naudsyn som motiverte biskopane er likevel usikkert. Konflikta kjem i ulik grad fram i dei to bispedøma og under dei ulike biskopane sine embetsperiodar. Kor vidt dette skuldast kjeldesituasjonen eller faktiske forhold er usikkert. Eg har her argumentert for at tiendproblematikken gjorde seg gjeldande i begge bispedøma i perioden. Biskopar i både i Skálholt og Hólar fremja ved fleire høve kristenrettane, og i begge bispedøme møtte dei motstand. Problemet med fleire kristenrettar som overlappa kvarandre var ein gjentakande årsak til konflikt, og kanskje nettopp derfor vart *Kristinréttir Árna Þorlákssonar* lovfesta i 1354. Likevel ser det ut til at same problematikk gjorde seg gjeldande også seinare, og særskild den gjentekne stadfestinga av Sættargjerda på Avaldsnes i 1358, visar at biskopane framleis ikkje hadde klart å sikre seg kontroll over bondekyrkjene. Dei verdslege stormennene hadde framleis eit godt grep om kyrkja.

Historikaren Helgi Þorláksson påpeikar at tienda neppe var ei viktig kjelde til innkome for verdslege stormenn, då tienda berre var meint til å dekkje visse kostnadar knytt til

kyrkjebygget og løning av presten.<sup>278</sup> Eg har også vist i dette kapitlet at den økonomiske gevinsten ved fattigtienda var mindre viktig for stormennene. Likevel må kontrollen over tienda ha vore viktig sidan islendingane gjekk så langt i forsøket på å halde på den, og biskopane så langt for å tileigne seg denne kontrollen. Helgi Þorláksson påpeikar vidare korleis kontroll over kyrkjene og medhøyrande tiend kan ha fremja statusen til mennene som heldt dei.<sup>279</sup> Dette samsvarar med min teori om at stormennene søkte å styrke sin posisjon ovanfor reppen under konfliktane om fattigtienda. Historikaren John Eldevik har teke føre seg embetsføringa til erkebiskop Siegfried av Mainz (1060-1084) i sitt bidrag til boka *The Bishop Reformed. Studies of Episcopal Power and Culture in the Central Middle Ages*, og mellom anna sett på biskopen sine forsøk på å erverve seg full kontroll over tienda i bispedømet sitt.<sup>280</sup> I dette tilfellet argumenterar han for at biskopen attåt økonomiske målsetjingar også hadde politiske. Dette arbeidet vidarefører han i boka *Episcopal Power and Ecclesiastical Reform in the German Empire. Tithes, Lordship and Community, 950-1150*. Eldevik føreslår at tienda på eit tidspunkt vart eit viktig middel som både verdslege stormenn og biskopar nytta for å sikre seg herredøme. På denne måten utgjorde kampen om kontroll over tienda ein viktig del i biskopane sitt reformarbeid:

The fact that so many tithes lay in the hands of laymen or large monastic foundations, often by virtue of extensive papal or royal immunity privileges, was an enduring thorn in the side of bishops everywhere and a pointed reminder of the limits of episcopal lordship. Consequently, ecclesiastical reform initiatives that had as their goal the strengthening of the position of the bishop over other groups or institutions in the diocese often took the form of reorganizing the possession or collection of tithes. Not merely economic resources, but the social power (if not lordship) inherent in projecting control over land and people were at stake in such confrontations. It is not surprising that attempts to bring the collection and the possession of tithes into line with canonical norms risked unleashing protracted conflict.<sup>281</sup>

Sjølv om Eldevik i sine undersøkingar har teke utgangspunkt i situasjonen i Det tyske riket i perioden 950-1150, og arbeider med termen herredøme (*lordship*) i ein anna skala enn kva den islandske konteksten mogleggjer, meiner eg at teoriene hans har overføringsverdi til biskopane på Island sin situasjon i første halvdel av 1300-talet. At islandske stormenn kontrollerte tienda, og hadde gjort dette allereie frå etableringa av kyrkja på Island, må nødvendigvis ha undergrave biskopen sin posisjon i det islandske samfunnet. Viktigheita av å

<sup>278</sup> Helgi Þorláksson, upublisert manuskript, kommer 2012/13.

<sup>279</sup> Helgi Þorláksson, upublisert manuskript, kommer 2012/13.

<sup>280</sup> John Eldevik: "Driving the Chariot of the Lord: Siegfried I of Mainz (1060-1084) and Episcopal Identity in an Age of Transition" i J. S. Ott og A. T. Jones (red.) *The Bishop Reformed. Studies of Episcopal Power and Culture in the Central Middle Ages*, Cornwall 2007: 172.

<sup>281</sup> John Eldevik: *Episcopal Power and Ecclesiastical Reform in the German Empire. Tithes, Lordship, and Community, 950-1150*, Cambridge 2012: 16-17.

sikre kyrkjeleg kontroll over tienda hang dermed saman med å sikre biskopen si stilling som kyrkja sin øvste leiar. Eg har vist at lekmenn ved fleire høve utfordra biskopane i høve til tienda, og i mange høve vann dei fram i si sak. At biskopen ikkje kunne øve kontroll over tienda, som trass alt var ei rein kyrkjeleg innkome, må ha verka inn på korleis biskopen vart oppfatta i samfunnet. For stormennene styrka denne kontrollen over tienda deira samfunnsmessige posisjon. Ved å arbeide for full kontroll over tienda arbeidde altså biskopen samstundes for å ytterlegare legitimere seg sjølv og også sine etterfølgjarar som dei øvste leiarane i bispedømet.

Det har vorte argumentert for at den økonomiske vinninga som stod på spel under tiendkonfliktane var av lita betydning. I denne samanhengen har eg argumentert for viktigheita av den politiske og sosiale sida av tienda. Kyrkja hadde sidan si etablering vore ein del av dei verdslege stormennene sitt maktgrunnlag. *Staðamál* og Sættargjerda på Avaldsnes representerte på denne måten ei svekking av stormennene sin kontroll over kyrkja. For biskopen vart det viktig å kunne kontrollere tienda for å legitimere sin posisjon sosialt og politisk uavhengig av det verdslege grepet. Verdslege stormenn viste til sedvanen for å styrke eiga stilling, men biskopane var avhengig av å bryte med denne for å kunne definere seg som ein sjølvstendig institusjon. Tiendkonfliktane er derfor gode indikatorar på kva veg maktbalansen mellom partane vippa til ulike tider, og kor uavhengig kyrkja klarte å gjere seg frå verdsleg kontroll.

## 5. Konflikta mellom biskopane og lokale geistlege institusjonar

Det var ofte verdslege stormenn som stod bak klostergrunnleggjane i mellomalderen, og etterkomarane av desse fortsette å ha nær kontakt med dei klostergeistlege også seinare. I løpet av første halvdel av 1300-talet oppstod det fleire store konflikta mellom Hólarbiskopane og ulike kloster i bispedømet, som gjerne strekte seg over embetsperiodane til fleire av biskopane. På same måte som i konfliktane med dei verdslege stormennene, stridast biskopane og klostera om kyrkjeleg eigedom og innkome. Målsetjinga med dette kapitlet er å undersøkje graden av innverknad både biskopen og dei verdslege stormennene øvde over klostera.

Denne undersøkinga vil eg gjere på to nivå. Først vil eg gjere greie for konflikta mellom biskopar og kloster, og undersøkje kor vidt klostera godtok biskopane sine avgjerder i økonomiske spørsmål. Kan ulike biskopar sine ulike måtar å handtere økonomiske spørsmål på ha vore ei årsak til konflikt? Deretter vil eg drøfte lokale stormenn si involvering i konfliktane, og om denne involveringa vanskeleggjorde biskopane sine forhold til klostera. Korleis gjorde verdslege stormenn seg gjeldande i konfliktane mellom biskopar og kloster?

Dei to store konfliktane i perioden, mellom Hólarbiskopane og klostera på Möðruvellir og Þingeyrar, er godt dekt i *Laurentius saga biskups* og i *dei islandske annalane*. Om korleis situasjonen var mellom biskopen og klostera i Skálholt i same periode er kjeldematerialet derimot knapt. Fokuset i dette kapitlet vil derfor liggje på konfliktane som utspelte seg i Hólar, medan eg vil drøfte forholda i Skálholt i dei tilfella kjeldane legg til rette for det.

### 5.1 Korleis vart konfliktane handtert av Hólarbiskopane?

Konfliktane mellom Hólarbiskopane og munkane i Möðruvellir og Þingeyrar dreidde seg i stor grad om økonomiske tilhøve, og ved fleire tilfelle klaga dei klostergeistlege på at biskopen braut med sedvanen i konfliktane. Dette gjorde dei særskild når biskopen forsøkte å innskrenke økonomiske privilegium som klostera hadde hatt over lengre tid. I dette delkapitlet vil eg undersøkje dei ulike biskopane sine framgangsmåtar i arbeidet med å sikre både bispesetet og egne økonomiske interesser.

#### 5.1.1 Strida om Möðruvellir

Biskop Jörundr i Hólar (1267-1313) grunnla to kloster i 1296.<sup>282</sup> Det eine var nonneklosteret på Reynistaður og det andre var augustinarklosteret på Möðruvellir. Hólarbiskopane og brørne i

---

<sup>282</sup> IA: 72, 144, 198, 339, 385 (sistnemnde annalnotis daterar grunnleggjane til 1295).

Möðruvellir stridde på byrjinga av 1300-talet om kven som hadde råderetten til godset og innkoma som Jörundr hadde skjenkte klosteret ved grunnlegginga.<sup>283</sup> Støtta biskopane seg på lov eller sedvane i denne konflikten?

Under Jörundr si embetstid ser det ut til å ha vore eit godt forhold mellom biskopen og klosteret. *Laurentius saga biskups* gir ingen indikasjonar på at det skal ha oppstått noko konflikt mellom klosterbrørne og biskopen. Freden strakk seg likevel ikkje utover biskop Jörundr si embetstid. Då Audun raude Torbergsson (1313-1322) kom til Hólar som nyvigsla biskop i 1314/15 hamna han i konflikt med presten Koðrán Hranasson med det same.<sup>284</sup> Under vakansen etter biskop Jörundr sin død hadde Koðrán teke officialembetet og dermed også all mynde i åndelege saker i Hólar bispedøme.<sup>285</sup> Biskop Audun skulda Koðrán for å ha teke officialembetet urettmessig og vidare for å ha skjøtta bispedømet sine affærar dårleg. Mellom anna ved å gi brørne i Möðruvellir for stor mynde i verdslege sakar.<sup>286</sup> På grunn av denne fridomen hadde klosterbrørne øydsla vekk mykje gods etter at Jörundr døde. Koðrán vert halde ansvarleg for denne øydslinga og biskopen kravde at Koðrán skulle betale attende ein tilsvarande sum til Hólar. At Koðrán sjølv måtte stå for denne attendebetalinga er interessant, og også at det var bispestolen som var mottakaren.

Koðrán hadde ein konkurrent om officialembetet etter at biskop Jörundr døydde.<sup>287</sup> Koðrán hadde større støtte hjå dei geistlege i bispedømet enn konkurrenten og sikra seg slik embetet. Mellom anna reiste han til Munkaþverá for å søkje støtte hjå dei klostergeistlege der. Biskopsagaen fortel ikkje noko om at Koðrán vitja noko anna kloster, men eg vil ikkje sjå vekk i frå at han også kan ha søkt støtte hjå klosteret på Möðruvellir, som berre låg ei dagsreise frå bispesetet.<sup>288</sup> Ei mogleg årsak til at klosteret fekk større råderett under Koðrán sitt styre kan vere at Möðruvellir fekk privilegiet i byte mot at Koðrán fekk deira støtte under vakansen. På denne måten kan det også forklarast kvifor biskop Audun heldt Koðrán personleg ansvarleg for klosteret si øydsling med innkomene under vakansen. Sidan biskopen meinte at bispesetet har tapt økonomisk på at Möðruvellir fekk auka fridom kan det tyde på at det er tiend eller ei anna avgift som ikkje har vorte betalt til bispesetet som det skulle. Det er

---

<sup>283</sup> Möðruvellir vart truleg eit rikt kloster då biskopen gav det store delar av Hólarstaden sitt gods (*Lsb* kap. 51).

<sup>284</sup> Biskop Audun kom til Island: IA: 150, 343, 393 (1314), 204, 265 (1315). Konflikten mellom Koðrán og Audun tok til: IA: 393, *Lsb* kap. 29 og 30.

<sup>285</sup> Biskop Jörundr hadde utnemnd Þorsteinn Illugason til official før han døydde, medan Koðrán hadde blitt utnemnd av erkebiskopen til biskopleg medhjelpar (*coadjutor*) på Jörundr sine eldre dagar. Koðrán hadde størst støtte blant presteskapet og overtok derfor styringa av bispedømet, men i følge Laurentius, og seinare også erkebiskopen, var det heilt klart Þorsteinn som hadde kyrkjeretten på si side (*Lsb* kap. 28).

<sup>286</sup> *Lsb* kap. 30. IA:266. Koðrán vart også skulda for å ha leia eit presteopprør mot biskopen.

<sup>287</sup> Dette var Þorsteinn Illugason (*Lsb* kap. 28).

<sup>288</sup> Biskop Jon Halldorsson påpeikar avstanden mellom bispesetet og klosteret og omtalar den som 'ei stor dagsreise' (*Lsb* kap. 49).



likevel merkeleg at biskopsagaen ikkje nemner noko om dette. Det nemnast ikkje meir om korleis dette godset vart øydsla eller til kva formål. Som vist i førre kapittel forsøkte biskop Audun å sikre bispesetet så stor innkome som mogleg, og kanskje var også kravet om at Koðrán skulle betale attende tapet eit påskot for å auke bispesetet si innkome.

I 1316/17 brann klosteret og kyrkja på Möðruvellir til grunnen.<sup>289</sup> Biskop Audun tok ikkje initiativ til å byggje det opp att, og klosterbrørne vart spreidd rundt i bispedømet som prestar ved ymse kyrkjer. Biskopen tok på dette tidspunktet over all landskyld og innkome som hadde tilhøyrt staden og klosteret på Möðruvellir.<sup>290</sup> Kjeldematerialet seier ingenting om at brørne frå Möðruvellir kom med noko krav om gjenreising av klosteret medan Audun levde. Truleg gjorde dei likevel forsøk på å få klosteret gjenreist, for dette kravet vart lagt fram for Laurentius rett etter at han vart vigsla til biskop i Hólar (1324-1331).<sup>291</sup> Medan han oppheldt seg i Nidaros etter vigselen oppsøkte nemleg broder Ingimund Skutusson frå Helgeseter kloster i Nidaros både Laurentius og erkebiskopen.<sup>292</sup> Ingimund skulda då bispesetet i Hólar for at klosteret på Möðruvellir var oppløyst og for at brørne hadde blitt spreidd utover bispedømet. Vidare skulda han også bispesetet for å ha teke under seg all innkoma frå Möðruvellir. Årsaka til at klosteret ikkje hadde vorte bygd opp att med ein gong, kan ha samanheng med at biskop Audun ikkje ville gje frå seg denne innkoma frå Möðruvellir sitt gods. Truleg kan det same seiast om Laurentius sine motiv. Han var i alle høve lite villig til å gjenreise klosteret. Biskopen nemnde som ei av årsakene til at han ikkje ville gjenreise klosteret at munkane sjølv hadde starta brannen gjennom å vere uforsiktige med eld etter å ha kome fulle heim frå ein fest på Gáseyri.<sup>293</sup>

I følge både *Kristinna Laga Pátr* og *Kristinnréttur Árna Þorlakssonar* skulle ei kyrkje som brann ned byggast opp att etter biskopen sitt ønske, og det var landeigaren som var ansvarleg for at den vart bygd opp att innan tolv månader.<sup>294</sup> Biskopen, som altså var landeigaren, hadde derfor ansvaret for å gjenreise kyrkja som brann. Truleg bygde biskopen oppatt kyrkjestaden sidan den ikkje var noko tema i konflikten, og sidan biskopen fekk

---

<sup>289</sup> IA: 393 (1316) og IA:266 (1317) og *Lsb* kap. 30, 36.

<sup>290</sup> Norr. *landskyld* og *innrenta* (*Lsb* kap. 39).

<sup>291</sup> *Lsb* kap. 39.

<sup>292</sup> Ved fleire høve fekk klostera på Island støtte frå klostera i Nidaros i konflikatar med biskopen. Þingeyrar fekk støtte frá abbed Grim på Munkholmen i konflikten med biskopane i Hólar (DI II 341, sjå dessutan kap. 5.1.2). Gunnar F. Guðmundsson argumenterar for at Munkholmen (Níðarhólmsklostur) var moderklosteret til Þingeyrar (Gunnar F. Guðmundsson 2000:215). Støtta innanfor klostera på tvers av bispedøma viser ein god kontakt og eit sterkt fellesskap innanfor klosterordenane i Nidarosprovinsen.

<sup>293</sup> Brannen hadde starta i veggteppa i koret og i kista kvar messeledda vart oppbevart (*Lsb* kap. 39). Gáseyri låg på vestsida av Eyjafjörður og ser ut til å ha vore ei viktig hamn sidan annalane ofte fortel om skip som kjem og reiser derifrå på 1300-talet (IA: 539 og 268, 270, 397, 403, 411 og *Lsb* kap. 6, 21, 23, 28, 31, 35, 37, 38, 40, 50, 51, 56).

<sup>294</sup> *Grg* s. 11, *KÁÞ* s. 149-150.

innkoma frá den. Kristenrettane seier likevel ikkje noko om kven som var ansvarleg for å byggje oppatt klosteret. Då broder Ingimund la fram konflikten for erkebiskopen då Laurentius var i Nidaros for bispevigselen, la erkebiskopen til i saka at "(...) kirkeretten bestemmer, at et kloster, som først er opprettet, skal bestå til tid og evighed, hvis ingen hindring udelukker det. Desuden er sædet på Holar blevet tillagt gårdens og klosterets forpagtningsindtægter og øvrige indtægter. Hvem andre end biskoppen på Holar kan det da påhvile at vedligeholde eller lade opbygge klostret?"<sup>295</sup>

Gjennom heile bispesagaen vert Laurentius rosa for å vere eksepsjonelt lærd innanfor kanonisk rett. Det er derfor overraskande at han ikkje følgjer erkebiskopen sitt påbod i konflikten med Möðruvellir. Biskopen forsøkte i staden altså å leggje skulda for brannen over på munkane ved å insinuere at dei hadde starta den med vilje. Denne skuldinga ser det ikkje ut til at nokon anna som var involvert i konflikten støtta, og Laurentius ser dessutan ut til å ha hatt ei dårleg sak ifølgje lovverket.<sup>296</sup> Biskop Laurentius var altså uvillig til å gjenreise klosteret, sjølv etter at erkebiskopen tok klosterbrørne si side og konflikten fortsette mellom dei to partane.<sup>297</sup> Erkebiskopen måtte til slutt utnemne meklarar i saka, biskop Jon Halldorsson i Skálholt (1322-1339) og abbed Þorlákr i Þykkvabær, og det vart avgjort at biskopen skulle la klosteret reise på ny.<sup>298</sup> Strida enda likevel ikkje her.

Då klosteret vart gjenreist la biskop Laurentius fram både som lovnad og krav at klosteret skulle vere som i biskop Jörundr sine dagar i både verdslege og åndelege omsyn.<sup>299</sup> Biskopen ville på denne måten sjølv verte abbed, ha rett til å utnemne prioren og råds mannen til klosteret og dessutan vere med på å ta store avgjerder saman med prioren og dei øvrige klosterbrørne. Først godtok brørne frå Möðruvellir denne avtalen, men ombestemte seg då dei skjønnte omfanget av den.<sup>300</sup> Gjennom denne ordninga fekk nemleg biskopen fortsetje å ha full råderett over alt gods og innkome som låg til klosteret, medan brørne i Möðruvellir sin råderett vart minimal. Blant anna måtte dei til Laurentius for å få både mat og klede, og i mange tilfelle var dei avhengige av almisser frå folk utanfor klostermurane.<sup>301</sup> Biskopen fann

---

<sup>295</sup> *Lsb* kap. 39. Eg har ikkje funne nokon vedtekt om vedlikehald og ansvar ovanfor klosteret i nokon av kristenrettane.

<sup>296</sup> I følgje *Jónsbók* var det straffbart å tenne på andre sin eigedom, og førte til at brannstiftaren vart lyst fredlaus og vart fråteken all eigedom og lausøyre, i tillegg til å måtte betale ei stor bot (*Jb* s. 177-178). Same lov seier likevel også at dersom brannen vart starta på ein annan måte, skal ein følgje dommen til kloke menn, i samsvar med omstenda. *Kristinnréttur Árna Þórlakssonar* har også ei streng straff for menn som har sett fyr på eit kloster eller ei kyrkje med fiendtlege føremål (*KÁP* s. 152).

<sup>297</sup> *Lsb* kap. 39.

<sup>298</sup> *Lsb* kap. 46-47.

<sup>299</sup> *Lsb* kap. 46.

<sup>300</sup> *Lsb* kap. 47.

<sup>301</sup> *Lsb* kap. 49, 55.

denne ordninga nødvendig i og med at det stod dårleg til med økonomien i klosteret når brørne fekk rå over godset sitt sjølve.<sup>302</sup>

Brørne fekk støtte frå biskop Jon og abbed Þorlákr i konflikten og det vart forsøkt å mekle fram eit forlik på ny.<sup>303</sup> Det kjem fram i sagaen at biskopen sin råderett streid mot Möðruvellir sin klosterregel. Klosteret på Möðruvellir var av augustinarordenen, og følgde derfor Augustins regel. Denne sa ifølgje biskop Jon at brørne skulle ha mynde både utanfor klosteret i verdslege saker og innanfor klosteret over sedar og reglar, slik at dei skulle sleppe å måtte ta imot almisser frå verdslege då biskopen ikkje ville gje dei det dei trengde.<sup>304</sup> Historikaren Gunnar F. Guðmundsson påpeikar også at Augustins regel ikkje direkte seier noko om at klostera skal vere underlagt biskopen.<sup>305</sup> Til og med sagaforfattaren kommenterar at biskop Laurentius ved dette høvet trassa regelverket, då han valte å stå fast på prinsippa frå biskop Jörundr si tid. Sagaforfattaren, som gjennom heile forteljinga understrekar Laurentius sine ferdigheiter i kanonisk rett, ber derfor lesaren om å ”hverken laste eller nedvurdere nogen af de nævnte biskopper for denne sag. Hver for sig kan de nemlig siges at have ført en retfærdig sag.”<sup>306</sup> Sidan både biskop Jon og sagaforfattaren påpeikar at Laurentius her handla urett, går eg ut ifrå at Laurentius sjølv også var klar over at han handla mot Möðruvellir sin klosterregel i saka. Dette viser at han nok ein gong viste ei pragmatisk haldning til lovverk for å styrkje bispesetet sine økonomiske interesser. Partane vart til slutt einige om eit mellombels forlik og Möðruvellir fekk attende råderetten over godset sitt.<sup>307</sup> Dette var ikkje biskopen nøgd med og anka saka for erkebiskopen.<sup>308</sup>

Sidan biskop Laurentius møtte så mykje motstand hjå dei geistlege på Island i saka, og ser ut til å ha handla utan å ta omsyn til Möðruvellir sin regel, er det overraskande at han til slutt fekk støtte frå erkebiskopen. Laurentius sendte Egill Eyjólfsson, ein av sine fremste prestar og seinare biskop i Hólar, til Nidaros for å fremje bispesetet si sak.<sup>309</sup> Biskopsagaen fortel at Egill kom godt overeins med erkebiskopen og fremja bispesetet si sak så ofte han

---

<sup>302</sup> Mellom anna var dei ein episode då biskopen måtte bryte seg inn i mat- og dyreforlagera i klosteret. Då kom det for ein dag at det var dårleg stelt med Möðruvellir både med mat og høyr (*Lsb* kap. 53).

<sup>303</sup> *Lsb* kap. 49.

<sup>304</sup> *Lsb* kap. 55. Det er usikkert kva for punkt i Augustins regel biskop Jon visar til. Moglegvis kan det vere I som nemner at ”hver enkelt får seg tildelt mat og klær av forstanderen” (Erik Gunnes: *Klosterliv i vesten. Augustins regel – Benedikts regel*, Oslo 1986: 43).

<sup>305</sup> Gunnar F. Guðmundsson 2000: 213.

<sup>306</sup> ”Enn þui skulu þeir sem hæyra þessa frá sogn. badra fyr sagdra byskupa. lasta eda lyta j þessu efne. Þuiat huort tueggi þeirra munu þikiazt fylgt hafa riettu male.” (*Lsb* kap. 55).

<sup>307</sup> *Lsb* kap. 50.

<sup>308</sup> Ifølgje sagaen godtok biskopen forliket fordi han rekna med å få støtte frå erkebiskopen seinare, noko som viser ei vilje hjå biskopen til å fire på krava sine for at det skulle oppstå fred mellom bispesetet og klosteret. Som eg vil drøfte i kap. 5.2.2 var truleg biskopen tvungen til å inngå dette forliket.

<sup>309</sup> *Lsb* kap. 51.

kunne. Möðruvellir hadde også sende ein representant i saka, broder Arngrímr frá Þykkvabær, men ifølgje sagaen var han meir oppteken av å lære seg å byggje orgel enn å fremje klosteret si sak.<sup>310</sup> Det er lite truleg at klosteret sin representant i ei alvorleg konflikt som dette var meir oppteken av orgel enn å sikre Möðruvellir sine interesser. Det er godt mogleg at Egill var den beste diplomaten av dei to, men at Arngrím ikkje skal ha lagt fram klosteret si side av saka for erkebiskopen i det heile tatt er lite truleg. *Laurentius saga biskups* målar eit rosenraudt bilete av Laurentius og alle hans gjeremål, og denne episoden må sjåast som eit forsøk frå sagaforfattaren si side på å latterleggjere biskopen sine motstandarar.

Med hjelp frå Egill fekk Laurentius erkebiskopen si støtte i saka. Sjølv om det gjekk mot klosteret sin regel fekk bispesetet sanksjonert råderetten over Möðruvellir-godset. Jørgen H. Jørgensen argumenterar for at Laurentius arbeidde for å få gjennomført ei spesiell ordning som ville passe forholda i landet betre, og at Laurentius forsvarte ein spesiell islandsk tradisjon.<sup>311</sup> I og med at klosterbrørne ser ut til å ha forvalta økonomien til Möðruvellir dårleg er det mogleg at biskopen forsøkte å skape ei særordning i akkurat dette tilfellet. Eg vil likevel ikkje påstå at denne strida symboliserar eit forsvar for ein særeigen islandsk tradisjon. Biskop Laurentius nytta seg av ein argumentasjon som forsvara hans eigne og bispesetet sine økonomiske interesser. Også i andre høve viste biskop Laurentius ei praktisk haldning til lov og sedvane, noko som kjem tydeleg fram i konflikten med klosteret på Þingeyrar.

### 5.1.2 Hólarbiscopane i strid med klosteret på Þingeyrar

Þingeyrar vart som det første klosteret på Island grunnlagd i 1133.<sup>312</sup> Ved grunnlegginga av klosteret hadde den dåverande biskopen i Hólar, Jón Ögmundrson, skjenska klosteret bispetienda frá tretten kyrkjesokn i bispedømet som årleg tilskot.<sup>313</sup> Eit spørsmål som skapte stor konflikt mellom Þingeyrar og biskopane i Hólar var kor vidt biskopane hadde rett til å gjere vedtak utover si eiga embetstid, særskild med tanke på bispetienda. I dette delkapitlet vil eg diskutere korleis biskopane stilte seg til dette spørsmålet.

Frå og med grunnlegginga av Þingeyrar disponerte klosteret over bispetienda fram til biskop Jörundr i Hólar valte å trekkje den attende. Ifølgje Janus Jónsson tok biskopen over denne tienda i løpet av Vermundr Halldórsson si tid som abbed i Þingeyrar, altså før 1279.<sup>314</sup> Som kompensasjon for dette donerte Jörundr garden Hjaltabakki til klosteret. Truleg vekte

---

<sup>310</sup> *Lsb* kap. 51.

<sup>311</sup> Jørgensen 1982: 28.

<sup>312</sup> Jón Jóhannesson 1956: 228 ff, Gunnar F. Guðmundsson 2000:217, Udnæs 2002: 62 ff.

<sup>313</sup> Disse kyrkjesokna låg vest for Vatndalsá (DI III 341, *Lsb* kap 30).

<sup>314</sup> Janus Jónsson, *Um klaustrin á Íslandi*, Ljósprentun úr Tímariti Hins íslenska bókmenntafélags 8. árgangi 1887, Reykjavík 1980: 185-186.

dette reaksjonar allereie i Jörundr si embetstid, men klosteret sine klagar visast ikkje i kjeldematerialet før biskop Audun sette seg på bispestolen. Dette skal ha kome av at brørne i klosteret ikkje hadde tort å klage til overmaktene i denne saka tidlegare.<sup>315</sup> Den eine gongen dei hadde forsøkt å klage hadde dei ikkje kome nokon veg. Dette kom av at dei hadde presentert klagemålet til erkebiskopen sine visitorarar på Island i 1307-08, men visitorane hadde vorte usamde seg imellom, noko som overskygga klosteret sine problem.<sup>316</sup> At munkane ikkje torde å konfrontere biskop Jörundr med saka er interessant. Det har vore argumentert for at biskop Jörundr hadde ei sterk forankring i lokalsamfunnet, og ei moglegheit er derfor at brørne frå Þingeyrar var redde for å kome på kant med andre geistlege, og moglegvis også verdslege, stormenn i omegna.<sup>317</sup> Ei anna moglegheit er at biskop Jörundr ikkje var like streng i økonomiske spørsmål som sine etterfølgjarar.

I konflikten mellom Jörundr sine etterfølgjarar i Hólar og Þingeyrar om bispetienda viste klosteret til sedvanen for å legitimere retten sin til bispetienda. Biskop Jón hadde skjenta tienda til Þingeyrar og åtte biskopar etter han hadde retta seg etter denne ordninga. Biskop Jörundr hadde ikkje hatt nokon rett til å trekkje attende dette privilegiet.<sup>318</sup> Jón Jóhannesson argumenterar for at det truleg ikkje var biskop Jón som hadde donert tienda til klosteret, men at det meir truleg vart gjort av ein seinare biskop.<sup>319</sup> Det er derfor mogleg at munkane fabrikkerte denne påstanden for å styrke eiga sak.

Biskop Audun var både i desse konfliktane og strida med Möðruvellir myndig i sine avgjerder. Då han vart tildelt bispeembetet hadde allereie biskop Jörundr før han teke attende bispetienda, og Audun var ikkje villig til å delegere tienda attende til klosteret. I tillegg til bispetienda tok han også attende Hjaltabakki, som Jörundr hadde gjeve Þingeyrar som kompensasjon for bispetienda.<sup>320</sup> Sidan det ikkje er dekning til noko konflikt i kjeldene under biskop Jörundr er det mogleg at attendetakinga av Hjaltabakki utløyste konflikten. Som vist i førre kapittel var biskop Jörundr kjend for å kjøpe stadar heller enn å krevje dei på prinsipielt grunnlag under *staðamál*.<sup>321</sup> Kanskje nytta han seg av same framgangsmåte i høve til bispetienda. Biskop Audun som følgde han på bispestolen hadde derimot ikkje for vane å kompensere for å sikre bispesetet økonomiske rettar. Han var i teorien meir lik biskop Árni Þorláksson i måten han kravde retten over kyrkja sine økonomiske rettar utan å ville

---

<sup>315</sup> DI III 341.

<sup>316</sup> IA: 53, 74, 149, 201 og *Lsb* kap. 17 og utover.

<sup>317</sup> Beistad 2008: 79.

<sup>318</sup> DI III 341.

<sup>319</sup> Jón Jóhannesson 1956: 229.

<sup>320</sup> *Lsb* kap. 37.

<sup>321</sup> Sjá kap. 4.3.1.

kompensere for desse økonomisk. Både biskop Árni og biskop Audun hamna på grunn av dette i store konflikter, medan embetstida til Jörundr verkar fredelegare.

Biskop Laurentius følgde Audun på bispestolen, og hans framgangsmåte i konflikten med Þingeyrar om bispetienda er interessant. Medan konflikten mellom Þingeyrar og biskop Audun utspelte seg var Laurentius sjølv munk i det gjeldande klosteret. Der kjempa han for at klosteret skulle få disponeringsrett over tienda, og han skreiv på vegne av Þingeyrar ein appell til erkebiskopen om saka.<sup>322</sup> Då han sjølv vart biskop endra han likevel raskt meining:

I er blevet korrekt underrettet, herre, om at da jeg var i kloster på Thingeyrar, arbejdede jeg efter bedste evne for, at klosteret skulle have tienden, således som den blev givet af den hellige Johannes, første biskop på Holar, som grundlagde kloster på Thingeyrar. Dog, selv om han var en herlig mand, kunne han ikke bortgive den ud over sin egen tid og ikke danne præjudicium for efterfølgende biskopper på Holar.<sup>323</sup>

På same måte som i Möðruvellirkonflikten hadde biskopen også ved dette høvet ei praktisk haldning til lovverket. Ved ulike situasjonar valde han ulike framgangsmåtar og ulike argument for å styrke eiga sak. Til sjuande og sist enda det likevel med at Laurentius måtte kompensere for klosteret sitt tap av tienda ved å leggje kyrkja i Hvammr i Vatnsdal inn under klosteret.<sup>324</sup> Konflikten vart altså løyst først når biskopen tilfredsstilte klosteret sitt krav om økonomisk kompensasjon.

Biskopane som var involverte i Þingeyrarsaka hadde altså ulike framgangsmåtar for å sikre seg kontrollen over bispetienda. Biskop Jörundr handla på same måte som han gjorde fleire gongar under staðamál – han kompenserte for bispetienda økonomisk ved å leggje ei kyrkje til klosteret. På denne måten klarte han å unngå konflikt med Þingeyrar. Biskop Audun meinte på si side at bispesetet hadde rett på bispetienda utan å måtte kompensere for den, og tok attende kyrkja som Jörundr hadde donert bort, noko som truleg utløyste konflikten. Biskop Audun var viljesterk i sine avgjerder og ville ikkje delegere privilegium som ville ført til at bispestolen si innkome minka til andre geistlege institusjonar. Sjølv om begge konfliktane prega embetstida hans vart derfor ingen av dei avslutta før under Laurentius. Biskop Laurentius vert i *Laurentius biskups saga* lovprisa for å vere lærd innanfor kanonisk rett. Likevel trassa han denne fleire gongar for å sikre økonomien til den kyrkjelege institusjonen han tilhørte til ulike tidspunkt. I dei tilfella han representerte bispesetet argumenterte han for avgjerder som hadde vorte gjort av dei føregåande biskopane. Sjølv om

---

<sup>322</sup> *Lsb* kap. 30.

<sup>323</sup> *Lsb* kap. 39.

<sup>324</sup> *Lsb* kap. 43.

desse streid mot argumentasjonen han hadde ført *mot* bispesetet tidlegare. Biskop Laurentius hadde altså ei pragmatisk haldning til lov og sedvane, og nytta seg av desse om kvarandre og støtta seg til den av dei som ved ulike høve styrka deira økonomiske interesser.

## 5.2 Verdslege stormenn si deltaking i konfliktane

Konfliktane mellom biskopane og klostera var i utgangspunktet konfliktar mellom to kyrkjelege institusjonar. I mange tilfelle fekk likevel verdslege stormenn eit ord med i spelet og det kunne gå så langt at dei støtta opp kring dei ulike geistlege partane med væpna følgje. Målsetjinga med dette delkapitlet er å undersøkje kva interesser dei verdslege stormennene hadde i konfliktane, og i kor stor grad deira innblanding vanskeleggjorde biskopane sitt forhold til klostera.

Dette vil eg gjere ved først å sjå nærare på banda mellom klostera og lokale verdslege stormenn. Eg vil her undersøkje kven dei var og kva dei kan ha forventa å tene på konfliktane. Deretter vil eg sjå nærare på biskopen sine støttespelarar under konfliktane. Kva hadde verdslege stormenn å vinne på å ta biskopen si side, og var biskopane avhengig av støtte frå lekmenn?

### 5.2.1 Klostera sine støttespelarar

Når klostera hamna i konflikt med biskopane sine fekk dei ofte støtte av verdslege stormenn i lokalsamfunnet. Kven var desse og kva tente dei på å ta stilling i konfliktane?

Mellom biskopen i Hólar og klosteret på Möðruvellir i Hörgardalr oppstod det altså konfliktar på 1300-talet, men allereie før klosteret vart etablert oppstod det strid om kyrkjestaden der.<sup>325</sup> Dei islandske annalane opplyser at det i 1292 vart sendt eit kongsbrev til Island. Gjennom dette fekk lekmenn løyve til å ta alle stadar og kyrkjeieigedom dei hadde hatt før Island kom under den norske kongen si makt.<sup>326</sup> Som følgje av dette tok lagmannen Sigurðr Guðmundarson seg til rette på staden på Möðruvellir mot biskopen si vilje. Han fekk likevel ikkje sete der lenge. I 1294 kom det ut eit nytt kongsbrev som fastslo at staden på Möðruvellir hadde vorte teken med urett og at Sigurðr måtte overgje den til biskopen.<sup>327</sup> *Laurentius saga biskups* fortel om dei same hendingane men her gjekk overtakinga føre seg

---

<sup>325</sup> Dei fleste islandske klostera vart truleg reist på storkyrkjer (kyrkjer med 3 eller fleire geistlege knytt til seg), t.d. staden på Möðruvellir (Jón Viðar Sigurðsson, "Islandske storkirker før 1300" i Helgi Þorláksson (red.) *Church Centres. Church Centres in Iceland from the 11th to the 13th Century and their Parallels in other Countries*, Reykholt 2005:157-160)

<sup>326</sup> "(...) med kongs brefum at leikmenn skylldu taka stadi alla ok kirkiu eignar sva sem verit hafdi adr Islandd kom vnder kongs valld i Noregi." (IA: 143).

<sup>327</sup> IA: 71.

utan kongen si innblanding.<sup>328</sup> I staden for å involvere kongemakta skal biskop Jörundr ha teke saka i eigne hender. Sagaen fortel at biskopen sendte Laurentius, som på dette tidspunktet var prest ved bispesetet i Hólar og som seinare skulle verte biskop, til Sigurðr for å krevje staden attende. Med seg skal Laurentius ha fått eit bannlysingsbrev som han skulle lese opp dersom Sigurðr ikkje ville gje opp staden. Då Laurentius kom til Möðruvellir vart saka lagt fram, men Sigurðr ville ikkje gje frå seg staden då han hadde rett på den gjennom arv. Laurentius skal ha lese opp bannlysingsbrevet, og Sigurðr og hans menn trua og raste mot Laurentius. Sigurðr reiste deretter sjølv til bispesetet og konfronterte biskop Jörundr med saka. Biskopen valde no ein ny taktikk for å sikre seg staden, og sa frå seg alt ansvar for bannlysinga. Laurentius vart skulda for å ha handla eigenrådig, og biskopen og Sigurðr kom til eit forlik ved at biskopen kjøpte staden. Biskop Jörundr og lagmann Sigurðr kom godt ut av strida, medan Laurentius hamna i uvenskap med begge to.

At framstillinga av desse hendingane er ulike i annalane og i *Laurentius saga biskups* opnar for spørsmål. Korleis gjekk overdraginga av staden frå Sigurðr til Hólarbispemenn eigentleg føre seg? I biskopsagaen vert Jörundr framstilt som ein handlekraftig biskop og det vert fortalt at han ”i hele sin levetid var den klogeste og viseste mand med hensyn til hvad der skete på Island.”<sup>329</sup> For at biskopen skulle leve opp til dette glansbiletet som sagaforfattaren skapte, var det truleg viktig å unngå å setje biskopen inn i konfliktsituasjonar. Eg vil likevel ikkje sjå vekk frå at biskop Jörundr kan ha kompensert økonomisk for staden, men meiner at kongen si involvering i saka ikkje bør undervurderast. Sagaen skaper gjennom framstillingane av Jörundr eit bilete av ein kombinasjon av geistleg og verdsleg stormann, som heldt lokalsamfunnet i eit fast grep:

Alle sager endte nemlig sådan, at biskop Jørund bestemte det hele, ligegyldigt hvem han havde med at gøre i Holar stift. Det var nemlig sådan i den sidste ende, at alle ville sidde og stå og på alle måder gøre, som det passede ham, for han havde bedre end nogen anden forstand på verdslige sager, og han var ikke smålig med penge.<sup>330</sup>

At biskopen vert prisa for å ha forstand på verdslege saker, kan tyde på at han hadde eit godt forhold til lokale stormenn.

Sigurðr var son av Guðmundr ofsi Þorvaldsson, som igjen var barnebarnet til Guðmundr dýri Þorvaldsson.<sup>331</sup> Guðmundr dýri var i si tid gode (godordsmann) i Bakka i

---

<sup>328</sup> *Lsb* kap. 4-5.

<sup>329</sup> *Lsb* kap. 17.

<sup>330</sup> *Lsb* kap. 21.

<sup>331</sup> *ÍÆ* II: 179 og *ÍÆ* IV: 221.



Öxnadal.<sup>332</sup> Det er mogleg at grunnlegginga var ein maktdemonstrasjon ovanfor Sigurðr. Ved å grunnleggje klosteret kan han ha forsøkt å underbyggje bispesetet sin eigedomsrett til staden, og på denne måten unngå fleire konflikhtar med Sigurðr og ætta hans. Det ser ikkje ut til å ha oppstått konflikhtar mellom verken Sigurðr eller klosteret og biskopen i løpet av Jörundr si embetstid. Möðruvellir vart truleg eit rikt kloster då biskopen gav det store delar av Hólarstaden sitt gods.<sup>333</sup>

Etter at klosteret på Möðruvellir brann i 1316/17 vart som tidlegare nemnd somme av prestane plassert rundt omkring i bispedømet ved ulike soknekyrkjer. Dette likte dei dårleg. Det er i det heile litt ironisk at munkane klaga på at dei vart plassert i presteembete ”som andre verdslege menn”, med tanke på at brannen oppstod etter at brørne hadde vore med på ein fyllefest. Dette tyder på at dei hadde god kontakt med verda rundt seg.<sup>334</sup> Ein av munkane i Möðruvellir heitte Þorgeirr. Etter brannen vart han plassert i Lögmanshlið innerst i Eyafjörður som sokneprest (norr. *þingaprestr*).<sup>335</sup> Om han ikkje var kjend med familien til Sigurðr lagmann Guðmundrson frå før vart han det nok i løpet av si tid som prest der. Sigurðr heldt nemleg til på Lögmanshlið før han tok over staden på Möðruvellir, og vende attende dit når han gav den opp i 1293.<sup>336</sup> Sjølv om Sigurðr ikkje heldt staden på Möðruvellir lenger, heldt han altså likevel kontakt med klosterbrørne der. Prior Þorgeirr fortsette å halde kontakt med stormennene i Eyafjörður også etter at han vende attende til klosteret.

I 1328 kom det til forlik mellom klosteret på Möðruvellir og biskop Laurentius og klosteret fekk råderett over godset.<sup>337</sup> Kort tid etter samla stormenn frå omegna seg i Möðruvellir og haldt store samkomer på klosteret si rekning.<sup>338</sup> Dette tyder på at det var god kontakt mellom klosteret og stormenn i omegna. At det var sterke band mellom klosteret og stormennene kjem også fram av ein episode frå ei visitasferd biskop Laurentius gjorde medan Möðruvallahall stod på.<sup>339</sup> Då han kom til Möðruvellir vart han ikkje motteken med ein prosesjon verdig ein biskop, men av førti væpna menn. Stormenn frå Hörgardalur og Eyafjörður leidd av Uppsala-Hrólfr, hadde samla seg i klosteret og gav biskopen ein kald

---

<sup>332</sup> *ÍÁ VIII Svalbarðætt fyrri.*

<sup>333</sup> *Lsb* kap. 51.

<sup>334</sup> ”sem adrer veralldar menn” (*Lsb* kap. 46).

<sup>335</sup> Ein *þingaprestr* var ein prest ved ei privateigd kyrkje. Han hadde i motsetnad til prestar ved stadar ikkje nokon eiga innkome, men vart halde av kyrkjebonden (Jørgensen 1982: 182).

<sup>336</sup> *Lsb* kap 4. Hlið, seinare Lögmanshlið, ligg i Kræklingahlið på veskysten av Eyafjörður (IA: 563). Sigurðr si slekt haldt til der over fleire generasjonar (*ÍÆ IV*: 221).

<sup>337</sup> *Lsb* kap. 50. Ifølgje *Lögmans-annáll* vart det gjort eit mellombels forlik mellom klosteret og biskopen i 1329, då klosteret fekk råderetten over eige gods i ei kort tid (IA: 268). Ifølgje *Flatø-annaler* hende dette i 1327 (IA: 396). Sistnemnde annal viker ofte med eit eller to år frå dei andre annalane, og derfor vel eg å følgje dateringa i *Lögmans-annáll*.

<sup>338</sup> *Lsb* kap. 52.

<sup>339</sup> *Lsb* kap. 53.

velkomst. Uppsala-Hrolfr var truleg kongeleg sysselmann, og kom også seinare i konflikt med biskopen.<sup>340</sup> Biskopen møtte også ei kald skulder frå klosterbrørne. Då han gjekk inn i kyrkja var det ingen av klosterbrørne som helsa på han, og då dei vart servert måltid fekk stormennene mykje betre mat enn biskopen og følgjet hans. Etter denne hendinga avsette Laurentius prioren og Uppsala-Hrolfr vart etter ei tid ekskommunisert.<sup>341</sup> Også biskop Audun opplevde ein liknande situasjon då han visiterte klosteret på Þingeyrar. Han vart ikkje motteken med nokon prosesjon og dei vart ikkje servert øl til maten. Stormenn frå Vatnsdalr hadde samla seg i klosteret for å forsvare klosteret mot biskopen dersom han skulle angripe.<sup>342</sup> Dette må bety at biskopen reiste omkring i bispedømet sitt med eit væpna følge, eller at han hadde med seg verdslege stormenn med væpna menn. At dette var naudsynt seier litt om den spente situasjonen mellom Hólarbispane og stormennene.

Banda mellom klostera og stormennene i omegna var altså sterke. Det ser også ut til at det var sterke venskaps- og familieband mellom dei ulike stormennene i Hólar bispedøme, og at desse banda strekte seg over fleire generasjonar. Sigurðr lagmann, som selde staden på Möðruvellir til biskop Jörundr, var faren til Guðmundr, som også var lagmann, som igjen var faren til enda ein Sigurðr lagmann - den same Sigurðr som hamna i konflikt med biskop Orm Aslaksson i 1340-ára.<sup>343</sup> Også i den konflikten samla dei lokale stormennene seg for å sikre felles interesser. Det er interessant å sjå at dei same familiane som stadig hamna i konflikt med biskopane i løpet av perioden i samband med tiendlovgjeving og tiendbetaling også hamna i konfliktar knytt til klostera sin økonomi.

Sigurðr hadde dessutan familieband til Þingeyrar då sonsonen hans gjekk i lære hjå Laurentius der. Det var vanleg at sønene til leiande stormenn gjekk skule i klostera, som var dei fremste læreseta i landet.<sup>344</sup> Også andre stormenn hadde familiar i klostera, og det var vanleg å donere jord til kloster som tok mot elevar.<sup>345</sup> Sysselmannen Benedikt Kolbeinsson si tante Hallbera Þorsteinsdóttir var abbedisse i klosteret på Reynistaður.<sup>346</sup> Også dottera hans Ingibjörgu var nonne i Reynistaður, og med henne hadde Benedikt gitt donasjonar i form av reka.<sup>347</sup> Store handelstransaksjonar vitnar også om eit godt forhold mellom klosteret og

---

<sup>340</sup> For Uppsala-Hrolfr sin embetsbakgrunn sjå Wærdahl 2011: 213. For vidare konfliktar mellom sysselmannen og biskop Laurentius sjå *Lsb* kap. 55 og 58.

<sup>341</sup> *Lsb* kap. 55.

<sup>342</sup> *Lsb* kap. 31.

<sup>343</sup> *ÍÆ* II: 179 og *ÍÆ* IV: 221. Lagmannsembetet gjekk ofte i arv innanfor visse slekter. For meir sjå Wærdahl 2011: 183-185 og særskild 225.

<sup>344</sup> Gunnar F. Guðmundsson 2000: 222.

<sup>345</sup> Gunnar F. Guðmundsson 2000: 222.

<sup>346</sup> *Lsb* kap. 44.

<sup>347</sup> Janus Jónsson 1887 : 253.

sysselmannen.<sup>348</sup> Bak donasjonane og velvilja ovanfor klosteret var det truleg religiøse motiv, men likevel må desse sjåast i samanheng med å sikre kvinnene i familien økonomisk og politisk, ved å gjere klosteret rikare. Mellom dei verdslege stormennene og klostera fanst det altså familieband og interessefellesskap som altså ikkje lét seg stoppe av klostermurar. Det var ofte nære band mellom stormannsslekter og kloster fordi stormennene hadde donert jord til klostera både ved grunnlegginga og seinare. Desse banda ser vi framleis på 1300-talet, sjølv om det ikkje vert grunnlagd kloster. Klosteret på Reynistaður vart grunnlagd først etter at Hallbera Þorsteinsdóttir donerte jord.<sup>349</sup> Det er tydeleg at etterkomarane hennar har følt seg knytt til klosteret. På same måte var det framleis band mellom klosteret på Möðruvellir og slekta til Sigurður som tidlegare hadde eigd staden der, sjølv om den hadde vorte teken mot hans vilje.

Biskopane måtte altså i mange tilfelle kjempe ein dobbel kamp, både mot dei klostergeistlege og deira vener og familie utanfor klostermurane. Klostera ser ut til å ha vore ein møtestad i lokalsamfunnet, og derfor kan delar av innkomene deira ha gått til gjestebod. Anna enn dette er det ikkje noko som tydar på at stormennene direkte tente økonomisk på å ta side med klostera i konfliktane. Likevel tente dei indirekte då det gjerne var familie og vener som var i klostera, og ved å styrke klostera økonomisk og militært fremja stormennene klosteret si stilling i bispedømet. På grunn av verdslege stormenn si aktive deltaking i konfliktane var det vanskeleg for biskopane å utfordre klostera i økonomiske spørsmål. Likevel stod ikkje biskopane åleine i konfliktane. Kven var det som tok biskopane si side i konfliktane?

### **5.2.2 Biskopane sine støttespelarar**

Det var likevel ikkje berre klostera som hadde støttespelarar blant verdslege stormenn. I mange tilfelle fekk også biskopane støtte frå leiande lekmenn i omegna. I dette delkapitlet spør eg om kva lekmenn kunne tene på å ta biskopane si side, og var biskopane avhengig av denne støtta i konfliktar?

I Möðruvellir-konflikten vart biskop Jon Halldorsson og abbed Þorlákr i Þykkvabær utnemnd av erkebiskopen til å forlike biskop Laurentius og klosteret.<sup>350</sup> To gongar reiste dei til Nordlandet for å forsøke å få partane til å einast. Andre gongen kom dei i følgje med

---

<sup>348</sup> Både handelstransaksjonen og den nemnde donasjonen dreidde seg om reka (Janus Jónsson 1887: 252).

<sup>349</sup> Janus Jónsson 1887: 251.

<sup>350</sup> *Lsb* kap. 46.

hirdstjoren Ketill Þorláksson.<sup>351</sup> Biskop Jon og abbed Þorlákr tok klosteret si side i konflikten og med hjelp frå desse vann klosteret fram i saka.<sup>352</sup> I og med hirdstjoren kom i følgje med desse, er det mogleg at hans nærvære var utslagsgjevande, eller i det minste ein medverkande faktor til at klosteret fekk råderetten over klostergodset. Dette forliket vart likevel ikkje varig, og strida braut snart ut på ny.

Ovanfor nemnde eg at biskop Laurentius var på visitas på Möðruvellir og vart dårleg motteken av brørne og lokale stormenn.<sup>353</sup> Etter dette reiste han til eit anna kloster i bispedømet, Munkaþverá.<sup>354</sup> Der var biskopen sin ven Bergr abbed, og truleg rådslo desse om kva biskopen skulle gjere vidare. Det enda med at biskopen søkte hjelp hjå Benedikt Kolbeinsson, som var ein av kongen sine sysselmenn på Nordlandet.<sup>355</sup> Benedikt samla eit følgje, truleg væpna, for å støtte biskopen mot stormennene som hadde trua han under visitasen.<sup>356</sup> Då dei kom fram til klosteret hadde mange av mennene som hadde vore der tidlegare reist, då dei ikkje trudde biskopen ville vende attende så snart. Med hjelp frå Benedikt la biskop Laurentius klosteret inn under bispesetet sitt mynde. Randi B. Wærdahl argumenterar for at ei av sysselmennene sine oppgåver på Island var å assistere biskopane og andre geistlege i landet, og ved dette tilfellet ser det altså ut til at biskopen var avhengig av støtta frå sysselmanen for å sikre seg kontrollen over godset som låg til klosteret.<sup>357</sup> Biskopsagaen understrekar at biskopen fekk stadfesta retten over Möðruvellir-godset av erkebiskopen, men eg vil ikkje sjå vekk frå at det var Benedikt si innblanding på lokalplan som gjorde utslaget i saka.<sup>358</sup>

Også i konflikten om bispetienda som låg til Þingeyrar spelte Benedikt Kolbeinsson ei sentral rolle ved forliket.<sup>359</sup> I dette tilfellet stod han likevel ikkje på biskopen si side, men kom ridande til Hólar i følgje med abbed Guðmundr frá Þingeyrar.<sup>360</sup> Forliket ser ut til å ha vorte gjort til fordel for biskopen, då han sikra seg kontrollen over bispetienda. Likevel vart dette gjort i byte mot at klosteret fekk råderetten over kyrkja på Hvammr i Vatnsdal med

---

<sup>351</sup> *Lsb* kap. 49. Ketill Þorláksson var hirdstjor, truleg frå 1314 og i perioden 1320-1341. For meir om Ketill sjå Wærdahl 2011: 202, 211-215.

<sup>352</sup> *Lsb* kap. 50.

<sup>353</sup> Sjå kap. 5.2.1.

<sup>354</sup> *Lsb* kap. 53.

<sup>355</sup> Benedikt var sysselman frå 1323 til om lag 1350 (Wærdahl 2011: 211).

<sup>356</sup> *Lsb* kap. 53.

<sup>357</sup> Wærdahl 2011: 211.

<sup>358</sup> I biskopsagaen vert det gjengitt eit møte mellom erkebiskopen og domkapitlet i Nidaros, kvar erkebiskopen fortalte om utfallet i konflikten og korbrørne sa seg samde i utfallet. At sagaforfattaren skal ha hatt kjennskap til korleis denne saka vart behandla bak lukka dører ved erkesetet er lite truleg. Det er derfor mogleg at episoden er teken med i sagaen for å styrke bispekyrkja sin autoritet ovanfor lekmenn på Island (*Lsb* kap. 53, 54).

<sup>359</sup> *Lsb* kap. 43 og DI II 363.

<sup>360</sup> *Lsb* kap. 43.

tilhøyrande gods og innkome. Sjølv om biskopsagaen framhevar at biskopen var den sigrande parten skal det ikkje utelatast at dette var ein handelstransaksjon Laurentius i utgangspunktet ikkje ønska å inngå. Ved fleire tidlegare høve hadde abbeden forsøkt å få stadfesta råderetten klosteret i lang tid hadde hatt over tienda, utan at biskopen var villig til å inngå nokon avtale.<sup>361</sup> Truleg var det avgjerande for både forliket og utfallet av konflikten at sysselmannen var til stades.

Dei kongelege embetsmennene si deltaking i konfliktane var altså viktige for utfallet av konfliktane mellom biskopen og klostera. At dei ved ulike høve tok ulike sider i konfliktane kan tyde på at dei gjekk inn i konfliktane av embetsmessige årsaker i tillegg til private. Tilfella eg har sett på ovanfor gjaldt likevel berre biskop Laurentius, som kongen sine menn ser ut til å ha hatt eit godt forhold til.<sup>362</sup> På ei anna side finst det ikkje dekning i kjeldematerialet for at dei ytte hjelp til biskopar dei sjølv hamna i konflikt med. Hirdstjoren Ketill Þorláksson var ein av biskop Audun sine fremste motstandarar i 1319-konflikten, og Benedikt Kolbeinsson stridde med biskop Orm på 1340- og 1350-talet.<sup>363</sup> Var det andre enn kongelege representantar som støtta opp om biskopane militært?

Då biskop Audun raude visiterte Þingeyrar hadde stormenn frå omegna samla seg der i tilfelle biskopen ville angripe.<sup>364</sup> At klosterbrørne og stormennene frykta eit angrep må tyde på at biskopen hadde eit væpna følgje. Sagaen fortel ikkje noko om biskopen var i følgje med ein stormenn eller kongelege embetsmenn, eller om han reid åleine. Sidan biskop Laurentius var avhengig av støtte frå Benedikt Kolbeinsson i ein svært lik situasjon, er det mest truleg at biskop Audun også må ha hatt med seg ein kongeleg embetsmann med væpna menn for at mennene i klosteret skulle frykte eit angrep. At han hadde noko særlig støtte er likevel lite truleg sidan biskopen var i konflikt med veldig mange av dei lokale stormennene.<sup>365</sup> Var eigentleg biskopane avhengige av kongelege embetsmenn si støtte i konfliktar med andre geistlege institusjonar?

Eg vil ikkje utelukke at biskopane kan ha hatt egne væpna følgje. I førre kapittel diskuterte eg konfliktane mellom biskop Orm Aslaksson og stormenn og kongelege embetsmenn i Hólar bispedøme, mellom andre nettopp sysselmannen Benedikt Kolbeinsson og Kolbein sonen hans.<sup>366</sup> I følgje Wærdahl var Benedikt framleis sysselmann kring 1350, og

---

<sup>361</sup> *Lsb* kap. 37, 39.

<sup>362</sup> Til dømes var det sysselmannen Ketill Þorláksson som eskorterte Laurentius til Hólar etter at han vart utnemnd *electi* til bispeembetet, og som foretok lysinga (*Lsb* kap. 36).

<sup>363</sup> Sjå kap. 4.3.2. og 4.3.3.

<sup>364</sup> *Lsb* kap. 31.

<sup>365</sup> Sjå kap. 4.3.2.

<sup>366</sup> Sjå kap. 4.3.3.

han heldt truleg embetet medan han stridde med biskop Orm. I lys av Benedikt si sentrale stilling i leiinga av landet er det interessant at biskop Orm var i stand til å ta til fange fire av Kolbein sine sveinar i 1352.<sup>367</sup> Det ser altså ut til at biskop Orm kan ha hatt eit eige væpna følge uavhengig av lokale stormenn. Biskop Orm reiste ved fleire høve saman med hirdstjoren og lagmannen Grímr Þorsteinsson, noko som kan tyde på at kongen sin mann støtta biskopen.<sup>368</sup> Andre indikasjonar på at biskopane på midten av 1300-talet hadde eigne væpna følge finst likevel også i biskopane sin harde disiplin av klostera i 1340-åra. Den nyvígsla biskopen Jón Sigurðsson i Skálholt (1343-1348) kom ut i 1343 og straffa to av brørne som skal ha slått ned abbed Þorlákr.<sup>369</sup> Ved same høve vart dessutan ei nonne, Kristin i Kirkjubær først degradert og deretter brend for blasfemi. Også den samtidige biskopen i Hólar, Orm Aslaksson (1342-1356) fengsla fleire av brørne i Möðruvellir. Annalane fortel ikkje om at nokon kongelege embetsmenn skal ha støtta biskopane militært ved desse høva, tvert i mot seier dei om året 1345 at dei gjekk svært hardt fram mot både leke og lærde på Island.<sup>370</sup>

At kongen sine representantar på Island hadde i oppgåve å assistere geistlege i bispedømet sette altså sitt preg på konfliktane. Ofte var deira nærvær avgjerande for utfallet av konfliktane, både til fordel og ulempe for biskopane. Særskild i høve kvar biskopane trengde militær assistanse var sysselmennene viktig. Det var sjeldan det kom til væpna oppgjer når sysselmennene tok eit standpunkt. Likevel ser det ut til at biskopane kunne mobilisere eigne væpna følge i tilfelle kvar det var nødvendig og konfliktsituasjonen utelukka assistanse frå sysselmenn. Konfliktar som enda i vald var det likevel berre eit fåtal av, og i dei fleste høve var forholdet mellom bispeseta og klostera godt.

### 5.3 Klostermurane – eit skilje mellom geistleg og verdsleg sfære?

Målsetjinga med dette kapitlet var å undersøkje graden av innverknad både biskopen og dei verdslege stormennene øvde over klostera ved å undersøkje konfliktane mellom biskopane og klostera. Kan så ulike biskopar sine ulike måtar å handtere økonomiske spørsmål på ha vore ei årsak til konflikt? Eit felles mål for biskopane var å sikre bispesetet sine interesser. Biskop Jörundr ser ut til å ha kome godt overeins med begge klostera, og hamna ikkje i strid med

---

<sup>367</sup> Ifølge Wærdahl ville Benedikt Kolbeinsson ha vore ein typisk kandidat til ridderverdet ein mannsalder tidlegare, på same måte som faren hans hadde vore. Han var altså ein av dei fremste mennene i landet (Wærdahl 2011: 222).

<sup>368</sup> IA: 211, 212, 353.

<sup>369</sup> IA: 274.

<sup>370</sup> IA: 274.

nokon av dei. Dette til tross for at det var han som inndrog bispetienda frå Þingeyrar. Årsaka til at det ikkje oppstod nokon konflikt var at biskopen, på same måte som under *staðamál*, kompenserte økonomisk for bispetienda. Konfliktane mellom bispesetet og klostera tok derfor til når hans etterfølgjar på bispestolen, Audun raude Torbergsson, tok attende kompensasjonen som Jörundr hadde gitt Þingeyrar, samstundes som han fortsette å halde tilbake bispetienda. Attåt konflikten med Þingeyrar hamna han truleg også på kant med Möðruvellir, men denne konflikten vert først dekt i kjeldematerialet frå biskop Laurentius si tid. Biskop Audun ser ut til å ha hatt ønskje om å styrke bispesetet økonomisk, og ville derfor ikkje gi klostera økonomiske privilegium.

Biskop Laurentius følgde i Audun sine fotspor og ville ikkje gje frå seg dei økonomiske rettane som hans forgjengarar hadde sikra bispesetet. I *Laurentius saga biskups* kjem det fram at andre geistlege, både på Island og ved erkesetet, meinte at bispestolen handla urett ovanfor klosteret. Det er likevel interessant at biskop Laurentius fekk sanksjonert kravet om råderett av erkebiskopen. Jørgen H. Jørgensen argumenterar for at Laurentius ved dette høvet fekk sanksjonert ei ordning som var betre tilpassa islandske forhold, og på denne måten forsvara ein spesiell islandsk tradisjon. Eg vil mot dette argumentere for at biskopen i både i Möðruvallahamál og konflikten med Þingeyrar arbeidde for å sikre eigne, eller den institusjonen han haldt til i, sine økonomiske interesser, og handlingane hans vart bestemt ut i frå kva situasjonen kravde for å oppnå dette målet.

Dei tre biskopane som var involverte i konfliktane handterte problema forskjellig. At situasjonen endra seg frå biskop til biskop, og ser ut til å ha vorte prega meir av biskopane sine personlege preferansar enn av eit kyrkjeleg program for å sikre bispeseta sine rettar, må ha oppstått som vinglete ovanfor klostera. At økonomiske privilegium vart donert vekk av ein biskop for så å verte drege attende av den neste opna nødvendigvis for forvirring og konflikt

Korleis gjorde så verdslege stormenn seg gjeldande i konfliktane mellom biskopar og kloster? Verken klostera eller biskopen var åleine i konfliktane, og det er tydeleg at begge partar fekk støtte frå verdslege stormenn. At klostera hadde støttespelarar utanfor klostermurane førte ofte til at biskopane måtte kjempe ein dobbel kamp då dei også måtte ta stilling til klostera sin familie- og omgangskrins. Desse stormennene var av landet sine fremste menn, mellom anna var det sterke band mellom lagmannen Sigurðr Guðmundrson si slekt og Möðruvellir. Det er interessant at dei verdslege stormennene som kan knytast til klostera også kan knytast til tiendkonfliktane eg diskuterte i førre kapittel. Dette viser at det i Hólar fanst ein krins av særskild mektige menn som saman forsvara sine interesser ovanfor biskopen, også på tvers av klostermurane.

Biskopane stod likevel ikkje heilt åleine mot denne krinsen av verdslege stormenn. Wærdahl har påpeika at ei av oppgåvene til kongen sine menn på Island var å støtte geistlege i ulike saker. Dette kjem godt fram i konfliktane då ein kongeleg representant sitt nærvær truleg var med på å avgjere utfallet. Ofte var det viktig for biskopane å ha væpna støtte i konfliktar med kloster, då det ser ut til at klosterane fekk støtte av verdslege stormenn med væpna følgje. Det kom likevel sjeldan til vald når kongen sine menn tok del i klosterkonfliktar, maktdemonstrasjonen var nok. Sjølv om mange av biskopane ser ut til å ha vore avhengig av kongelege embetsmenn si støtte, ser det ut til at somme hadde eigne væpna følgje.

I dette kapitlet har eg vist at det var eit flytande skilje mellom verdsleg og geistleg sfære på lokalplan. Medan verdslege stormenn hadde ein fot innanfor klosterane, både ved å ha jamn kontakt med venar og familie i tillegg til at dei deltok på felles gjestebod, reid biskopane rundt i landet med væpna følgje som andre stormenn. For biskopane på Island var det derfor viktig å kome godt overeins både med geistlege og verdslege stormenn for å kunne øve kontroll over klosterane i bispedømet sitt, då det ser ut til at det ofte var eksterne faktorar heller enn interne som avgjorde konfliktane i kyrkja. John Eldevik argumenterar for at ein viktig reiskap for biskopen i sitt styre av bispedømet var nettopp å kunne dele ut og trekkje attende økonomiske privilegium som til dømes tienda.<sup>371</sup> Det eg har vist i biskopane på Island sitt tilfelle er at dei ikkje alltid hadde autoritet nok ovanfor klosterleiinga til å øve ein slik kontroll over bispesetet sine ressursar. For at ein biskop effektivt skulle kunne øve kontroll over lokale kyrkjelege institusjonar visar Eldevik til viktigheita av ei evne til å samarbeide med dei familiane og personane som dominerte den lokale økonomien og var leiande i lokalsamfunnet. Også i undersøkinga mi har eg vist at det først og fremst var biskopar som kom på kant med dei lokale stormennene som hamna i dei største konfliktane. At det dessutan ser ut til å ha vore kongen sine menn som gjerne utgjorde utfallet i konfliktar med sitt reine nærvær, tydar på at desse hadde ei sentral rolle ved konfliktløysing, men også at dei hadde stor kontroll over embetsgjerninga til dei enkelte biskopane.

---

<sup>371</sup> Eldevik 2012: 28.



## 6. Årsaker til konflikt i kjølvatnet av *staðamál*

Mi undersøking av konfliktar mellom biskopar og folkesetnaden på Island har vist at verdslege stormenn i stor grad fortsette å øve kontroll over både kyrkjer og kloster gjennom heile første halvdel av 1300-talet. Dette gjorde dei ved å setje seg opp mot biskopane sine krav, ved at dei deltok i konfliktar som gjaldt kyrkja si innkome på eigne, dei fattige og klosterane sine vegne.

På grunn av fokuset på forholdet mellom kyrkje- og kongemakt i tidlegare historieskriving har biskopane på Island ofte vorte undersøkt i forhold til erkesetet i Nidaros og kongemakta i Noreg. For å bidra med ein ny innfallsvinkel til konsekvensane av det kyrkjelege reformarbeidet på Island, har eg i tråd med nyare internasjonal forskning valt å vende blikket innover i bispedømet og undersøke biskopane innanfor ramma av lokalmiljøet sin økonomiske og sosiale struktur. Det meste av forskinga på islandsk kyrkjehistorie omhandlar tida fram til 1300, og følgjer dermed tidsmessig det tradisjonelle fokuset innanfor historieforskinga på Island. Sidan *staðamál* og tida fram til Sættargjerda på Avaldsnes i 1297 har vore objekt for fleire undersøkingar, har eg valt å undersøkje konsekvensane av denne strida utover 1300-talet, ved å undersøkje konfliktane som oppstod i kjølvatnet av *staðamál*.

Var så biskopane sin fødestad ei årsak til konflikt mellom biskopar og folkesetnaden på Island på 1300-talet? Tidlegare forskning har med utgangspunkt i *Laurentius saga biskups* og nokre få andre kjelder hevda at det fanst ein motstand til norske biskopar som vart valt til bispeseta på Island etter at erkesetet overtok valretten i 1238. Eg meiner det er viktig å skilje mellom eit ønske om å ha ein islending på bispestolen og eit ønske om sjølv å halde valretten over bispeseta. Årsaka til at islendingane skal ha ønskt seg islandske biskopar, og som har vorte dregen fram i historieskrivinga, er at norske biskopar ikkje hadde kjennskap til lokale forhold. Eg meiner derimot at også norske biskopar hadde gode føresetnadar for kjennskap til lokale forhold på Island. Nyvigsla biskopar som vart sendt til Island fekk truleg ei god innføring frå erkesetet om korleis forholda var på Island. Erkesetet var ofte i kontakt med islandske geistlege, og må på grunnlag av den kunnskapen dei hadde valt dei biskopane til bispeseta som dei fann best skikka. Ei lang karriere innanfor Nidaroskyrkja var ein fellesnemnar for biskopane som vart valde, men ei lang karriere innanfor kyrkja var likevel ikkje nødvendigvis det viktigaste kriteriet for islendingane.

Var så motstridande ideal hjå islendingane og erkesetet ein årsak til konflikt? Ved å ta utgangspunkt i *Hungrvaka* og *Laurentius saga biskups* har eg vist at det truleg var viktig for islendingane å ha ein biskop som kunne skape fred, styrke bispesetet sin økonomi og prestisje,

som var kunnskapsrik og som var ein del av den verdslege maktstrukturen og som hadde forstand på verdslege forhold. Med tanke på det kyrkjelege reformarbeidet og *staðamál* som hadde prega konfliktbiletet på slutten av 1200-talet, er det truleg at erkesetet valde biskopar med ei lang karriere innanfor kyrkja for å fortsette å fremje reformarbeidet i landet, medan islendingane ønskte ein biskop som sørgde for fred og som ikkje i for stor grad utfordra verdslege stormenn sin kontroll ovanfor kyrkja.

Eit sentralt konflikttema mellom biskopar og verdslege stormenn under *staðamál* var konfliktar knytt til tiendlovgjeving og tiendbetaling, og begge desse typene konfliktar fortsette utover 1300-talet. Kyrkja strevde gjennom heile perioden med å få gjennomslag for *Kristinréttir Árna Þorlákssonar* som betre sikra kyrkja sine interesser, både når det gjaldt fattig-, preste- og kyrkjetienda. Islendingane valde å halde seg til, og å fremje, den eldre kristenretten *Kristina laga þáttir*, eller *Jónsbók* i dei tilfella denne overlappa den nye kristendomsretten, då desse betre samsvara med deira interesser. Eg sa innleiingsvis at konfliktar kring tiendlovgjevinga og tiendbetaling kunne fungere som ein indikator på kva veg maktbalansen mellom biskopane og dei verdslege stormennene vippa. Det faktumet at biskopane gong på gong måtte gje tapt ovanfor dei verdslege stormennene, viser dermed at dei verdslege stormennene framleis øvde stor kontroll over kyrkja i økonomiske spørsmål. I 1354 vart *Kristinréttir Árna Þorlákssonar* lovteken i Hólar, og gav kyrkja råderetten over fattigtienda, samt over preste- og kyrkjetienda frá bondekyrkjene. Fire år etter vart Sættargjerda frá Avaldsnes stadfesta på ny i Skálholt, og råderetten på ny innskrenka til å gjelde berre stadane. Sjølv om det samstundes vart vedteke at kyrkjebonden skulle føre rekneskap over kyrkjene og innkoma frá dei, er det mogleg at verdslege stormenn også etter 1358 øvde stor kontroll over kyrkja.

Det har vore argumentert for at den økonomiske gevinsten som følgde med kontrollen over tienda var liten. Handla konfliktane kring tienda utelukkande om økonomiske interesser? Mykje tyder på at stormennene som stod i front for konfliktane kring fattigtienda hadde ei leiande stilling innanfor reppen. Biskopane sine forsøk på å skaffe seg kontroll over denne kan ha vore eit forsøk på å overføre noko av autoriteten som følgde med å vere den personen som delte ut menneske sitt levebrød, frá dei verdslege stormennene til seg sjølv. På same måte kan konfliktane kring tienda generelt sjåast som ein dragkamp mellom dei to samfunnsmaktene. Sidan tienda var ei kyrkjeleg innkome var det viktig for biskopane å kontrollere denne for å understreke sin posisjon som den øvste leiaren i bispedømet. For dei verdslege stormennene var kontrollen over tienda eit statussymbol og etter Sættargjerda på

Avaldsnes var dei truleg lite villige til å gje frå seg ei innkome som skulle kontrollerast av kyrkja sin øvste leiar.

Det var likevel ikkje berre i konflikhtar mellom biskopane og dei verdslege stormennene sjølve, at sistnemnde gjorde seg gjeldande. Dei var også til stades i konflikhtar mellom biskopane og ulike kloster. På kva måte kan desse konfliktane seie noko om biskopar og verdslege stormenn sin innverknad i kloster? Biskop Jörundr som handterte konfliktane på same måte som han hadde handtert *staðamál* ser ut til å ha hatt stor innverknad på kloster, medan biskopane Audun og Laurentius som handterte konfliktane meir likt biskop Árni hadde gjort under *staðamál* hamna i konflikhtar. Det ser likevel ut til at dei som hadde størst innverknad i konfliktane mellom biskopen og kloster var dei verdslege stormennene. På kva måte gjorde desse seg gjeldande i konfliktane? Det var nære band mellom kloster og stormennene i lokalsamfunnet. I konfliktsituasjonar stilte stormenn opp og forsvara kloster si sak. Biskopane var i stor grad avhengig av å ha egne støttespelarar innanfor det leiande sjiktet i landet for å vinne fram i konflikhtar, og det ser ut til å ha vore kongen sine menn som støtta opp om biskopane. Biskopane hadde altså ikkje alltid sjølve autoritet nok ovanfor klosterleiinga til å løyse opp i konflikhtar på eiga hand, og i slike tilfelle var det viktig å ha evna til å samarbeide med og sikre seg støtte frå verdslege stormenn i lokalmiljøet.

Sjølv om denne undersøkinga på langt nær gjev et heilskapleg bilete av dei verdslege stormennene sin påverknad på kyrkja på Island, gjev ho eit innblikk i graden av kontroll verdslege stormenn framleis hadde over den islandske kyrkja og kyrkja si innkome utover 1300-talet, og korleis dei heldt dette grepet. Sættargjerda på Avaldsnes i 1297 var ein av mange avtalar mellom kyrkja og dei verdslege stormennene som vart inngått som ein konsekvens av det kyrkjelege reformarbeidet, men også ein av fleire avtalar som vart brote ved gjentekne høve. Ved å undersøkje konfliktane på lokalplan har eg ikkje berre vist dei økonomiske sidene ved konfliktane, men også dei sosialpolitiske.

Ifølgje John Eldevik var det viktig for biskopane å sikre seg kontroll over kyrkjeleg innkome for å understreke si stilling som bispedømet sin øvste leiar ovanfor ulike institusjonar og leiande grupperingar.<sup>372</sup> Viktigheita av å legitimere biskopen sin posisjon, og gjere denne gjeldande også utover den enkelte biskopen si embetstid, må ha vore kritisk for biskopane på Island. I motsetnad til dei verdslege stormennene som kunne vise til ein kontinuerlig sterk posisjon innanfor kyrkja gjennom fleire generasjonar, mangla biskopane ofte denne typen legitimering i sedvanen. Dette kjem av at bispesetet som institusjon ikkje

---

<sup>372</sup> John Eldevik 2012: 16-17.

hadde fastspikra krava sine enda, noko som skapte rom for islendingane til å vise til rettane dei hadde hatt gjennom lengre tid. Når islendingane ved fleire høve viser til sedvanen under konfliktane understrekar dei bispesetet si framleis dels udefinerte stilling som ein institusjon fri frå det verdslege grepet. Denne udefinerte posisjonen ser ut til å ha skapt utryggje og forvirring ved bispeskifte, ettersom det gjerne var ved bispeskifte at konfliktar vart utløyst. Til dømes braut det ut store konfliktar både etter at Audun raude sette seg på bispestolen og også i Laurentius Kálfsson, Orm Aslaksson og Jón Sigurdsson sine tilfelle. Kan dette kome av at tidlegare biskopar hadde gjeve lekmenn og kloster større økonomiske privilegium enn kva seinare biskopar sjølve var villige til å gje? Om dette er tilfelle understrekar det kor viktig det var for kyrkja å sikre biskopen sin posisjon ein gong for alle, slik at bispeskifta ikkje skapte moglegheiter for den verdslege kontrollen til å vekse eller minke ut i frå biskopen sine personlege eigenskapar og preferansar.

Ein skal ikkje undergrave den menneskelege faktoren i denne typen konfliktar, då personlege preferansar kan ha vore avgjerande. Konfliktane som utspelte seg har gjeve inntrykk av at det gjerne var biskopar med sterke personlegdomar som i størst grad kravde kyrkjeleg lausriving frå verdsleg kontroll. Det beste dømet er biskop Audun raude i Hólar som kom til Island og sette fram reformkrav på rad og rekkje. Biskopar som var meir diplomatiske og som kanskje også var meir villig til å dele 'det episkopale herredømet' med verdslege stormenn hamna ikkje i same grad i konfliktar.

I denne undersøkinga har eg så vidt vore innoom ein tematikk som fortener mykje større merksemd enn kva det er rom for i ei masteroppgåve. Eg har valt å fokusere på konfliktar mellom biskopar, kloster og verdslege stormenn i første halvdel av 1300-talet for å gje eit nytt innblikk i konsekvensane av *staðamál*, men dette er berre ei av mange moglege vinklingar. Ei interessant undersøking vil vere å sjå nærare på dei mange måldagane som finst for perioden, og gjere ei undersøking av eigedomsforhold. Til dømes jorrdonasjonar frå verdslege stormenn kan fortelje mykje om forholdet mellom verdslege stormenn og geistlege institusjonar. Eit anna interessant studie ville vore å sjå nærare på venskapsband mellom dei ulike aktørane på lokalplan for å få eit betre innblikk i den politiske maktstrukturen i landet. Vidare ville det vore interessant å følgje utviklinga enda lengre fram i tid, og undersøkje graden av verdsleg kontroll i perioden då pavevalde biskopar sat på dei islandske bispeseta. Med mi undersøking håpar eg likevel at eg har gjort eit bidrag til auka forståing av konsekvensane av kyrkja sitt reformarbeid på Island, og for viktigheita av å undersøkje også politiske storhendingar på lokalplan.

## Bibliografi

### **Kjelder**

*Biskop Arnes saga* (Asb), Gunhild og Magnús Stefánsson, Oslo 2007

*Diplomatarium Islandicum, Islenskt fornbréfasafn I-V* (DI), Jón Sigurðsson, Jón Þorkelsson mfl., København og Reykjavík 1857-1902

*Diplomatarium Norvegicum I-IX* (DN), C.C.A Lunge, C. R. Unger og H. J. Huitfeld-Kaas, Christiania og Oslo 1851-1878

*Grágás – Lagasafn íslenska þjóðveldisins* (Gg), Gunnar Karlsson, Kristján Sveinsson, Mörður Árnason, Reykjavík 2001

*Historien om biskop Laurentius på Holar*, Jørgen H. Jørgensen, Odense 1982

*Islandske Annaler indtil 1578* (IA), Gustav Storm, Christiania 1888

*Jónsbók – Lögbók Íslendinga* (Jb), Már Jónsson, Reykjavík 2004

*Kristinréttir Árna Þorlákssonar* (KÁÐ), Haraldur Bernharðsson, Magnús Lyngdal Magnússon, Már Jónsson, Reykjavík 2005

*Laurentius saga biskups* (Lsb), Árni Björnsson, Reykjavík 1969

### **Oppslagsverk**

*Íslensk – ensk orðabók*, Svarar Sigmundson, Sverrir Hólmarrson, Christopher Sanders og John Tucker, Reykjavík 2009

*Íslenskar ártíðaskrár eða Obituaría Islandica*, Jón Þorkelsson, København 1893-1896

*Íslenskar æviskrár. Frá Landnámstímum til ársloka 1940 I-V*, Páll Eggert Ólason, Reykjavík 1948-1952

*Samlagets norrøn ordbok*, Leiv Heggstad, Finn Hødnebo og Erik Simensen, Oslo 2004

### **Litteratur**

Bagge, Sverre: ”Den heroiske tid – Kirkereform og kirkekamp 1153-1214” i S. Imsen (red.) *Ecclesia Nidrosiensis 1153-1537. Søkelys på Nidaroskirkens og Nidarosprovinsens historie*, Trondheim 2003

Bagge, Sverre: *Europa tar form. År 300 til 1350*, Oslo 2004

Beistad, Heidi Anett Øvergård: *Kirkens frihet. Biskop Arne Torlaksson som Islands reformator*, masteroppgåve i historie, Trondheim 2008

Beistad, Heidi Anett Øvergård: "Election and rejection- the Norwegian 'seizure' of the Icelandic bishoprics in 1237-39" upublisert

Benedikt Eypórssón: "History of the Icelandic Church 1000-1300. Status of Research." i Helgi Þorláksson (red.) *Church Centres in Iceland from the 11<sup>th</sup> to the 13<sup>th</sup> Century and their Parallels in other Countries*, Reykholt 2005

Björn Lárusson: "*The old Icelandic land registrars*", Lund 1967

Björn Þorsteinsson og Sigurður Líndal: "Lögfesting konungvalds" i Sigurður Líndal (red.) *Saga Íslands III*, Reykjavík 1978

Bull, Edvard: "Audun Torbergsson Raude" i Edv. Bull, A. Krogvig og Gerhard Gran *Norsk biografisk leksikon bind I Aabel-Bjørnson*, Kristiania 1923

Eldevik, John: "Driving the Chariot of the Lord: Siegfried I of Mainz (1060-1084) and Episcopal Identity in an Age of Transition" i J. S. Ott og A. T. Jones (red.) *The Bishop Reformed. Studies of Episcopal Power and Culture in the Central Middle Ages*, Cornwall 2007

Eldevik, John: *Bishops in the Medieval World: New Perspectives on the Church, State and Episcopal Office*, i *History Compass* 9/10 2011: 776-790

Eldevik, John: *Episcopal Power and Ecclesiastical Reform in the German Empire. Tithes, Lordship, and Community, 950-1150*, Cambridge 2012

Grane, Leif: *Kirken i den europæiske middelalder*, København 1999

Guðrún Ása Grímsdóttir, *Biskupa sögur III*, Reykjavík 1998

Gunnar F. Guðmundsson: *Íslenskt samfélag og rómakirkja, Kristni á Íslandi, II*, Reykjavík 2000

Gunnar Karlsson: *Iceland's 1100 Years. The History of a Marginal Society*, London 2000

Gunnar Kristjánsson (red.) *Saga biskupsstólanna. Skálholt 950 ára – 2006 – Hólar 900 ára*, Hólar 2006

Gunnes, Erik: *Klosterliv i vesten. Augustins regel – Benedikts regel*, Oslo 1986

Hamre, Anne Marit: "Visitasen" i S. Imsen (red.) *Ecclesia Nidrosiensis 1153-1537. Søkelys på Nidaroskirkens og Nidarosprovinsens historie*, Trondheim 2003

Hamre, Lars: "Tiend, Noreg" i *KLNM XVIII* 1974

Hamre, Lars: "Striden mellom erkebiskop Jørund og domkapitlet i Nidaros" i S. Imsen (red.) *Ecclesia Nidrosiensis 1153-1537. Søkelys på Nidaroskirkens og Nidarosprovinsens historie*, Trondheim 2003

Hansen, Lars Ivar: "Trondenes kannikgjeld" i S. Imsen (red.) *Ecclesia Nidrosiensis 1153-1537. Søkelys på Nidaroskirkens og Nidarosprovinsens historie.*", Trondheim 2003

Haug, Eldbjørg: "The icelandic annals as historical sources", *Scandinavian Journal of History*, 22: 4, s. 263-274

Haug, Eldbjørg: "Konkordat-Konflikt-Privilegium. Sættargjerdene som indikator på forholdet stat-kyrkje fra Magnus Lagabøter til Christian I (1273-1458)" begge i S. Imsen (red.) *Ecclesia Nidrosiensis 1153-1537. Søkelys på Nidaroskirkens og Nidarosprovinsens historie*, Trondheim 2003

Helgi Þorláksson: "Historisk innledning" i Lilja Árnadóttir og Ketil Kiran (red.) *Kirkja ok kirkjuskruð. Kirker og kirkekunst på Island og i Norge i middelalderen*, Norsk institutt for kulturminneforskning og Þjóðminjasafn Íslands 1997

Helgi Þorláksson (red.): *Church Centres. Church Centres in Iceland from the 11<sup>th</sup> to the 13<sup>th</sup> Century and their Parallels in other Countries*, Reykholt 2005

Helgi Þorláksson: "Succumbing secular chiefs. On secular chiefs in Iceland, their loss of ground to the church, c. 1270 to 1350, and it's impact", i S. Imsen (red.) "'Ecclesia Nidrosiensis" and "Noregs veldi"'. The role of the church in the making of the Norwegian dominion in the Middle Ages", manuskript, publiserast i 2012/13

Helle, Knut: "Under kirke og kongemakt 1130-1350" bind 3 av *Aschehougs Noregs historie*, Oslo 1995

Hommedal, Solrun: *Dom og dommere. En undersøkelse av offisiellembetet i Norge og på Island 1290-1458*, masteroppgåve i historie, Trondheim 2010

Hroch, Miroslav: "Europeisk nasjonalhistorie" i Ø. Sørensen (red.) *Jakten på det norske. Perspektiver på utviklingen av en norsk nasjonal identitet på 1800-tallet*, Oslo 2001

Imsen, Steinar (red.): *Ecclesia Nidrosiensis 1153-1537. Søkelys på Nidaroskirkens og Nidarosprovinsens historie*, Trondheim 2003

Janus Jónsson: *Um klausrin á Íslandi*, Ljósprentun úr Tímariti Hins íslenska bókmenntafélags 8. árgangi 1887, Reykjavík 1980

Johansen, Arne Odd: "Fra den eldste tid til 1252" i A. Fjellbu (red.) *Nidaros erkebispestol og bispesete 1153-1953*, Oslo 1955

Jón Helgason: *Íslands kirke fra dens Grundlæggelse til Reformationen*, København 1925

Jón Jóhannesson: *Íslendinga saga I. Þjóðveldisöld*, Almenna bókafélagið 1956

Jón Jóhannesson: *Íslendinga saga II. Fyrirlestrar og ritgerðir um tímabilið 1262-1550*, Almenna Bókfélagið 1958

Jón Jóhannesson: *Íslands historie*, oversatt av Hallvard Magerøy, Bergen 1969



Jón Viðar Sigurðsson: ”Tendencies in the Historiography on the Medieval Nordic States (to 1350)”, tilgjengeleg på <http://www.clio.world.net/onlread/5/28.pdf>, sist besøkt 10.11.12: 5.

Jón Viðar Sigurðsson: *Goder og maktforhold på Island i fristatstiden*, Bergen 1993

Jón Viðar Sigurðsson: ”The Icelandic Aristocracy after the Fall of the Free State” i *Scandinavian Journal of History* Vol. 20 1995

Jón Viðar Sigurðsson: ”Island og Nidaros” i S. Imsen (red.) *Ecclesia Nidrosiensis 1153-1537. Søkelys på Nidaroskirkens og Nidarosprovinsens historie*, Trondheim 2003a

Jón Viðar Sigurðsson: “Iceland and Niðarós c. 1152-1300” i F. Wagle (red.) *Kirkens skip på norrønt hav. The Church sailing in Norse waters*, Trondheim 2003b

Jón Viðar Sigurðsson: *Kristninga i Norden 750-1200*, Oslo 2003c

Jón Viðar Sigurðsson, ”Noen hovedtrekk i diskusjonen om det islandske middelaldersamfunn etter 1970” i *Collegium Medievale* vol. 18 2005a: 106-143

Jón Viðar Sigurðsson: ”Islandske storkirker før 1300” i Helgi Þorláksson (red.) *Church Centres. Church Centres in Iceland from the 11th to the 13th Century and their Parallels in other Countries*, Reykholt 2005b

Jón Viðar Sigurðsson: *Det norrøne samfunnet. Vikingen, kongen, erkebiskopen og bonden*, Oslo 2008

Jón Viðar Sigurðsson: *Den vennlige vikingen. Vennskapets makt i Norge og på Island ca. 900-1300*, Oslo 2010

Jørgensen, Jørgen H.: *Historien om biskop Laurentus på Holar*, Odense 1982

Kolsrud, Oluf: ”Den norske Kirkes Erkebiskoper og Biskoper indtil Reformationen”, tillegg til *Diplomatarium Norvegicum* syttende samling, Christiania 1913

Kolsrud, Oluf: *Noregs kyrkjesoga I. Milliomalderen*, Oslo 1958

Lange, C.C.A.: *De norske Klostres Historie*, Christiania 1856

Magnús Már Lárusson, "Beneficium, Island" KLNMI, 1956

Magnús Már Lárusson: "Hreppr", KLNMI 1962

Magnús Már Lárusson: "Laurentius saga", KLNMI 1965

Magnús Már Lárusson: "Máldagi", KLNMI 1966

Magnús Stefánsson, "Tiend, Island", KLNMI 1974

Magnús Stefánsson: "Frá goðakirkju til biskupskirkju" i Sigurður Línadal (red.) *Saga Íslands III*, Reykjavík 1978

Magnús Stefánsson: *Staðir og staðamál. Studier i islandske egenkirkelige og beneficialrettslige forhold i middelalderen I*, Bergen 2000

Már Jónsson og Patricia Pires Boulhosa: "Tithe and Tribute in Thirteenth-Century Iceland" i S. Imsen (red.) *Taxes, tributes and tributary lands in the making of the Scandinavian kingdoms in the Middle Ages*, Trondheim 2011

Mundal, Else: "Sagalitteraturen" i Odd Einar Haugen (red.) *Handbok i norrøn filologi*, Bergen 2004

Orri Vésteinsson: *The Christianization of Iceland. Priests, power, and social change 1000 – 1300*, Oxford 2000

Ott, John S. og Trumbore, Anna J.: "Introduction. The Bishop Reformed" i J.S. Ott og A.T. Jones (red.) *The Bishop Reformed. Studies of Episcopal Power and Culture in the Central Middle Ages*, Aldershot/Burlington 2007: 1-20

Reuter, Timothy: "A Europe of Bishops. The Age of Wulfstan of York and Burchard of Worms" i L. Körntgen og D. Waßenhoven (red.) *Patterns of Episcopal Power. Bishops in Tenth and Eleventh Century Western Europe*, Berlin/Boston 2011: 17-38

Riisøy, Anne Irene: *Stat og kirke: Rettsutøvelsen i kristenrettssaker mellom Sættargjerden og reformasjonen*, hovudoppgåve i historie, Oslo 2000

Sigurdson, Erika Ruth: *The Church in Fourteenth-Century Iceland. Ecclesiastical Administration, Literacy, and the Formation of an Elite Clerical Identity*, doktorgradsavhandling i mellomalderstudier, Leeds 2011, upublisert

Skórzewska, Joanna A.: *Constructing a Cult. The Life and Veneration of Guðmundr Arason (1161-1237) in the Icelandic Written Sources*, Leiden/Boston 2011

Steinsland, Gro: *Norrøn religion: myter, riter, samfunn*, Oslo 2005

Sverrir Jakobsson: "Strangers in Icelandic Society 1100-1400" i *Viking and Medieval Scandinavia* vol. 3 2007

Udnæs, Marit Roland: *Tro og makt. En studie i godenes bruk av kristne institusjoner og kristen tro i den politiske maktkampen på Island, ca. 1120 til 1262/64*, hovudfagsoppgåve i historie, Oslo 2002

Vilberg, Gro: *Egenkirkesystem og norsk kirkeorganisasjon. En komperativ studie*, hovudoppgåve i historie, Oslo 1977

Wood, Susan: *The Proprietary Church in the Medieval West*, Oxford 2006

Wærdahl, Randi B: *The Incorporation and Integration of the King's Tributary Lands into the Norwegian Realm c. 1195-1397*, Leiden/Boston 2011